



Møteinnkalling

Utval:	Kontrollutvalet i Stord kommune
Møtestad:	Formannskapssalen, Stord rådhus
Dato:	08.09.2020
Tid:	14:00

Dagsplan

Kl. 14.00 – 15.00 Rådmannen er invitert for å orientera i to saker.

Kl. 15.00 – ferdig Øvrige saker

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Hogne Haktorson tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.

Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Hogne Haktorson møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Fredrik Litleskare
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Rådmann

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 5/20	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 6/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 18.05.2020	2020/86	
	Politiske saker		
PS 17/20	Sameige Leirvik Brygge - orientering frå rådmannen	2020/85	
PS 18/20	Årsoppgjeret 2019 - brev til leiinga nr. 3 - orientering frå rådmannen	2019/132	
PS 19/20	Vurdering av om KPMG er uavhengig i høve Stord kommune	2020/171	
PS 20/20	Revisjonsplan 2020 for Stord kommune	2019/132	
PS 21/20	Kurs i regi av KPMG	2019/141	
PS 22/20	Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) - Status om forvaltningsrevisjon	2020/98	
PS 23/20	Forvaltningsrevisjon om plan og byggesakshandsaming - handlingsplan	2019/45	
PS 24/20	Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024.	2019/133	
PS 25/20	Plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024	2019/134	
PS 26/20	Stord kontrollutval sin budsjettsituasjon for 2020	2019/140	
PS 27/20	Budsjett 2021 for kontrollarbeidet i Stord kommune	2019/140	
PS 28/20	Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune	2019/130	
PS 29/20	Eventuelt	2020/89	
	Referatsaker		
RS 10/20	KST 25.06.20 - PS 39_20 Budsjettrevisjon 1. tertial 2020 - saksprotokoll	2019/132	
RS 11/20	KST 25.06.20 - PS 40_20 Årsrekneskap og årsmelding 2019 Stord kommune - saksprotokoll	2019/132	
RS 12/20	KST 25.06.20 - PS 41_20 Årsrekneskap 2019 Stord hamnestell - saksprotokoll	2019/132	
RS 13/20	KST 25.06.20 - PS 42_20 Kontrollutvalet årsmelding 2019 - saksprotokoll	2019/132	
RS 14/20	Svar frå departementet til FKT om fjernmøte i kommunane	2019/13	
	Politiske saker		
PS 30/20	Ekstern revisor ny konkurranse - Fullmakt til kontrollutvalet	2014/302	

Godkjenningssaker

GK 5/20 Godkjenning av innkalling og sakliste



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr: 2020/86-12

Saksbehandlar: Hogne Haktorsen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	6/20	08.09.2020

Godkjenning av møteprotokoll frå møte 18.05.2020

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 18.05.2020 er lagt ved saka.



Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet i Stord kommune
Møtestad:	kommunestyresalen, Stord rådhus
Dato:	18.05.2020
Tid:	14:00 - 18.00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Fredrik Litleskare	Leiar	H
Stian Djuvsland	Nestleiar	FRP
Astrid-Cecilie F. Aleksandersen	Medlem	AP
Tore Jubskås	Medlem	SP

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Rigmor Svanberg	Medlem	FRP

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Peggy Husevik Bærøy	Rigmor Svanberg	FRP

Merknader

Stian Djuvsland, Bjørg Rabbe Sandven og Magnus Heggen deltok via Teams (fjernmøte)

Andre som møtte:

Namn	Stilling
Hogne Haktorson	Kontrollsjef Vestland fylkeskommune, Sekret. for kontr.utv.
Jakob Bjelland	Fungerande ordførar, sak PS 11/20 - PS 12/20
Magnus Mjør	Rådmann, sak PS 8/20 - PS 10/20
Hege Etterlid	Økonomisjef, sak PS 8/20 - PS 10/20
Inge Espenes	Einingsleiar, sak PS 8/20.
Willy Hauge	Partner i KPMG tom. sak PS 15/20, samt sak RS 7/20
Bjørg Rabbe Sandven	Forvaltningsrevisor KPMG, sak PS 11/20 - PS 13/20
Magnus Heggen	Forvaltningsrevisor KPMG, sak PS 11/20 - PS 13/20

Fredrik Litleskare
utvalsleiar

Hogne Haktorson
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
Godkjenningssaker			
GK 3/20	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 4/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 11.03.2020	2020/86	
Politiske saker			
PS 8/20	Årsrekneskap for Stord hamnestell for 2019 - Uttale frå kontrollutvalet	2019/132	
PS 9/20	Årsrekneskap Stord kommune for 2019 - Uttale frå kontrollutvalet	2019/132	
PS 10/20	Rådmannen orienterer om budsjettbrev 2020 frå fylkesmannen	2019/132	
PS 11/20	Analyse og plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024 - workshop	2019/133	
PS 12/20	Analyse og plan for eigarskapskontroll 2020-2024 - workshop	2019/134	
PS 13/20	Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) - felles forvaltningsrevisjon	2020/98	
PS 14/20	Årsmelding 2019 for Stord kontrollutval	2020/148	
PS 15/20	Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune	2019/130	
PS 16/20	Eventuelt	2020/89	
Referatsaker			
RS 7/20	Stord og Austevoll kommune - skifte av ansvarlig forvaltningsrevisor	2014/302	
RS 8/20	Kontrollrapport 2019 vedrørende skatteoppkreverfunksjonen for Stord kommune	2016/55	
RS 9/20	FKT - medlemsinformasjon mai 2020	2019/13	

Godkjenningssaker

GK 3/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i 18.05.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent.

GK 4/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 11.03.2020

Saksprotokoll i 18.05.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram merknader til protokoll frå møte 11.03.20.

Vedtak

Protokoll frå møte 11.03.20. vart godkjent.

Politiske saker

PS 8/20 Årsrekneskap for Stord hamnestell for 2019 - Uttale frå kontrollutvalet

Forslag til uttale

1. Kontrollutvalet støttar seg til KPMG sin uttale om den økonomiske situasjonen for Stord hamnestell for året 2019, og har ikkje øvrige merknader til denne enn dei som er omtalt i saksframlegget.
2. Uttalen vert send kommunestyret via formannskapet

Saksprotokoll i 18.05.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Einingsleiar Inge Espenes orienterte innleiingsvis om rekneskapen. Rådmann Magnus Mjør og økonomisjef Hege Etterlid supplerte.

Partner Willy Hauge i KPMG fortalde at det var levert ei «rein» revisjonsmelding, men at:

- Det er selt driftsmidlar for kr. 200.000 som ikkje er teken ut av balansen. Det er ein svakheit i rutinen som er omtalt i brevform. Dette vil bli retta opp i årsrekneskapen for 2020.

Kontrollutvalet merka seg informasjonen frå administrasjonen og merknaden frå revisor

Administrasjonen opplyste elles om at uttalen skal vidare til utval for plan og utvikling. Det vert justert i pkt. 2 av uttalen.

Forslag til uttale, med nemnte redigering i pkt. 2, vart samrøystes vedteke.

Uttale

1. Kontrollutvalet støttar seg til KPMG sin uttale om den økonomiske situasjonen for Stord hamnestell for året 2019, og har ikkje øvrige merknader til denne enn dei som er omtalt i saksframlegget.
2. Uttalen vert send kommunestyret via utval for plan og utvikling.

PS 9/20 Årsrekneskap Stord kommune for 2019 - Uttale frå kontrollutvalet

Forslag til uttale

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Stord kommune sin årsrekneskap for 2019.
2. På bakgrunn av det som kjem fram i «Årsoppgjer 2019 - brev til leiinga nr. 3» frå KPMG, ber kontrollutvalet om at rådmannen kjem i møte 02.09.2020. for å gjera greie for kva som er / vil bli gjort i forhold til tilrådingane i rapporten.

Saksprotokoll i 18.05.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Rådmann Magnus Mjør orienterte innleiingsvis om rekneskapen. Økonomisjef Hege Etterlid supplerte. Rådmannen var bl.a. innom dette:

- Rekneskapsresultat på kr. 36,6 million er eit godt resultat, monaleg betre enn fjoråret og omlag kr. 30 mill. betre enn budsjettet.
- Einingar har hatt god budsjett disiplin.
- Ein god del rettighetsbaserte tenester.
- Positiv utvikling av sjukefråværet.

Partner Willy Hauge i KPMG fortalte at det var levert ei «rein» revisjonsmelding. Han opplyste og om funn som går fram av vedlagt revisorbrev. Vidare opplyste han om at det kjem opp skriv om forenkla etterlevingskontroll til neste utvalsmøte. Formalisering av dette er noko nytt, som kom til i kommunelova av 2018.

Kontrollutvalet hadde mellom anna spørsmål relatert til:

- Sjukefråværet.
 - Her var det ein god dialog med rådmannen
- Vatn og avlaup. Låner ein opp meir enn ein får brukt?
 - Rådmannen formidla at budsjettet skal vera realistisk.
 - Det vart opplyst om at det vert arbeidd med hovudplan for vatn og avlaup, og det ein blir gjort merksam på herunder kan ein sjå på då.
- Høg lånegjeld.
 - Rådmannen opplyste om samanhengen mellom bl.a. investeringar og ulike økonomiske måltal.

Kontrollutvalsleiaren gjekk avslutningsvis gjennom oppsummeringa i kontrollutvalet sin uttale.

Forslag til uttale vart samrøystes vedteke.

Uttale

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Stord kommune sin årsrekneskap for 2019.
2. På bakgrunn av det som kjem fram i «Årsoppgjær 2019 - brev til leiinga nr. 3» frå KPMG, ber kontrollutvalet om at rådmannen kjem i møte 02.09.2020. for å gjera greie for kva som er / vil bli gjort i forhold til tilrådingane i rapporten.

PS 10/20 Rådmannen orienterer om budsjettbrev 2020 frå fylkesmannen

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Saksprotokoll i 18.05.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Rådmann Magnus Mjør orienterte om vurderingar relatert til innhaldet i fylkesmannen sitt budsjettbrev 2020 til Stord kommune. Økonomisjef Hege Etterlid var og til stades.

Det var ein god dialog mellom rådmannen og utvalet, på eit vis i forlenginga av det som kom fram i saka om årsrekneskapen for Stord kommune i same møte.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

PS 11/20 Analyse og plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024 - workshop

Forslag til vedtak

1. KPMG vert beden om å korrigera utkast til risiko- og vesentlegvurdering, samt utkast til plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024, ut frå drøftinga i møtet.
2. Dokumenta vert å senda til sekretariatet innan _____
3. I neste møte legg kontrollutvalet opp til å innstilla overfor kommunestyret vedr. plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024.

Saksprotokoll i 18.05.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor Bjørg Rabbe Sandven fasiliterte prosessen i møtet, medan forvaltningsrevisor Magnus Heggen tok notatar.

Kontrollutvalet drøfta prioriteringar blant aktuelle prosjekt.

Vedtak i saka, inkl. dato 15.06.20 i pkt. 2, var samrøystes.

Vedtak

1. KPMG vert beden om å korrigera utkast til risiko- og vesentlegvurdering, samt utkast til plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024, ut frå drøftinga i møtet.
2. Dokumenta vert å senda til sekretariatet innan 15.06.2020.
3. I neste møte legg kontrollutvalet opp til å innstilla overfor kommunestyret vedr. plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024.

PS 12/20 Analyse og plan for eigarskapskontroll 2020-2024 - workshop

Forslag til vedtak

1. KPMG vert beden om å korrigera utkast til risiko- og vesentlegvurdering, samt utkast til plan for eigarskapskontroll 2020-2024, ut frå drøftinga i møtet.
2. Dokumenta vert å senda til sekretariatet innan _____
3. I neste møte legg kontrollutvalet opp til å innstilla overfor kommunestyret vedr. plan for eigarskapskontroll 2020-2024.

Saksprotokoll i 18.05.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor Bjørg Rabbe Sandven fasiliterte prosessen i møtet, medan forvaltningsrevisor Magnus Heggen tok notatar.

Kontrollutvalet drøfta prioriteringar blant aktuelle prosjekt.

Vedtak i saka, inkl. dato 15.06.20 i pkt. 2, var samrøystes.

Vedtak

1. KPMG vert beden om å korrigera utkast til risiko- og vesentlegvurdering, samt utkast til plan for eigarskapskontroll 2020-2024, ut frå drøftinga i møtet.
2. Dokumenta vert å senda til sekretariatet innan 15.06.2020.
3. I neste møte legg kontrollutvalet opp til å innstilla overfor kommunestyret vedr. plan for eigarskapskontroll 2020-2024.

PS 13/20 Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) - felles forvaltningsrevisjon

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet i Stord kommune vil delta i forvaltningsrevisjon av Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS)
2. Kontrollutvalet i Stord kommune godkjenner ein andel på kr. 74.536 basert på kostnadsdeling blant 6 kommunar, der fastpris utgjer halvparten og innbyggartal halvparten av samla kostnad. I tillegg kan det bli kommunevise utgifter til møte og presentasjon av rapporten
3. Kontrollutvalsleiar i samråd med sekretariatet får fullmakt til å løyva ein høgare sum, dersom det syner seg naudsynt for å få gjennomført forvaltningsrevisjonsprosjektet.
4. Kontrollutvalet tar utgangspunkt i prosjektplanen frå KPMG, og har elles slike innspel til problemstillingar som bør undersøkast: _____
5. Kontrollutvalsleiar i samråd med sekretariatet får fullmakt til å justera problemstillingar, basert på evt. innspel frå dei samarbeidande kommunane.
6. Kontrollutvalet ønskjer at forvaltningsrevisjonsrapport er klar frå KPMG si side, herunder at det som krevst av verifisering og høyring er gjort, innan __.__.2020.

Saksprotokoll i 18.05.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Utvalet var kjent med saka frå førre møte. Sekretariatet orienterte om handsaming i andre samarbeidskommunar.

I pkt. 4 i forslag til vedtak spelte utvalet inn at tal tillitsvalde i intervjurunden vert auka.

I pkt. 6 vart datoen 15.11.2020 sett inn.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

1. Kontrollutvalet i Stord kommune vil delta i forvaltningsrevisjon av Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS)
2. Kontrollutvalet i Stord kommune godkjenner ein andel på kr. 74.536 basert på kostnadsdeling blant 6 kommunar, der fastpris utgjer halvparten og innbyggartal halvparten av samla kostnad. I tillegg kan det bli kommunevise utgifter til møte og presentasjon av rapporten
3. Kontrollutvalsleiar i samråd med sekretariatet får fullmakt til å løyva ein høgare sum, dersom det syner seg naudsynt for å få gjennomført forvaltningsrevisjonsprosjektet.
4. Kontrollutvalet tar utgangspunkt i prosjektplanen frå KPMG, og ber om at tal tillitsvalde i intervjurunden vert auka.

5. Kontrollutvalsleiar i samråd med sekretariatet får fullmakt til å justera problemstillingar, basert på evt. innspel frå dei samarbeidande kommunane.

6. Kontrollutvalet ønskjer at forvaltningsrevisjonsrapport er klar frå KPMG si side, herunder at det som krevst av verifisering og høyring er gjort, innan 15.11.2020.

PS 14/20 Årsmelding 2019 for Stord kontrollutval

Forslag til innstilling

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2019 for kontrollutvalet i Stord kommune.

Saksprotokoll i 18.05.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2019 for kontrollutvalet i Stord kommune.

PS 15/20 Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll i 18.05.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Utvalet var innom fleire tema frå politiske møte. Av størst relevans for kontrollutvalet no er desse to forholda frå kommunestyremøtet 14.05.2020:

Sak PS 21/2020 Plan og byggesakshandsaming - forvaltningsrevisjonsrapport. Dato for å levera handlingsplan vart sett til 01.09.2020.

Sak PS 27/2020 Revidering av politisk reglement og retningsliner. Her vart bl.a. vedteke at *«Reglementet for kontrollutvalet vert sendt kontrollutvalet for å få dette tilpassa etter gjeldane lov. Rådmannen får fullmakt til å innarbeide dette i det politiske reglementet etterpå.»*

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

PS 16/20 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll i 18.05.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Vedr. 1 - Kurs

KPMG skal tilby kurs som del av fastprisen til kommunen. Utvalet var utfordra på å koma med ønske tema. Utvalet ba sekretariatet senda oversikt over ulike tema som blir brukt / tilbydd i kommunane, så kan dei respondera på nokre tema som ein kan forhøyra seg om KPMG kan tilby.

Vedr. 2 - Henvending.

Utvalseiar orienterte om ei henvending (same henvending som var omtala i pkt. 2 under eventuelt i førre møte). På grunnlag av henvendinga sin art, vart møtet samrøystes lukka med heimel i kommunelova § 11-5, 2. ledd, ved handsaming av saka, jmf. Offl. § 13 jmf. forv.l. § 13. Utvalseiar opplyste om kva oppfølging som hadde vore i etterkant, og meinte at ein no kan vera nøgd med oppfølginga som har funne stad.

Vedr. 3 - Henvending.

Utvalseiar orienterte om ei henvending (same henvending som var omtala i pkt. 3 under eventuelt i førre møte). På grunnlag av henvendinga sin art, vart møtet samrøystes lukka med heimel i kommunelova § 11-5, 3. ledd pkt. a, ved handsaming av saka, jmf. Offl. § 13 jmf. forv.l. § 13. Utvalet gav utvalseiar i samråd med sekretariatet fullmakt til å vurdere om henvendinga skulle følgjast vidare opp frå utvalet si side før neste utvalsmøte.

Vedr. 4 - Sameiet Leirvik Brygge - klage på administrativ forvaltning i Stord kommune

Kontrollutvalseiaren orienterte om motteken klage frå Sameiet Leirvik Brygge.

Kontrollutvalet ønskjer skriftleg og munnleg orientering frå rådmannen.

Vedr. 5 - Mindre reguleringsendring - Leirvik del V, Lønningsåsen.

Utvalseiar orienterte om ei henvending relatert til mindre reguleringsendring - Leirvik del V, Lønningsåsen, og meinte saka vil bli handsama av utval for plan og utvikling. Såleis vil kontrollutvalet avventa deira handtering.

Utvalet avgjorde samrøystes å lukka møtet ved handsaming av pkt. 2 og 3.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Vedr. 1 - Kurs

Kontrollutvalet ber om at sekretariatet sender oversikt over ulike kurstema som blir brukt / tilbydd i kommunane, så kan dei respondera på nokre tema som ein kan forhøyra seg om KPMG kan tilby.

Vedr. 2 - Henvending.

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering, og seier seg ferdig med saka.

Vedr. 3 - Henvending.

Kontrollutvalet gav utvalsleiar i samråd med sekretariatet fullmakt til å vurdere om henvendinga skulle følgjast vidare opp frå utvalet si side før neste utvalsmøte.

Vedr. 4 - Sameiet Leirvik Brygge - klage på administrativ forvaltning i Stord kommune

1. Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalet v/ sekretariatet innan 10.08.20 om faktaopplysningar og merknader han har i høve henvendinga frå Sameiet Leirvik Brygge
2. Kontrollutvalet inviterer rådmannen til utvalet sitt møte 02.09.20 for å gje ei munnleg orientering.

Vedr. 5 - Mindre reguleringsendring - Leirvik del V, Lønningsåsen.

Kontrollutvalet vil avventa Utval for plan og utvikling si handtering, før ein vurderar om dette er ei sak ein skal gå nærare inn i.

Referatsaker

RS 7/20 Stord og Austevoll kommune - skifte av ansvarlig forvaltningsrevisor

Saksprotokoll i 18.05.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Partner i KPMG, Willy Hauge, orienterte om personalsituasjonen relatert til forvaltningsrevisjonsarbeid.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vert teken til orientering.

RS 8/20 Kontrollrapport 2019 vedrørende skatteoppkreverfunksjonen for Stord kommune

Saksprotokoll i 18.05.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Sekretariatet opplyste om at skatteoppkrevinga vert statleg i løpet av året. Det var først tenkt frå 01.07.2020. Gjeldande dato no for overføring av ansvaret er 01.11.2020.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vert teken til orientering.

RS 9/20 FKT - medlemsinformasjon mai 2020

Saksprotokoll i 18.05.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Utvalet, i dialog med sekretariatet, konstaterar at:

- FKT sin fagkonferanse 2020 er avlyst.
- FKT sitt årsmøte vert avvikla som fjernmøte 03.06.2020
- FKT sin neste fagkonferanse vert i Ålesund 01.-02.06.2021
- NKRF sin kontrollutvalskonferanse 2021 er utsett frå månadsskiftet jan./feb. 2021 til 21.-22.04.2021

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vert teken til orientering.

Politiske saker

PS 17/20 Sameige Leirvik Brygge - orientering frå rådmannen



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/85-22
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	17/20	08.09.2020

Sameige Leirvik Brygge - orientering frå rådmannen

Forslag til vedtak

Saka er lagt fram utan forslag til vedtak.

Samandrag

Sameige Leirvik Brygge har sendt brev til kontrollutvalet med tittel: «Klage på administrativ forvaltning i Stord kommune». Kontrollutvalet har bede om ei orientering frå rådmannen til utvalet sitt møte i september. Rådmannen har stadfesta at han kan stilla i møtet.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg
1 Sameige Leirvik Brygge - klage av 22.04.20

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Følgjande går fram av protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 18.05.20, sak PS 16/20 Eventuelt, underpunkt 4:

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalsleiaren orienterte om motteken klage frå Sameige Leirvik Brygge.

Kontrollutvalet ønskjer skriftleg og munnleg orientering frå rådmannen.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalet v/ sekretariatet innan 10.08.20 om faktaopplysningar og merknader han har i høve henvendinga frå Sameige Leirvik Brygge
2. Kontrollutvalet inviterer rådmannen til utvalet sitt møte 02.09.20 for å gje ei munnleg orientering.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka med heimel i kommuneloven § 23-2.

Vurderingar og verknader

Nærare om innhaldet i klagen på går fram av vedlagt brev, og er ikkje gjengjeve her i saksframlegget.

Rådmannen mottok først invitasjon 23.05.20 til kontrollutvalet sitt septembermøte. Deretter oppdatert invitasjon i epost av 08.07.20, ettersom kontrollutvalsmøtet måtte endra dato.

Han har stadfesta at han kan møte kontrollutvalet 08.09.20, for å gje orienteringar. Frist for å gje skriftleg svar er utsett to gonger, men er ikkje motteke enno.

- I epost av 23.05.20 vart fristen sett til 10.08.20
 - Kontrollutvalsmøtet vart etter det utsett med ei veke.
- I epost av 08.07.20 vart derfor fristen utsett til 18.08.20
 - Rådmannen svarte m.a slik 10.07.20: «Me tek sikte på å stilla i møte 8.9, men grunna ferieavvikling og sjukemelding er det uvisst om me kan levera skriftleg tilbakemelding på denne saka innan 18.8.»
- I epost av 10.07.20 vart det vist forståing for dette, ved å utsetta fristen til 25.08.20.
 - Seinare kan ikkje sekretariatet sjå å ha motteke noko skriftleg svar eller ny informasjon / henvending om når det kan leverast.

Sameige Leirvik Brygge sin klage ligg ved denne saka.

Konklusjon

Ved handsaming av denne saka, låg det ikkje føre skriftleg svar frå rådmannen, slik kontrollutvalet ønskte. Såleis er det og vanskeleg å gje tilråding i saka på førehand.

Forhåpentlegvis vert skriftleg svar motteke med det første, slik at den kan ettersendast, evt. leggst fram i møtet.

Utvalet får såleis drøfta seg fram til eit vedtak i saka, basert på motteken klage og svaret som vert gjeve av rådmannen.

Sameige Leirvik Brygge

adr.: c/o Vestbo BBL, avd. Stord
Postboks 306 – 5402 Stord

Til Kontrollutvalet
Stord kommune

Klage på administrativ forvaltning i Stord kommune

Sameiget har i mange år, og i brev etter brev, peikt på alvorlege miljøproblem for busette på Nattrutekaien, forårsaka av **brønnbåtar** ved kai. Styret har sendt grunnjevne klager på støy og forureining, brot på *"Lov om folkehelsearbeid"* og *"Forskrift om miljøretta helsevern"* brot på *saksbehandlingsreglane i forvaltningslova, "Lov om helgedagsfred"*, m.m. Klagen har særskilt handla om brønnbåtar som bruker Nattrutekaien ved "heimeligge" kvardagar og heile helger, medrekna dei fleste høgtidsdagar. Dei bruker hjelpemotorar til straumforsyning. Som kjent ligg båtane omlag 10 meter framfor sameiget.

Då Leirvik Brygge blei etablert i 2003 og 2004, hadde utbyggjar pålegg om uterom til kvar bustadeining i form av terrasser. Det er ofte ikkje mogleg å bruka dei etter føremålet på grunn av støy og eksoslukt. Sameiget har i klare ordelag vist til helseretta problem og utfordringar som er knytta til disse båtane. Det handlar m.a. om tap av nattero og søvn, med særskilte konsekvensar for eldre busette som har hjartelidingar og generell svak eller dårlig helse. Støyplagene kan tidvis vera så store at busette må flytta frå soveromma, eller i verste fall røma frå heimen. Eksoslukt kan også vera ei stor plage for dei med astma og allergiproblem.

Det som kanskje har vore den største bøygen i kontakten med Stord kommune, er at sameigarane/busette på Nattrutekaien ikkje blir tekne alvorleg. At kommunen ikkje svarer på brev, ikkje held lovnader, ikkje følgjer lover, føresegner og retningsliner, skaper ikkje stort rom for tillit. Sameiget har derfor sett seg nøydd til å søka råd hos Sivilombodsmannen og Fylkesmannen/fylkeslegen i Vestland. Begge partar har teke kontakt med Stord kommune om sameige sine klagesaker mot kommunen. Fylkesmannen i Vestland har i brev av 24. juni 2019 til Stord kommune oppheva **"Stord kommune si avgjerd om ikkje å fatte pålegg i sak som gjeld klage på støy frå Nattrutekaien, dagsett 25.04.2019, jf. forvaltningslova § 34, jf. § 41."**

Sameiget ha i ettertid ikkje høyrte noko frå kommunen. 21. januar 2020 sendte sameiget brev til Stord kommune med følgjande spørsmål:

- *Har Stord kommune plan(ar) om å følgja opp saka i tråd med plikter etter forvaltningslov og folkehelselov ?*
- *Kva kan Sameiget Leirvik Brygge venta av kommunalt initiativ til betring av miljøtilhøva for nære naboar til kommunal kai ?*

Styret for sameiget ønskjer no at Kontrollutvalet i Stord kommune ser på saksbehandlinga til kommunen heilt frå 2016. Derfor dette brevet. Det følgjende er ei kronologisk dokumentasjon av kommunikasjonen med Stord kommune om støy og forureining frå grønnbåtane ved Nattrutekaien, dei siste 3-4 åra. Ein tek ikkje med kva som er skrive og sagt om saka i tidlegare år.

2016

- *2. September.* Brev til Stord kommune om miljøtema knytta til båtar ved kai. Sameiget bad om møte. **Ikkje svar**
- *10. November.* Nytt brev til kommunen med grunngjeven klage på støy og forureining. **Etterlyste "avbøtande tiltak"** i samsvar med kommunedelplan for Leirvik hamn, og oppfølgjing av kommunalt vedtekne "*Retningsliner for båtar ved kai*", og "*Lov om folkehelsearbeid*". Bad på nytt om møte.
- *19. desember.* Sameiget fekk innkalling til møte med kommunen om tema som sameiget hadde formulert i brev av 10. November.

2017

- *31. januar.* Møte med representantar for kommunen. Hovudtema blei trafikktilhøva på Natrutekaien. Lite om "båtar ved kai". Sameiget **blei lovd** referat frå møtet og synfaring på kaien. **Det kom ikkje referat**
- *27. mars.* Etterlysing av referat på e-mail. **Ikkje svar/referat**
- *15. august.* Nytt brev til Stord kommune. Bad kommunen følgja forvaltningslova og gje svar på fleire spørsmål som galdt m.a. miljøproblem, forureining, støy og folkehelse. **Ikkje svar**

2018

- *16. januar.* Purrebrev til kommunen. Informerte om at sameiget ville rådspørja Sivilombudsmannen om kommunen sine plikter etter forvaltningslova. **Ikkje svar**
- *24. mars.* Nytt brev til kommunen med oppmoding om oppfølgjing av saka. Sameiget viste på nytt og konkret til moglege brot på "*Lov om folkehelsearbeid*" og "*Forskrift om miljøretta helsevern*". Kopi til Fylkeslegen.
- *24. mars.* Klage til Sivilombudsmannen for mangel på svar frå Stord kommune.
- *7. mai* Brev frå Stord kommune som viser til arbeidet med ny hamneplan. Sameiget blei **lovd høyringnotat** før sommarferien. Det ville

bli skipa til **dialogmøte**. Sameiget fekk ei **orsaking** for manglande tilbakemelding. **Merknad:** Stord kommune viser til feil brev .

- **23.mai.** Sameiget får brev frå Sivilombudsmannen der det m.a. heiter at *"i telefonsamtale 23.mai 2018 beklaga xx i Stord kommune den lange saksbehandlingstida"*. Saksbehandlar hadde opplyst at *"sameiget fekk svar i brev 7.mai 2018, og at sameiget vil få enda ei tilbakemelding om kort tid"* .
- **23.mai.** Sameiget svarer på brevet frå Stord kommune, dagsett 07.05., og bed om svar på rett brev.
- **2.juni.** Nytt brev frå Stord kommune som **orsaker** at sameiget sitt brev av 12.mars ikkje hadde nådde saksbehandlar.
- **16.september.** Brev til Fylkeslegen. Bed om vurdering av klage etter folkehelselova.
- **Sameiget fekk ikkje høyringsnotat som var blitt lovd, og hørte heller ikkje meir om dialogmøte dette året.**

2019

- **12.februar.** Sameiget får kopi av brev frå Fylkesmannen i Vestland til Stord kommune.
- **25.april.** Sameiget får kopi av svar frå Stord kommune til Fylkesmannen i Vestland. Det blir der vist til **planar om revisjon av hamneplanen og dialogmøte med sameiget.**
- **21.mai.** Sameiget skriv til Fylkesmannen og viser til fleire feilinformasjonar i Stord kommune sitt svarbrev.
- **24.juni.** Kopi av brev frå Fylkesmannen i Vestland til Stord kommune, med oppheving av Stord kommune sitt vedtak om ikkje å følgja opp klagen etter *"Lov om folkehelsearbeid"*. Fylkesmannen viser også til at Stord kommune har brote forvaltningslova.
- **Sameiget hørte ikkje meir frå kommunen om hamneplan og dialogmøte i 2019, (og som tidlegare var lovd i 2018), og heller ikkje om konsekvenser av Fylkesmannen sitt vedtak.**

2020

- **21.januar.** Sameiget sender brev til Stord kommune med spørsmål om kva planar kommunen har for å følgja opp konsekvenser av Fylkesmannen sitt vedtak.

Konklusjon: Sameiget viser til ovanstående dokumentasjon og bed Kontrollutvalet vurderer Stord kommune si saksbehandling av klagesaka.

Styret for Sameige Leirvik Brygge, 22.04.2020

Stein Erik Grov (styreleiar)

Bjørn Angell Bergh (saksbehandlar)



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2019/132-37
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	18/20	08.09.2020

Årsoppgjeret 2019 - brev til leiinga nr. 3 - orientering frå rådmannen

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Samandrag

Bakgrunnen for denne saka er at kontrollutvalet i møte 18.05.2020 ønskte informasjon om rådmannen si vidare oppfølging av brev til leiinga nr. 3 frå KPMG. Det brevet følgte som vedlegg til sak om årsrekneskapen til Stord kommune for 2019. Rådmannen har stadfesta at han kan møta kontrollutvalet møtedagen, og gje orientering.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg
1 KPMG - brev til leiinga nr. 3

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I kontrollutvalet sitt møte 18.05.2020, PS 9/20 vart det gjort slikt vedtak i punkt 2:

«På bakgrunn av det som kjem fram i «Årsoppgjer 2019 – brev til leiinga nr. 3» frå KPMG, ber kontrollutvalet om at rådmannen kjem i møte 02.09.2020. for å gjera greie for kva som er / vil bli gjort i forhold til tilrådingane i rapporten.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka med heimel i kommuneloven § 23-2.

Vurderingar og verknader

Rådmannen mottok først invitasjon 23.05.20, og oppdatert invitasjon i epost av 08.07.20, ettersom kontrollutvalsmøtet måtte endra dato.

Han har stadfesta at han kan møte kontrollutvalet 08.09.20, for å gje orienteringar.

Brev til leiinga nr. 3, ligg ved denne saka.

Konklusjon

Dersom rådmannen har greie svar å koma med i møtet, vert det tilrådd å ta informasjonen til orientering.



KPMG AS
Sæ 136
N-5417 Stord

Telephone +47 04063
Internet www.kpmg.no
Enterprise 935 174 627 MVA

Stord kommune
Hege Etterlid
Postboks 304
5417 Stord

Deres ref HE

Vår ref WH

6. mai 2020

Årsoppgjøret 2019 - brev til leiinga nr. 3

Vi har no gjennomført revisjonen vår for rekneskapsåret 2019 og ønskjer med dette å gi enkelte innspel og kommentarar til leiinga i kommunen og Kontrollutvalet. I tillegg har mindre vesentlege tilhøve blitt kommunisert med økonomileiinga i kommunen undervegs. Denne rapporten oppsummerer også tilhøve kommunisert etter interimrevisjonen.

Beskriving av innspela våre og kommentarar følgjer brevet.

Vi gjer merksam på at hovudhensikta med revisjonen vår er å gi oss moglegheit til på ein forsvarleg måte å uttale oss om rekneskapen. Kontrollane våre er utført på testbasis og må ikkje oppfattast som testar for å avdekke feil eller uregelmessighe tilhøve som er uvesentlege for rekneskapen. Det må også understrekast at veikskapar i rekneskapssystemet og den interne kontrollen kan medføre mislegheiter som våre normale testar ikkje nødvendigvis vil avdekke.

Vi gjer vidare merksam på at kommunen etter Bokføringslova § 13 plikter å oppbevare nummererte brev frå revisor på lik linje med anna oppbevaringspliktig rekneskapsmateriale.

Vi vil nytte høvet til å takke for samarbeidet og den velvilje vi har møtt frå leiing og tilsette i kommunen.

Dersom det skulle vere spørsmål eller kommentarar til tilhøva som er nemnde i brevet, ber vi om å bli kontakta.

Med venleg helsing
KPMG AS

Hauge, Willy
Statsautorisert revisor

cc:
Kontrollutvalet

KPMG AS, a Norwegian limited liability company and member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative ("KPMG International"), a Swiss entity.

Statsautoriserte revisorer - medlemmer av Den norske Revisorforening

KPMG Confidential

Offices in:

Oslo	Elverum	Mo i Rana	Stavanger
Alta	Finnsnes	Molde	Stord
Arendal	Hamar	Tromsø	Straume
Bergen	Haugesund	Trondheim	Tynset
Bodø	Knarvik	Skien	Sandefjord
Bryne	Kristiansand	Sandnessjøen	Alesund
Drammen			

Vesentlege tilhøve

Vi har i gjennomgangen vår registrert enkelte tilhøve som etter vår meining er vesentlege for kommunen. Desse er skildra nedanfor. Rekkefølgja på punkta gir ikkje uttrykk for noko rangering frå vår side.

Lønn – endring av lønsdata

Skildring av tilhøve

Samtlige tilsette på lønnsavdelinga har tilgang til å endre lønsdata, dvs. at dei har tilgang til systemet og kan endre satsar, kontonummer og andre lønsdata.

Risiko

Feil grunnlag for lønnsutbetalingar til tilsette og uautoriserte endringar av lønsdata.

Tilråding

Vi vil tilrå at kommunen å etablere rutinar som gjer at endringar må godkjennast av ein annan en den som foretar sjølve endringa i systemet. Eit anna alternativ er å avgrense talet på tilgangar.

Vi rår til at kommunen ser på loggar over endringar, for å avdekke om nokon kan ha gjort uautoriserte endringar.

Tilbakemelding frå administrasjonen

Lønnsavdelinga hadde dialog med KPMG om dette under interimrevisjonen i haust. Det har heile tida vore slik at endringar av lønsdata har vorte gjort av ein tilsett utan at det må godkjennast av fagansvarleg og/eller avdelingsleiar i etterkant. Agresso (økonomisystemet) har ikkje slik som i t.d. Elements (sak/arkivsystem), ein moglegheit for å sende lønsdata vidare for godkjenning til annan person. Det er og for mange lønsdata som vert lagt inn kvar einaste dag til at ei slik godkjenningrutine kan gjennomførast på ein god måte. Det vil i så tilfelle trekka stor personalressurs for å gjennomføre dette.

At dei fleste tilsette i avdelinga no har moglegheiten til å legge inn/endre lønsdata er ein konsekvens av nedtrekket av ressursar i 2019 og behovet for effektivisering. For å minske dobbeltarbeid innanfor nokre løndata område, er tilsette som i hovudsak arbeider med personalsaker, gjeve tilgang.

Om ein ser på konsekvens-sannsyn diagrammet til KPMG, ligg me likevel godt innanfor grønt område.

Rekneskap – endring av faste data

Skildring av tilhøve

Fleire tilsette kan endre faste data i rekneskapssystemet uten etterkontroll.

Risiko

Det kan oppstå feil i grunndata, bevisst eller ubevisst. Det aukar risikoen for at nokon kan legge til nye leverandørar og endre kontonummer i reskontro etc. Manglande etterkontroll medfører risiko for feil eller mislegheiter.

Risikoen vert redusert ved at alle utbetalingar skal godkjennast av to ulike personar.

Tilråding

Vi rår til at tal personar med tilgang til å endre faste data vert redusert. Det kan eksempelvis etablerast nokon superbrukarar med ansvar for å vedlikehalde «masterdata», og at alle endringer av faste data må gjerast og/eller godkjennast av desse.

Vi rår til at det som eit minimum vert etablert rutine for etterkontroll av endringar av faste data.

Tilbakemelding frå administrasjonen

Administrasjonen vil i løpet av året 2020 sjå på om det er mogeleg å gjere endringar i rollar i økonomisystemet og eventuelt opprette meir avgrensa roller. Minimumsforslaget om etterkontroll av løpande endringar blir for ressurskrevjande i ei tid med stadig færre ressursar tilgjengeleg.

Stord Hamn

Skildring av tilhøve

Anleggsmiddel som er seld i 2019 er ikkje teke ut av anleggsregisteret. Som følgje av dette er balansekontoane tilhøyrende driftsmidla ikke korrigert for salet. Motpost er kapitalkontoen. Dette er ein klassifiseringsfeil i balansen. Feilen er etter vår meining ein indikasjon på veikskap i internkontrollen.

Risiko

Feil i balansen og misvisande informasjon til rekneskapsbrukarane. Feilen er ikkje korrigert før i 2020, og indikerer at ein har veikskapar i internkontrollen. Dette aukar risikoen for feil i rekneskapen.

Tilråding

Vi rår kommunen til å implementere kontrollar som skal fange opp feil ved anleggsregisteret tidleg og at slike avdekka feil blir korrigert uavhengig av om system ikkje fungerer som dei skal.

Tilbakemelding frå administrasjonen

Rekneskap vi endre rutinane for å redusere risiko for at liknande situasjonar kan oppstå igjen. Klassifiseringsfeilen det her er tale om utgjør kr 204 621.

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Willy Hauge

Partner

På vegne av: KPMG AS

Serienummer: 9578-5993-4-1629898

IP: 80.232.xxx.xxx

2020-05-07 09:00:42Z



Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr: 2020/171-2

Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	19/20	08.09.2020

Vurdering av om KPMG er uavhengig i høve Stord kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå partner Willy Hauge, vedrørande om KPMG AS er uavhengig i høve Stord kommune, til etterretning.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal ta stilling om KPMG er uavhengig i høve Stord kommune. Vedlagte uavhegighetserklæring mv. ligg til grunn for saka.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Eigenvurdering frå ansvarleg revisor Willy Hauge i KPMG AS

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame revisor si årlege eigenvurdering av uavhengighet, jf. Kommuneleva § 23-2 og jf. Forskrift om kontrollutvalg og revisjon §§ 16 og 19.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka jf. Kommuneleva § 23-2, jf. Forskrift om kontrollutvalg og revisjon §§ 16 og 19.

Vurderingar og verknader

I kommuneleva § 23-2 Kontrollutvalgets ansvar og myndighet står det m.a. dette:

«Kontrollutvalget skal påse at

a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte»

I Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 16 Krav til revisors uavhengighet står det dette:

«Revisor kan ikke utføre revisjon eller annen kontroll for kommunen eller fylkeskommunen hvis det foreligger særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisorens uavhengighet og objektivitet.

Ansettelse som revisor i kommunen eller fylkeskommunen eller i en interkommunal samarbeidsordning medfører ikke i seg selv at revisoren mangler nødvendig uavhengighet og objektivitet.»

Vidare står det i § 19 Krav til eigenvurdering av uavhengighet i same forskrift dette:

«Den som utfører revisjon eller annen kontroll for en kommune eller fylkeskommune, skal løpende vurdere sin uavhengighet.

Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år, og ellers ved behov, gi en skriftlig eigenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget.

En skriftlig eigenvurdering om revisjonens uavhengighet skal følge alle tilbud om revisjon.»

Ansvarleg revisor hjå KPMG, Willy Hauge har no sendt over ei slik eigenvurdering dagsett 18.08.2020. Denne ligg ved saka.

Som det går fram av kommuneleva har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Kontrollutvalet si handsaming av ansvarleg revisor si eigenvurdering, vil vera ein lekk i å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

I nokre kommunar har revisor utført oppgåver / prosjekt for kommunen, som ikkje er bestilt av kontrollutvalet. Det er ingen ting i vegen for at dette kan gjennomførast, dersom det ikkje kjem i konflikt med uavhengighet og objektivitet eller er arbeid av stort omfang. Det bør difor opplysast om revisor har utført oppdrag for kommunen ut over det som er bestilt av kontrollutvalet, og storleiken på oppdraget.

KPMG opplyser dette på førespurnad frå oss:

Andre oppdrag/tilleggsfakturering:

- a) *Klage vedr nekting av momskompensasjonsoppgåve – kr 82.458 (Det kan nemnast at kommunen fekk medhald i klagen og at sakskostnaden dermed er dekket av Skatteetaten)*
- b) *Attestasjon av Finansreglementet for Stord kommune – kr 19.400*
- c) *Meirarbeid knytta til manglar ved dokumentasjon overlevert til revisjon – kr 7.623*

Sekretariatet kan ikkje sjå at det framkjem opplysningar i eigenerklæringa som svekkar KPMG AS sin ansvarlege revisor sin uavhengighet i høve Stord kommune.

Sekretariatet kan heller ikkje sjå at utførte oppdrag, utanom bestilling frå kontrollutvalet, er av ein slik art eller eit slik omfang at det svekkar revisor sin uavhengighet i høve Stord kommune.

Konklusjon

Ut frå innhaldet i eigenerklæringa vert det tilrådd å ta informasjonen til etterretning.

Stord kommune

Vurdering av at revisor er uavhengig, jf forskrift om kontrollutval og revisjon §19

Lova og forskrifta sitt krav til at revisor er uavhengig

Ifølgje Kommunelova § 24-4 og forskrift om kontrollutval og revisjon § 18 kan den som utfører revisjon ikkje:

1. vere tilsett i andre stillingar i kommunen eller i verksemd som kommunen deltek i
2. vere medlem av styrande organ i verksemd som kommunen deltek i
3. delta i, eller ha funksjonar i anna verksemd, når dette kan føre til at vedkomande sine interesser kjem i konflikt med interessene til oppdragsgjevar, eller på annan måte er eigna til å svekke tilliten til den som utfører revisjon
4. ha nærstående (ektefelle, sambuar, nære slektingar), som har slik tilknytning til den reviderte eininga at det kan svekke det at revisor er uavhengig og objektiv.

I tillegg har forskrifta § 18 følgjande atterhald:

5. revisor kan ikkje utføre rådgjevings- eller andre tenester der dette er eigna til å påverke eller reise tvil om revisor er uavhengig og objektiv.
6. revisor kan ikkje yte tenester som høyrer inn under den revisjonspliktige (dvs. kommunen) sine egne leiings- og kontrolloppgåver
7. revisor kan ikkje opptre som fullmektig for den revisjonspliktige, unnateke ved bistand i skattesaker etter domstollova
8. det må ikkje finnast andre særlege tilhøve som er eigna til å svekke tilliten til at revisor er uavhengig og objektiv ved gjennomføring av revisjonsoppgåvene

Revisor si vurdering av punkta ovanfor

Pkt. 1: Tilsetjing

Underteikna er ikkje tilsett i andre stillingar enn i revisjonsselskapet.

Pkt. 2: Medlem i styrande organ

Underteikna er ikkje medlem av styrande organ i verksemd som kommunen deltek i.

Pkt. 3: Delta eller ha funksjonar i anna verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit

Underteikna deltek ikkje i eller har funksjonar i anna verksemd som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit i rolla som revisor.

Pkt. 4: Nærstående

Underteikna har ingen nærstående som har slik tilknytning til Stord kommune at det kan svekke det at revisor er uavhengig og objektiv ved gjennomføring av revisjonsoppgåvene

Pkt. 5: Rådgjevings- eller andre tenester som er eigna til å påverke revisor sin habilitet

Underteikna yter ikkje rådgjevings- eller andre tenester overfor Stord kommune som er eigna til å påverke eller reise tvil om at revisor er uavhengig og objektiv

Pkt. 6: Tenester under Stord kommune sine egne leiings- og kontrolloppgåver

Underteikna yter ikkje tenester som høyrer inn under kommunen sine egne leiings- og kontrolloppgåver.

Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige

Underteikna opptrer ikkje som fullmektig for Stord kommune.

Pkt. 8: Andre særlege tilhøve

Underteikna kjenner ikkje til andre særlege tilhøve som er eigna til å svekke tilliten til at eg er uavhengig og objektiv.

Stord, 18. august 2020
KPMG AS



Willy Hauge
Statsautorisert revisor



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2019/132-36
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	20/20	08.09.2020

Revisjonsplan 2020 for Stord kommune

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar informasjonen frå KPMG AS til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om at interimrevisjonsrapport 2020 vert klar til handsaming i møte i kontrollutvalet 03.12.2020, med frist for levering til sekretariatet innan 16.11.2020.

Samandrag

Kontrollutvalet i Stord kommune har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon i kommunen. I denne saka skal den valde revisor, KPMG, presentera sin plan for gjennomføring av rekneskapsrevisjonen, og gjerne informera litt om rekneskapsrevisjonen så langt i året.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Revisjonsplan 2020 for Stord kommune

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Stord kommune har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon i kommunen. Vidare har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Denne saka er ein lekk i oppfølginga av dette.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka, jf. Kommuneleva § 23-2 Kontrollutvalgets ansvar og myndighet som lyd m.a. slik

«Kontrollutvalget skal påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak»*

Vidare går det fram av Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3 m.a. dette:

«Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- b) rekneskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor*
- c) rekneskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kapittel 2 og 3.»*

Vurderingar og verknader

Kontrollutvalet si handsaming av revisjonsplan og informasjon om rekneskapsrevisjonen så langt vil vera ein lekk i å sjå til at kommunen sine rekneskaper vert revidert på ein tryggande måte og at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Sekretariatet har motteke revisjonsplan for 2020, som ligg ved saka. Revisjonen vil orientera nærare rundt denne i møtet.

Slik sekretariatet ser det, bør kontrollutvalet få høve til å koma med innspel til fokusområde i interimrevisjonen som skal gjennomførast denne hausten, dersom dei ønskjer det, sjølv om det er revisjonen som fastset dei endelege fokusområda.

Då KPMG kom inn som ny revisor vart det avtalt at interimrevisjonsrapporten kom opp til handsaming i første møte i nytt år. I fjor kom den opp i siste kontrollutvalgs møte for året, slik sekretariatet er mest vandt med, og slik det og er ønskjeleg denne gongen.

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i møtet vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen frå KPMG AS til orientering.

Vidare vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om at interimrevisjonsrapport 2020 vert klar til handsaming i møte i kontrollutvalet 03.12.2020, med frist for levering til sekretariatet innan 16.11.2020.



Oppstartsmøte Revisjon 2020

Stord kommune

August 2020



Innhold

Kontaktpersonar:

Willy Hauge

*Partner og ansvarlig
forvaltningsrevisor*

Tel: +47 4063 9849
willy.hauge@kpmg.no

Jan Magne Renstrøm

Manager- rekneskapsrevisjon

Tel: + 47 4063 9795
jan.magne.renstrom@kpmg.no

Björg Rabbe Sandven

*Manager-
forvaltningsrevisjon*

Tel: + 47 9939 6583
bjorg.sandven@kpmg.no


- Gjennomgang med administrasjonen
- Revisjonsmessig tilnærming
- Vurdering av kva som er vesentleg
- Risikovurderinger – finansrekneskapen
- Revisjonsåret
- Tidsplan og rapportering

Gjennomgang med administrasjon – status og utvikling i år

For å gjere ein god og effektiv revisjon må vi forstå verksemda.


Vi gjennomgår økonomirapportar frå rådmannen og tertialrapport når den er klar.

Vi gjennomgår og utviklinga munnleg med rekneskap/økonomi i høve til kvar det er utfordringar.



Verksemdsforståing


Leiingas gjennomgang



Risikovurdering - finansrekneskapen

Kommunen har fleire ulike operasjonelle risikoar. I revisjonen har vi fokus på dei tilhøve som potensielt kan påverke postar i årsrekneskapen.

Det viktigaste for å verne mot mislegheiter er eit godt kontrollmiljø.



Revisjon og gjennomgang av kjerneprosessar

Tema	Verknad på revisjonsplan
<p>Inntekter</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Inntekter ▪ Kundefordringer 	<p>Inntekter</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Gjennomgang av transaksjonsflyt og vurdere internkontrollen ▪ Innhente budsjett og fjorårstal og vurderingar av vesentlege endringar ▪ Innhente oppgåver eller opplysningar knytt til overføringar, skattar mv ▪ Brukarbetaling – etterrekningar mv <p>Kundekrav</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Gjennomgang av kommunen sin rutine for oppfølging av kundekrav og vurdering av tapsutsette krav
<p>Innkjøp</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Kjøp av varer og tenester ▪ Leverandørgjeld ▪ Bank 	<p>Kjøp av varer og tenester</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Gjennomgang av transaksjonsflyt og vurdere internkontrollen ▪ Innhente budsjett, fjorårstal, og vurderingar av vesentlege endringar ▪ Kontroll av grunnlag for og attestasjon av momskompensasjon for kvar termin <p>Leverandørgjeld</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Gjennomgang av kommunen sin rutine for oppfølging av leverandørgjeld, og vurdere behov for å innhente eksterne stadfestingar på eit utval av leverandørar. <p>Bank</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Innhente engasjementsbrev frå bank for kontroll av saldo, fullmaktstilhøve, garantiar og sikring. ▪ Gjennomgang av bankavstemmingar
<p>Lønn</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Lønnskostnader ▪ Sjukelønnsrefusjonar ▪ Andre godtgjersler ▪ Reiserekningar 	<p>Lønnskostnader</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Gjennomgang av transaksjonsflyt og vurdere internkontrollen ▪ Innhente budsjett, fjorårstal og vurderingar av vesentlege endringar ▪ Gjennomgang av kommunen sine avstemmingar knytt til lønnsutbetalingar, sjukelønnsrefusjonar og andre godtgjersler.

Revisjonen kan i hovudsak delast inn i tre område:

1. Gjennomgang av kjerneprosessar

2. Revisjon av vurderingspostar

3. Revisjon av øvrige vesentlege område

Revisjon av vurderingspostar

Tema	Verknad på revisjonsplan
<p>Pensjonar</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Pensjonsmiddel ▪ Pensjonsforplikting ▪ Pensjonskostnad ▪ Premieavvik 	<p>Pensjonar</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Risiko for feil i rekneskapn knytter seg til verdsetjinga av pensjonsmiddel og -forplikting knytt til ytelsesordninga. Vi vil gjennomgå dei parameterane og føresetnadene som vert nytta i berekninga og avstemme innbetaling lagt til grunn av aktuar mot fysiske fakturaer som er mottekne og betalt. Vi vil og følgje opp avvik i avstemming av premieavvik.
<p>Investering i aksjar og andelar</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Finansielle aktiva ▪ Finansinntekter 	<p>Investering i aksjar og/eller andelar</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ For investeringar i ikkje-børsnoterte aksjar og andelar av betydning vil vi innhente sist avlagte og reviderte årsrekneskap og/eller siste tilgjengelege resultatrapport. Vurdering av bokført verdi samanlikna med eigenkapital for dei selskapa ein har eigardeler i.
<p>Avsetjing for forplikingar (og inntekter)</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Garantiavsetjing ▪ Ressurskrevjande brukarar 	<p>Avsetjing for forplikingar</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Vi vil diskutere med leiinga tilhøve som tilseier avsejning for forplikingar og underliggjande avtalar ▪ Vi vil gjennomgå leiinga sine berekningar og kor godt ein har truffe historisk ved tilsvarande berekningar.

Revisjonen kan i hovudsak delast inn i tre område:

1. Gjennomgang av kjerneprosessar
2. Revisjon av vurderingspostar
3. Revisjon av øvrige vesentlege område

Revisjon av øvrige vesentlege område

Tema	Virkning på revisjonsplan
<p>Øvrige periodiseringar</p> <ul style="list-style-type: none"> Inntekter og kostnader 	<p>Periodisering</p> <ul style="list-style-type: none"> Risiko for feil er knytt til knappe rapporteringsfristar, og vår tilnærming vil vere å gjennomgå interne rutinar for periodisering av dei vesentlegaste rekneskapspostane. Gjennomgå eit utval fakturaer før og etter årsskiftet for kontroll av korrekt periodisering. Gjennomgå avsetjing for påløpt lønn, feriepengar og andre godtgjersler som ikkje er utbetalt.
<p>Driftsmiddel</p> <ul style="list-style-type: none"> Bygningar/tomter Maskiner og utstyr Inventar Av- og nedskrivningar 	<p>Driftsmiddel</p> <ul style="list-style-type: none"> Sjå etter at anleggskartotek er avstemt mot hovudbok Analytiske kontrollhandingar mot totale rekneskapsmessige avskrivningar Kontrollere eit utval av vesentlege tilgangar / avgangar
<p>Finansområdet</p> <ul style="list-style-type: none"> Plasseringar Gjeld 	<p>Finansområdet</p> <ul style="list-style-type: none"> Gjennomgang av finansreglementet for å sjå etter at dette er i høve til regelverket Kontroll av beholdningar/lån mot eksterne oppgåver Kontroll av minimumsavdrag, rekneskapsmessig handtering og noteinformasjon Sjå etter at det er samsvar mellom låneopptak i året, bruk av lån i året og bevegelsar på konto for ubrukte lånemiddel.

Revisjonen kan i hovudsak delast inn i tre område:

1. Gjennomgang av kjerneprosessar
2. Revisjon av vurderingspostar
3. Revisjon av øvrige vesentlege område

Revisjon av øvrige vesentlege område

Tema	Verknad på revisjonsplan
<p>Ikkje rutine-transaksjonar</p> <ul style="list-style-type: none"> Potensielt alle 	<p>Ikkje rutinetransaksjonar</p> <ul style="list-style-type: none"> Vurdere interne rutinar for kven som kan gjere direkteføringar i hovudbok Kontrollere manuelle føringar via uttrekk frå rekneskapssystemet over alle manuelle føringar i løpet av året Gjennomgang av transaksjonar som vert vurdert til å vere ikkje-rutine (til dømes spesielle salgstransaksjonar med vidare) for å sjå etter korrekt rekneskapsføring og presentasjon
<p>Investeringsrekneskap</p>	<p>Inntekter og utgifter</p> <ul style="list-style-type: none"> Gjennomgang av kommunen sine rutinar og vurdering av internkontrollen Kontrollere at driftsutgifter ikkje ligg i investeringsrekneskapen (og motsett) Kontrollere at investeringsinntekter ikkje ligg i driftsrekneskapen (og motsett)
<p>Sjølvkost</p>	<p>Sjølvkost</p> <ul style="list-style-type: none"> Gjennomgang av kommunen sine rutinar og vurdering av internkontrollen Kontroll av rekneskapsføring av sjølvkostfond og sjølvkostnote til årsrekneskapen
<p>Mva</p>	<p>Mva</p> <ul style="list-style-type: none"> Gjennomgang av kommunen sine rutinar for innrapportering og rekneskapsføring av meirverdiavgift Gjennomgang og attestasjon av kompensasjonsoppgåver for meirverdiavgift gjennom året.


Revisjonen kan i hovudsak delast inn i tre område:

- Gjennomgang av kjerneprosessar
- Revisjon av vurderingspostar
- Revisjon av øvrige vesentlege område

Revisjon av øvrige vesentlege område

Revisjonen kan i hovudsak delast inn i tre område: 1. Gjennomgang av kjerneprosessar 2. Revisjon av vurderingspostar 3. Revisjon av øvrige vesentlege område	Tema	Verknad på revisjonsplan
	Offentlege anskaffingar	Offentlege anskaffingar <ul style="list-style-type: none">Gjennomgang av kommunen sine internkontrollrutinar på området
	Budsjett	Korrekte budsjettall i årsrekneskapen <ul style="list-style-type: none">Er budsjettjusteringar gjort på riktig nivå og tilstrekkeleg dokumentert?Føretek ein naudsynste budsjettjusteringar?
	Disponeringar/ Eigenkapital	Direkteføringar <ul style="list-style-type: none">Innhente og vurdere kommunen si avstemming av krinslaup og notarKontroll av eit utval av bundne fond som har vore brukt i året.Innhente kommunen sin dokumentasjon på disponering av resultat og gjennomgang av avstemming/note for kapitalkonto og disposisjonsfond.
	Årsrekneskap og årsmelding	Årsrekneskap <ul style="list-style-type: none">Kontrollere at det er samsvar mellom årsrekneskap, notar og revidert rekneskapGjennomgang av sjekklister for årsrekneskap, notar og årsmelding for å sjå etter at krav til opplysningar er oppfylt.

Revisjonsåret



Tidsplan og rapportering

Har til formål å sikre tidsriktig og kvalitativ revisjon med verdiskapende tilbakemelding til dykk.

Vi ønsker kontinuerleg dialog og ser gjerne at de tek kontakt, også utanom planlagte møte.

Aktivitet	Dato/veke
Planleggingsmøte med gjennomgang revisjonsplan	
Interimsrevisjon	
Rapportering interim	
Årsoppgjersrevisjon (nøyaktig tidspunkt vert avtalt i samband med interimsrevisjon)	
Rapportering årsoppgjersrevisjon	
Kontrollutvalet	April/Mai
Kommunestyre	Juni

Foreløpig ikke avtalt!



kpmg.com/socialmedia



kpmg.com/app



© 2019 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and member firm of the KPMG network of independent firms affiliated with KPMG International Cooperative (“KPMG International”), a Swiss entity. All rights reserved.

The information contained herein is of a general nature and is not intended to address the circumstances of any particular individual or entity. Although we endeavor to provide accurate and timely information, there can be no guarantee that such information is accurate as of the date it is received or that it will continue to be accurate in the future. No one should act on such information without appropriate professional advice after a thorough examination of the particular situation.



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2019/141-21
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	21/20	08.09.2020

Kurs i regi av KPMG

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at KPMG gjennomfører kurs innan i samband med møte i kontrollutvalet
2. Sekretariatet vert bedne om å ta seg av alt det praktiske med organisering, kunngjering og avvikling av kurset, gjerne i samarbeid med administrasjonen i Stord kommune.

Samandrag

Denne saka vert lagt fram for kontrollutvalet på bakgrunn av at Stord kommune har avtale med KPMG AS om å levere 1 kursdag pr. år inkludert i fastprisen.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Notat frå sekretariatet av 08.06.20

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Stord kommune har avtale med KPMG AS. I kontrakten som er inngått går dette fram av vedlegg B kravspesifikasjon punkt 3.3 opplæring:

REVISOR skal leggje fram for kontrollutvalet forslag om, og halde kurs for utvalet sine medlemmar, politisk nivå og/eller for medarbeidarar i administrasjonen. Tema skal avtalast med kontrollutvalet ved det einskilde høve. Omfang skal reknast til 1 kursdag pr. år. Slike kurs skal som ein hovudregel haldast i kommunen.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å vedta gjennomføring av naudsynte kurs innan vedteke budsjetttramme, jf. kommunelova § 23-2 og forskrift om kontrollutval og revisjon § 2.

Vurderingar og verknader

Av protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 18.05.20, sak PS 16/20, Eventuelt går dette fram:

«KPMG skal tilby kurs som del av fastprisen til kommunen. Utvalet var utfordra på å koma med ønskte tema. Utvalet ba sekretariatet senda oversikt over ulike tema som blir brukt / tilbydd i kommunane, så kan dei respondera på nokre tema som ein kan forhøyra seg om KPMG kan tilby.»

Sekretariatet utarbeidde 08.06.20 eit notat til kontrollutvalet (vedlagt) om kursalternativ, som vart sendt til utvalet sine medlemmar. Det vart motteke ei tilbakemelding med tre tema: kommunebudsjett (nr 1), om habilitet (nr 5) og om internkontroll (nr 17).

Nedanfor er og teke med den tilleggsteksten som går fram av notatet:

1 Innføring i kommunerekneskap – Grunnleggande innføring

5 Habilitet – Kurset vil gi ei innføring i regelverk knytt til habilitet, korleis desse vurderingane kan gjerast og korleis (fylkes-) kommunen kan etablere gode rutinar for å sikre at tilsette ikkje handsamar saker kor dei er inhabile

17 Roller og oppgåver i den kommunale eigenkontrollen

- Ei innføring

- Kva er kontrollutvalet sin rolle og oppgaver

- Korleis kan kontrollutvalet ivareta sine kontrolloppgåver

KPMG har svart:

- Det er ikkje utarbeidd ny kursoversikt etter den av 08.02.19.
 - Innhaldet i denne kursoversikten går fram av vedlagt notat, side 1.
- Dei kan tilby kurs innan dei tre nemnte temaene i 2020.
 - Det gjeld følgjeleg tema overfor, nr. 1, 5 og 17

I møtet bør kontrollutvalet drøfte seg fram til kva kurs ein ønskjer å få gjennomført, i første rekke hausten 2020. Det normale til no har vore at kurskvoten for slike kurs har blitt fordelt på to halve dagar pr. år, kvar av dei med ein varigheit på 2 timar. Målsettinga har vore at dei har blitt halde i samband med eit kontrollutvalsmøte, men det er ikkje alltid utvalet har kunna delta.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet diskuterer kva kurs dei vil at KPMG skal gjennomføre, i første rekke hausten 2020. Videre bør utvalet be sekretariatet ta seg av det praktiske med organisering og avvikling av kurset, gjerne i samarbeid med administrasjonen i Stord kommune.

Notat
av 08.06.2020.

Til: Kontrollutvalet i Stord kommune.
Frå: Vestland fylkeskommune, sekretariat for kontrollutvalet.

Tema: **Grunnlag for å koma med kursønskje overfor kommunen sin revisor, KPMG.**

Notatet inneheld både kurs som KPMG har tilbydd og kurs som andre har tilbydd i kommunar.
- Det er ikkje gitt at KPMG kan tilby alle ønskje tema.
- Partner Willy Hauge i KPMG har derimot bede om innspel til tema frå utvalet.
- Her er idèar som utvalet kan ha som grunnlag for sine val.

Dette er kurs som KPMG tilbydde for kontrollutvalet i Stord kommune 25.02.19, jmf. sak PS 6/19.
Dei fleste temaene her har ein vore innom i Stord, anten som kurs eller som forvaltningsrevisjon.

• ***Forvaltningsrevisjon av kommunen sitt arbeid opp i mot antikorrupsjon***

Kurset vil ha eit tredelt føremål:

- o Skildre og utdjupe antikorrupsjon, innhald og omfang
- o Skildre og utdjupe kva forvaltningsrevisjon er
- o Synleggjere og skildre korleis forvaltningsrevisjon kan gjennomførast av kommunar sitt arbeid opp imot antikorrupsjon. I denne delen vil vi nytte faktiske døme frå gjennomført forvaltningsrevisjon

• ***Forvaltningsrevisjon av kommunen sitt arbeid med etikk***

Kurset vil ha eit tredelt føremål:

- o Skildre og utdjupe etikk, innhald og omfang
- o Skildre og utdjupe kva forvaltningsrevisjon er
- o Synleggjere og skildre korleis forvaltningsrevisjon kan gjennomførast av kommunar sitt arbeid opp imot etikk. I denne delen vil vi nytte faktiske døme frå gjennomført forvaltningsrevisjon

• ***Forvaltningsrevisjon av kommunen sitt arbeid med offentlege anskaffingar og oppfølging av kontraktar***

Kurset vil ha eit tredelt føremål:

- o Skildre og utdjupe sentrale element i lov og forskrift for offentlege anskaffingar, samt sentrale element kring kontraktsoppfølging
- o Skildre og utdjupe kva forvaltningsrevisjon er
- o Synleggjere og skildre korleis forvaltningsrevisjon kan gjennomførast av kommunar sitt arbeid opp imot offentlege anskaffingar. I denne delen vil vi nytte faktiske døme frå gjennomført forvaltningsrevisjon

• ***Framtidas internkontroll i kommunar***

Kurset vil ha eit tredelt føremål:

- o Kva er trendar og utvikling innafor internkontroll og styring
- o Kva er status for kommunal internkontroll
- o Tilrådingar for utforming av framtidas internkontroll

• ***Rekneskap i kommunar***

Kurset vil ha eit tredelt føremål:

- o Grunnleggjande forståing av rekneskapsprinsipp
- o Grunnleggjande forståing av samanhengar i rekneskapen
- o Synleggjere og skildre kva ein kan lesa ut i frå ein rekneskap

Dette er tema som er blitt tilbydd av annan leverandør, for andre kommunar.

- 1 Innføring i kommunerekneskap – Grunnleggande innføring
- 2 Offentlege innkjøp – Kva er hovudprinsippa i regelverket?
- 3 Meirverdiavgift og meirverdiavgiftskompensasjon – Innføring i kompensasjonsordninga – Praktiske eksemplar
- 4 Justeringsplikt og -rett – MVA. ved (fylkes-)kommunens overtaking av bygg og anlegg
- 5 Habilitet – Kurset vil gi ei innføring i regelverk knytt til habilitet, korleis desse vurderingane kan gjerast og korleis (fylkes-) kommunen kan etablere gode rutinar for å sikre at tilsette ikkje handsamar saker kor dei er inhabile
- 6 Kommunelova (eller utvalde deler av den lova) og tilhøyrande forskrifter
 - Kva er dei viktigaste delane av lova som gjeld for arbeidet til kontrollutvalet?
 - Her kan vi sjå nærare på utvalde delar
- 7 GDPR – Skjerpa krav til informasjonstryggleik
- 8 Arkivering, journalføring og offentlegheit
- 9 Utvalde tema knytt til forvaltningsrevisjon og selskapskontroll
 - Kva er forvaltningsrevisjon og/eller selskapskontroll?
 - Korleis gjere ei god bestilling?
 - Korleis følgje opp ein gjennomført revisjon?
- 10 Roller og rolleforståing i kommunal eigarskapsforvaltning – Roller og rolleforståing i kommunal eigarskapsforvaltning
 - Kva roller har kommunen sin eigarrepresentant, valte styremedlemmar mv.
- 11 Avstemming av rekneskapan – Kva bør ei avstemming innehalde?
 - Kor ofte bør avstemmingar utarbeidast?
 - Kva avstemmingar skal utarbeidast?
 - Kva regelverk gjeld på området?
- 12 Internkontroll
 - Økonomi eller
 - Overordna (knytt til ny paragraf i kommunelov)
- 13 Innberetning av lønn – Kva ytingar er avgiftspliktige og kva er oppgåvepliktige?
- 14 Investeringsrekneskap – Krav til investeringsrekneskap
 - Skilje mellom driftsrekneskap og investeringsrekneskap
 - Kva skal bokførast i driftsrekneskapan?
 - Kva kriterium skal vere oppfylt for bokføring i investeringsrekneskapan?
- 15 Andre rekneskapsmessige problemstillingar – Tilpasse den enkelte kommune
- 16 Leverandørrevisjonar - kva er kontrollutvalet si oppgåve og korleis skil desse seg frå andre revisjonar?
 - Sjå i samband med nye innsynsmoglegheiter i kommunelova

- 17 Roller og oppgåver i den kommunale eigenkontrollen
- Ei innføring
 - Kva er kontrollutvalet sin rolle og oppgaver
 - Korleis kan kontrollutvalet ivareta sine kontrolloppgåver



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr: 2020/98-31

Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	22/20	08.09.2020

Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) - Status om forvaltningsrevisjon

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal få informasjon om kor langt KPMG er kome i arbeidet med denne forvaltningsrevisjonen, om alt går etter planen og om det kan vera aktuelt å gjera justeringar undervegs.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Stord kommune tok initiativ til å få gjennomført denne forvaltningsrevisjonen. Utvalet inviterte samstundes dei samarbeidande kommunane til å vera med på å ha ein sams forvaltningsrevisjon. Det gjeld då desse kommunane, i alfabetisk rekkefølge:

- Bømlo kommune
- Etne kommune
- Fitjar kommune
- Kvinnherad kommune
- Stord kommune
- Sveio kommune

Alle kommunane har takka ja til å vera med på sin andel, der grunnsom utgjer 50% med lik sum pr. kommune, medan øvrige 50% reflekterer tal innbyggjarar i kommunane.

Endeleg bestilling vart sendt til KPMG 05.06.20, etter at stadfesting var motteken frå alle kommunane, samt at innspel frå eit par kommunar var handtert.

Av prosjektplanen går fram at føremålet med forvaltningsrevisjonen er todelt:

- Kartleggje under kva rammer FOS opererer
- Kartleggje og vurdere erfaringane med og resultatata til FOS

Av prosjektplanen ser ein og at det er med slike problemstillingar:

1. I kva rammer opererer FOS?

- a. Korleis er FOS organisert?
- b. Kva mål og strategi har FOS?
- c. Kva slags budsjett og rekneskap har FOS?
- d. Korleis er den økonomiske situasjonen for FOS?
- e. Korleis rapporterar FOS til deltakarkommunane?
- f. Kva slags informasjon går frå FOS til kommunane?
- g. Kva vedtekter har FOS?
- h. Kva eigarskapsførignar og eigarskapsstrategiar har deltakarkommunane for FOS?
- i. Kva kjørereglar er etablert knytt til bruk av kommunale midlar i FOS?
- j. Kva rammar og føringar er etablert for bruk av kommunale ressursar inn i FOS?
- k. Kva har vore sentrale aktivitetar i FOS i 2019?
- l. Korleis medverkar kommunalt tilsette innan oppvekstområdet i FOS?

2. Kva er oppnådde resultat og erfaringar med FOS?

- a. Korleis opplev barnehagane og skulane at kurs- og kompetansehevingstilbodet frå FOS fungerer?
- b. I kva grad opplever barnehagane og skulane å få det kurs- og kompetansehevingstilbodet som dei har behov for?
- c. Korleis opplever kommunalt tilsette innan oppvekstområdet at deira medverknadsrett blir tatt i vare i FOS?
- d. I kva grad blir mål og strategiar etterlevd?

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har ansvar for å gjennomføre slike revisjonar. Det er likevel kommunestyret som har avgjersmynde i saka, etter innstilling frå kontrollutvalet, når revisjonsrapport ligg føre, jf. kommunelova § 23-3.

Vurderingar og verknader

KPMG kom 26.08.20 med slik tilbakemelding i epost.

«Det blei gjennomført oppstartsmøte med dagleg leiar FOS i juni, og vi har hatt kontakt med kommunalsjefane/sectorleiarane innan oppvekst i kommunane. Revisjonen har samla inn og gått gjennom dokumentasjon tilsendt frå FOS og kommunane. Vi har avtale om å gjennomføre ein god del av intervjua i neste veke. Vidare er vi i dialog med nokre respondentar for å avtale intervjutidspunkt.

Vi vil gjennomføre intervju med dagleg leiar FOS, kommunalsjefane/sectorleiarane oppvekst i dei 6 kommunane, 3 tillitsvalde, 1 rektor og 1 styrar. I tillegg forsøker vi å få til eit intervju med ein representant for Fylkesmannen i Vestland, som har tett kontakt med FOS. Vi arbeidar per dags dato (26.08) med å utforme spørjeundersøkinga som vil gå ut til tilsette i oppvekstsektoren i kommunane. Denne vil sendast ut i løpet av neste veke.

Vil vi bruke mesteparten av september på å skrive rapporten. Rapporten vil sendast på høyring til dagleg leiar FOS og kommunane i starten av oktober. Verifisert rapport med høyringsuttale vil som avtalt leverast sekretariatet 13.11.2020.

Vi har hatt eit godt samarbeid med FOS og kommunane, og fått god hjelp til å samle inn dokumentasjon og avtale intervju.»

I dette møtet mottar kontrollutvalet orientering om status og framdrift så langt i prosjektet.

Konklusjon

Dersom det ikke kjem fram særskilte opplysninger, som evt. krev justering, blir det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2019/45-23
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	23/20	08.09.2020

Forvaltningsrevisjon om plan og byggesakshandsaming - handlingsplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ser positivt på det betringsarbeidet som er satt i gong i samband med forvaltningsrevisjon om plan og byggesakshandsaming
2. Kontrollutvalet ber rådmannen koma med ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til første møte i 2021. Statusrapporten vert å oversenda til sekretariatet innan 15.01.2021.

Samandrag

Denne saka er kontrollutvalet sin første oppfølging av vedtak gjort i kommunestyret 14.05.2020, gjeldande forvaltningsrevisjonsrapport om plan og byggesakshandsaming i Stord kommune.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Handlingsplan etter forvaltningsrevisjon om plan og byggesakshandsaming

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunestyret i Stord kommune gjorde slik vedtak i sak PS 21/20 i møte 14.05.2020:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan plan og byggesakshandsaming ber kommunestyret rådmannen syta for å:

1. Følgje opp og avklare behovet for å implementere eit eige sakshandsamingssystem for byggesakshandtering.
2. Iverksette tiltak for å sikre at avvikssystemet også vert nytta innanfor byggesakshandsaminga.
3. Etablere arbeidsrutinar som sikrar gjennomføring og oppfølging av tilsyn, irekna å vurdere om dei har tilstrekkelig kapasitet for å gjennomføre tilsyn i samsvar med målsetting og regelverk.
4. Etablere og implementere tydelege samhandlingsrutinar mellom Regulering, bygg og Oppmåling (RBO), Stord kommunalteknikk (SKT) og vegmynde.
5. Prioritere arbeidet med å oppdatere det kommunale planverket.
6. Sikre at all relevant rådgjeving og rettleiing vert dokumentert i samsvar med forvaltningslova.
7. Etablere tiltak for å sikre at førebels svar vert sendt ut på alle byggesaker kor sakshandsaminga overgår fire veker.
8. Det vert laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.09.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp kommunestyret sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

Vurderingar og verknader

Sekretariatet fekk oversendt vedlagt handlingsplan 31.08.2020 frå Stord kommune, som inneheld oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen.

Sekretariatet ser positivt på det betringsarbeidet som er sett i gong i samband med forvaltningsrevisjon om plan og byggesakshandsaming i Stord kommune. Det går fram av handlingsplanen at det meste av betringsarbeidet er starta opp og at mykje skal vera ferdig innan årsskiftet 2020 / 2021. På bakgrunn av dette bør kontrollutvalet be rådmannen om å få ny skriftleg status på oppfølgingsarbeidet til første møte i 2021.

Konklusjon

Sekretariatet rår til at kontrollutvalet ber rådmannen koma med ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjon om plan og byggesakshandsaming i Stord kommune, til første møte i 2021. Statusrapporten vert å senda til sekretariatet innan 15.01.2021.

HANDLINGSPLAN etter forvaltningsrevisjon byggesak 2020

Oppfølging av vedtak i kommunestyret 14.05.2020		Ansvar	Frist
<p>Prioritert handlingsplan til kontrollutvalet med frist innan 01.09.2020, som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.</p>			
<p>1. Følgje opp og avklare behovet for å implementere eit eige sakshandsamingssystem for byggesakshandtering</p>			
RBO v/byggesak anskaffar modul til Elements, fagsystemet eByggesak, for å oppnå m.a. meir effektiv og lik sakshandsaming av byggesøknader. Kjøpet vert gjennomført i samråd med IKT og Fellestenester i Stord kommune.	ARN	31.12.2020	
<p>2. Iverksette tiltak for å sikre at avvikssystemet også vert nytta innanfor byggesakshandsaminga</p>			
Melde avvik på brot på lovbestemte tidsfristar i medhald av plan- og bygningslova i Compilo	ARN	31.12.2020	
Opplæring avvik i kvalitetssystemet Compilo	ARN	31.12.2020	
Revidere aktuelle byggesaksrutinar og sjekklister	ARN	31.12.2020	
<p>3. Etablere arbeidsrutinar som sikrar gjennomføring og oppfølging av tilsyn, irekna å vurdere om dei har tilstrekkelig kapasitet for å gjennomføre tilsyn i samsvar med målsetting og regelverk</p>			
Lage rutinar, malar for tilsyn m.m. i tråd med RBO sin tilsynsstrategi	ARN	31.12.2020	
Heve kompetanse på fagområdet tilsyn gjennom kurs, nettverksgrupper o.l.	ARN	31.12.2020	
Gjere nærare vurdering av RBO sin kapasitet til tilsyn	ARN	31.12.2020	
Redusert opningstid/telefonetid på byggesak for å frigjera tid til byggesakshandsaming og arbeid med tilsyn.	ARN	01.10.2020	
<p>4. Etablere og implementere tydelege samhandlingsrutinar mellom regulering, bygg og oppmåling (RBO), Stord kommunalteknikk (SKT) vass- og avløp (VA) og vegmynde</p>			
SKT Veg: Lage skriftleg informasjon til søkjarar om vegmynde sine krav i samband med søknad om avkjørsler og dispensasjon frå byggegrenser mot kommunal veg. Ferdigstille LEAN-prosjekt (søknad om avkjørsler og dispensasjon frå byggegrense) i samband med byggesaker.	RSA	31.12.2020	
SKT Veg: Revidera vegnormen til Stord kommune for meir føreseielege krav til vegstandard mm. i samband med utarbeiding av reguleringsplan og byggetiltak.	RSA	Starta opp	
SKT VA: Etablere ny rutine med førehandsuttale i høve kommunale vass- og avløpsleidningar i samband med søknad om tiltak etter plan- og bygningslova, i staden for dagens rutine med kun VA-kart	RSA/ARN	31.12.2020	
RBO (Byggesak), Plan, Veg og VA: Faste samhandlingsmøter min. 2 gangar pr. år	RSA/ARN	31.12.2020	
Veg- og VA mynde deltek på bransjemøta til RBO	RSA	31.12.2020	
SKT VA og RBO byggesak: Lage skriftleg rutine for kva som må vera sikra med omsyn til godkjenningar frå SKT når det gjeld VA (sløkkjevattn, VA-planar, ferdigmelding av sanitæranlegg m.m) i byggesaksprosessen før det kan gjevast løyve i eitt-trinn, rammeløyve, IG, bruksløyve, ferdigattest.	RSA/ARN	31.12.2020	

5. Prioritere arbeidet med å oppdatere det kommunale planverket		
Arbeid med revisjon av kommuneplanen med sikte på politisk handsaming i 2021. Kommunedelplan for Sagvåg-Litlabø vil verta lagt fram for første gongs handsaming i oktober 2020.	LVE	Starta opp
6. Sikre at all relevant rådgjeving og rettleiing vert dokumentert i samsvar med forvaltningslova		
Oppdatera rutinar med sikte på å dokumentera munnlege svar på førespurnader som notat eller i merknadsfeltet i Elements. Arkivere skriftlege svar på førespurnader i saker i Elements.	ARN	Snarast
Krevja førehandskonferansar i saker som berører andre mynde eller er av meir omfattande karakter	ARN	Snarast
7. Etablere tiltak for å sikre at førebels svar vert sendt ut på alle byggesaker kor sakshandsaminga overgår fire veker		
Krav ligg i rutinar. Lage mal for førebels svar	ARN	Snarast



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2019/133-17
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	24/20	08.09.2020

Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024.

Forslag til innstilling

1. Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024 for Stord kommune vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen erstattar plan for forvaltningsrevisjon gjeldande perioden 2016 – 2020.
3. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2024.
4. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å føreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
5. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av forvaltningsrevisjonar til kommunestyret etter kvart.

Samandrag

Føremålet med denne saka er å legg fram sak om plan for forvaltningsrevisjon for Stord kommune for perioden 2020 – 2024. Planen skal vidare til kommunestyret til endeleg avgjerd.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Risiko- og vesentlegvurdering - vedlegg til planar på kontrollfeltet 2020-2024.
- 2 Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024 for Stord kommune

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunelova § 23-3 Forvaltningsrevisjon lyder slik:

«Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegera til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

Dette inneber at kontrollutvalet innan utgangen av 2020 må syta for:

- å utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon i perioden 2020 – 2024
- å gjennomføra ein risiko- og vesentlegvurdering (ROV) av kommunen si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap som planen skal baserast på
- at planen vert vedteken av kommunestyret som kan delegera til kontrollutvalet å føreta endringar i planperioden.

Planverk på kontrollområdet for perioden 2016-2020 (kommunelova av 1992) opp mot Planverk på kontrollområdet for perioden 2020-2024 (kommunelova av 2018)

- Omgrepet selskapskontroll er teke ut av den nye kommunelova. Såleis vil det ikkje lenger vera noko som heiter plan for selskapskontroll, slik som i dag.
- Den delen som gjeld forvaltningsrevisjon i selskap skal vurderast i framtidig planverk for forvaltningsrevisjon i kommunen – altså forvaltningsrevisjon både innan kommunal forvaltning og forvaltningsrevisjon i selskap inn i same plan.
- Den delen som gjeld eigarskapsforvaltning skal inn i eige planverk for eigarskapskontroll.
- For ordens skuld kan og nemnast at omgrepet tilsyn er teke bort i ny omtale av kontrollutvalet sitt arbeid. «Kontroll og tilsyn» er erstatta av omgrep som «kontrollarbeidet». Omgrepet «tilsyn» vert heretter i hovudsak nytta om Fylkesmannen og andre statlege organ sine tilsynsfunksjonar.

Med bakgrunn i nytt lovverk, fatta kontrollutvalet slik vedtak 11.12.2019:

1. Kontrollutvalet ber KPMG gjennomføra risiko- og vesentlegvurderingar i Stord kommune, samt utarbeida forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024.
2. Forslag til prosjektplan av november 2019, med dei endringar som kom fram i møtet, ligg til grunn.
3. Det er ei målsetting at KPMG involverar kontrollutvalet i prosessen i dei neste kontrollutvalsmøta.
4. Det er vidare ei målsetting at forslag til plan for forvaltningsrevisjon for 2020 – 2024 skal leggest fram for kommunestyret 16.06.2020.

Proessen tok noko lenger tid, men utkast til plan er no klar.

KPMG har i sitt arbeid med risiko- og vesentlegvurdering m.a. gjennomført ein prosess som har inkludert samspel med ulike deler av kommunen – administrasjon, hovudverneombod og politikarar. Det har vore spørjeundersøking til seksjonsleiarane i kommunen og arbeidsmøte med kommunen. Det er difor gjort eit godt grunnlagsarbeid for utarbeiding av risiko- og vesentlegvurdering som ligg til grunn for forslag til plan for forvaltningsrevisjon.

Det er gjennomført to prosessmøte med kontrollutvalet. I møtet 11.03.20 vart det sett fokus på risikoar innanfor kommunen sine ansvarsområde og knytt til selskapa der kommunen har eigarinteresser. I møtet 18.05.20 vart det gjort ei førebels prioritering av dei viktigaste område det kan vera aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon innan.

Analysegrunnlag for plan for forvaltningsrevisjon blei lagt fram i kontrollutvalet sitt møte 18.05.20. Utkast til risiko- og vesentlegvurdering er meint som underlagsmateriale i samband med utveljing av forvaltningsrevisjonsprosjekt i Stord kommune, og skal i første rekke vera eit arbeidsdokument for kontrollutvalet.

Det føreligg også utkast til plan for forvaltningsrevisjon som ligg ved saka som vedlegg 2. Denne skal gjennomgåast av kontrollutvalet i dette møtet og tilrådde prosjekt skal endeleg prioriterast. Forslag til plan for forvaltningsrevisjon skal vidare til kommunestyret som fattar endeleg vedtak.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse for å dra i gang og gjennomføre planprosessen, m.a. gjennom vedtak i denne saka.

Når utkast til plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024 ligg føre, etter gjennomført prosess, skal kontrollutvalet innstille til kommunestyret, som vedtar planen, jf. kommunelova § 23-3.

Vurderingar og verknader

Det går fram at denne planen gjeld i perioden 2020 – 2024. Planen skal utarbeidast innan året etter kommunevalet. Neste kommuneval er i 2023, medan ferdigstilling av plan for forvaltningsrevisjon for neste periode truleg skjer i 2024, med nasjonal frist ved utgangen av 2024.

Ved utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon er det viktig å fokusera på risiko- og vesentlegvurderingar. I dette ligg det at det skal verta gjort ei vurdering av på kva område av kommunen si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap det er risiko for vesentlege avvik i høve dei vedtak, føresetnader og mål som er sett for verksemda.

Gjennom arbeid med risiko- og vesentlegvurderingar har ein vore innom mange område som kan vera aktuelle for framtidige forvaltningsrevisjonar. Det er gjort forslag om å sette opp ei prioritert gruppe for 7 av områda i prioritert rekkefølge. Dei øvrige områda vert å sjå på som ei uprioritert gruppe. Kontrollutvalet må ut frå dette ta stilling til om dei er einige i forslag til prioritering som no ligg føre.

Den førre planen for forvaltningsrevisjon i Stord kommune blei utarbeidd i 2016, og skulle gjelda for perioden 2016 - 2020. I denne planen vart det delegert til kontrollutvalet å gjera endringar, definera og avgrensa prosjekt, slik kommunelova opnar for. Dette vert tilrådd vidareført av praktiske omsyn, bl.a. for å kunna ta omsyn til ny aktualitet, utan å gå vegen om ein ny planprosess. Vidare bør det bli gjennomført ei evaluering av planen omlag midt i planperioden for å få vurdert om det har skjedd endringar i risikobiletet som gjer at planen bør endrast.

Kontrollutvalet pleier å senda forvaltningsrevisjonsrapportar over til kommunestyret for endeleg handsaming, etter kvart som innstilling føreligg frå utvalet. Dessutan vert kontrollutvalet si årsmelding rekna som ein del av den lovpålagte rapporteringa frå utvalet til kommunestyret. Sekretariatet skriv utkast til årsmelding på utvalet sine vegne, og vil som grunnlagsarbeid stilla spørsmål til administrasjonen om oppfølging av kommunestyret sine vedtak i samband med forvaltningsrevisjonsrapportar. Sekretariatet tilrår at denne oppfølginga skjer frå sekretariatet si side, og at det kan vera eit samspel med revisjonen der dette vert funne føremålstenleg. Det vert og synt til kommunelova § 23-7 der det m.a. står dette:

«Sekretariatet skal påse at de sakene som behandles av kontrollutvalget, er forsvarlig utredet, og at utvalgets vedtak blir iverksatt.»

Konklusjon

Sekretariatet meiner at utkast til plan for forvaltningsrevisjon 2020 – 2024 som ligg føre, er eigna for at ein no kan invitera kontrollutvalet til å gjera endeleg prioritering av prosjekt i planen. Kontrollutvalet står fritt til å gjera endringar innafor forslag til plan, ein kan endra på rekkjefølgje når det gjeld prioriteringar, trekka frå eller leggja til prosjekt i planen. Etter at kontrollutvalet har gjort sine prioriteringar skal planen leggjast fram for kommunestyret for endeleg avgjerd.



Risiko- og vesentlegvurdering

Vedlegg til Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024
Stord kommune

Juni 2020

www.kpmg.no



Innhold

1. Bakgrunn og føremål	1
1.1 Bakgrunn	1
1.2 Føremål	1
1.3 Framgangsmåte og involvering	1
2. Oppsummerande risikovurdering	2
3. Kommunen sitt eigarskap	6
3.1 Selskap som er omfatta av kommuneloven § 23-6, første ledd	6
3.2 Andre selskap kor kommunen har eigarinteresser	10
3.3 Organisasjonar kor Stord har deltakarinteresse	11
4. Risiko- og vesentlegvurdering - av kommunen si verksemd	12
4.1 Operativ risiko	12
4.2 Regulatoriske risikoar	15
4.3 Strategiske risikoar	16
4.4 Forvaltningsrevisjon i selskap	17
5. Risiko- og vesentlegvurdering – av kommunen sitt eigarskap	19
5.1 Generell eigarstyring	19
5.2 Selskap identifisert for selskapskontroll	19
Vedlegg 1 Framgangsmåte og involvering	21
Teoretisk fundament	21
Prosess	22

1. Bakgrunn og føremål

1.1 Bakgrunn

Etter kommuneloven § 23-3, andre ledd, skal kontrollutvalet minst ein gong i valperioden utarbeide ein plan som viser kva område det skal gjennomførast forvaltningsrevisjonar innanfor. Vidare går det fram av kommuneloven § 23-4, andre ledd, at kontrollutvalet også i løpet av valperioden skal utarbeide ein plan som viser kva eigarskapskontrollar som skal gjennomførast. Planane skal utarbeidast seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert og skal baserast på risiko- og vesentlegvurderingar av kommunen si verksemd, kommunen sine selskap og kommunen sitt eigarskap.

Kontrollutvalet i Stord kommune bestilte i møtet 11.12.2019 ei risiko- og vesentlegvurdering frå KPMG som grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll, som skal gjelde i perioden 2020-2024.

1.2 Føremål

Føremålet med risiko- og vesentlegvurderinga er å identifisere kor det er størst behov for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i fireårsperioden 2020-2024.

KPMG har gjennomført ein analyse av risiko og vesentlegheit i Stord kommune. Denne analysen presenterer identifiserte område/hendingar med risiko for vesentlege avvik i den kommunale verksemda og i selskap som er knytt til kommunen. Analysen dannar grunnlaget for kontrollutvalet si prioritering av område som kan vere gjenstand for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i planperioden og kontrollutvalet si innstilling til plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Planane blir vedtatt i kommunestyret.

Basert på planane vil kontrollutvalet få gjennomført enkeltstående forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar. Det er ved bestilling av enkeltstående revisjonar at tema spissast og operasjonaliserast når det gjeld til kva og korleis revisjonen skal innrettast. Risiko- og vesentlegvurderinga identifiserer først og fremst område for forvaltningsrevisjon, i planane for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll går det fram tema som *kan* vere aktuelle for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Samstundes er det ved bestilling av enkeltstående prosjekt at ein spissar og operasjonaliserer kva tema som skal vere gjenstand for revisjon og kva problemstillingar revisjonen skal svara på.

1.3 Framgangsmåte og involvering

Vi har gjennomført ein prosess som har inkludert samspel med ulike deler av kommunen; administrasjon, hovudverneombod og politikarar frå kontrollutvalet.

Arbeidet har vore delt i tre hovudbolkar:

1. Kartlegge og forstå kommunen
2. Arbeidsmøte med kommunen for å etablere og verifisere mulege område for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll
3. Dokumentere analysen

For nærare skildring av framgangsmåten, sjå vedlegg 1.

2. Oppsummerande risikovurdering

I den følgjande tabellen oppsummerer vi dei identifiserte områda som kan vere aktuelle for forvaltningsrevisjon og/eller eigarskapskontroll¹, med tilhøyrande vurdert risiko. I tabellen presenterer vi område/hendingar, aktuell eining og gjev ei oppsummerande skildring av området og identifisert hending. I kapittel 4 og 5 er det gjort ein meir detaljert skildring av område og tilhøyrande risiko.

I den ytste kolona er det gjort ei vurdering av risikoen, som eit produkt av sannsyn og konsekvens – i samsvar med figur 2, vedlegg 1. Grøn indikerer relativt låg risiko. Gul indikerer middels risiko. Risikoane som er definert som høge er markert raude.

Område/hending	Aktuell eining	Oppsummerande skildring	Risiko
Operativ risiko			
Førebyggjande arbeid for barn og unge	Rehabilitering, helse og omsorg (RHO) og Oppvekst og kultur (OKU)	Førebyggjande tenester til å handtera psykososiale utfordringar hos barn, unge og familiar vert nemnd som ei særleg utfordring i Stord kommune. Det er ikkje alltid tydeleg avklart kor ansvar for barn og unge med behov for hjelp ligg. Det er også kome innspel på at ved resursutfordringar er det gjerne det tverrfaglege samarbeidet mellom dei ulike avdelingane som fell vekk.	
Beredskap; hendingar og katastrofar	Heile kommunen	Kommunen er utsett for fleire eksterne, store risikoar knytt til mellom anna geologi og infrastruktur. I 2020 har kommunen sin beredskap vorte sett på prøve med handteringa av pandemien som følgje av Covid-19 viruset. Vidare er det også knytt risiko til kommunen sin digitale beredskap.	
Effektivitet og kvalitet innanfor helse- og omsorg	Rehabilitering, helse og omsorg (RHO)	Stord kommune har høge driftsutgifter til pleie og omsorg. Samstundes opplever RHO at ressursane ikkje er i samsvar med behova, og at grunnbemanninga innanfor helse og omsorg er redusert til eit minimum. Prognosane tilseier at Stord kommune vil ha ein sterk auke i eldre i kommunen i framtida. Samstundes som kommunen må arbeide for å redusere kostnader.	
Økonomisk berekraft	Heile kommunen	Stord har økonomiske utfordringar knytt til dei økonomiske rammevilkåra, irekna kommunane sitt inntektssystem og redusert folkevekst. Kommunen har også aukande drifts- og kapitalkostandar som	

¹ Eit selskap kan vere aktuelt både for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Område/hending	Aktuell eining	Oppsummerande skildring	Risiko	
Læring og psykososialt skulemiljø		følgje av nye investeringar. Kommunen har etablert økonomiske handlingsreglar, men budsjettet for 2020 oppfyller ikkje desse.		
	Oppvekst og kultur (OKU)	Stord kommune scorer betydeleg dårlegare enn landsgjennomsnittet på nasjonale prøvar i rekning på 4. og 8. trinn og på elevundersøkinga i høve vurdering av læring og motivasjon. Enkelte skular har hatt store utfordringar knytt til mobbing.		
	Busetting av flyktningar	Oppvekst og kultur (OKU) og Rehabilitering, helse og omsorg (RHO)	Kommunen er pålagt å sikre at flyktningane har ein bustad, har eit introduksjonsprogram som mellom anna inneber norskopplæring, får tilbod om helse- og omsorgstenester og at born og unge får eit fullverdig skule- og barnehagetilbod. Det har tidlegare vore utfordringar knytt til korleis busettnadsstrukturen i kommunen har vore. Kommunen har etablert mål for busetting og integrering av flyktningar. Det opplevast å vere noko usikkert korleis flyktningtilbodet i kommunen fungerer.	
	Samarbeid i NAV	Rehabilitering, helse og omsorg (RHO)	Administrasjonen er nøgd med samarbeidet mellom kommunen og NAV stat, men vurderer samstundes at det kunne vore hensiktsmessig å gjere ei evaluering av korleis samarbeidet fungerer.	
Regulatorisk risiko				
Oppfølging av arbeidsmiljøloven	Heile kommunen	Det vart sett spørsmål ved kommunen sitt systematiske arbeid med helse, miljø og tryggleik (HMS). Det er vedtatt eit HMS-system i kommunen, men det er usikkerheit knytt til korleis dette vert følgt opp. I arbeidsmøte var spesielt oppfølging av HMS i utbyggingsprosjekt nemnd som ein aktuell risiko.		
		Det vart også satt spørsmål ved om førebygging og oppfølging av sjukefråvær i kommunen vart gjort i tilstrekkelig grad.		
Personvern og informasjonssikkerheit	Heile kommunen	I kommunal verksemd har personvern og informasjonssikkerheit ein høg ibuande risiko, då dei handterer ei rekkje sensitive opplysningar om sine innbyggjarar og tilsette.		
Barnevern	Oppvekst og kultur (OKU)	Det vart gjennomført ein forvaltningsrevisjon av barnevernet i kommunen i 2016. Revisjonen synte avvik både knytt til barnevernet sin internkontroll og brot på regelverket. Stord kommune har ved dei		

Område/hending	Aktuell eining	Oppsummerande skildring	Risiko
		seinare åra fått fleire stevningar knytt til tapt barndom.	
Strategisk risiko			
Handtering av endra rammevilkår	Heile kommune	Kommunen opplever stadig endringar i rammevilkåra, irekna oppgåvefordelinga mellom stat, fylkeskommune og kommune. Dette påverkar mellom anna kostnadsbiletet til kommunen og set også nye krav til kompetase. I arbeidsmøte vart det spesielt peikt på endringar knytt til barn og unge med vanskar innanfor helse, rus, og barnevern – kor oppgåver vert overført frå spesialsthesetena til kommunen. Forholdet mellom kommunen og spesialsthesetena vert opplevd som uavklart i enkelte saker.	
Manglande kompetanse	Heile kommunen	Tenestebehov og ivaretaking av behovet endrar krav til både kompetanse og samansettinga av denne. Også Stord kommune opplever det som utfordrande å sikre seg riktig og tilstrekkeleg kompetanse. Dette utgjør ein risiko for mangelfulle tenester.	
Mangelfull måloppnåing knytt til miljø	Heile kommunen	I samfunnet er det eit aukande fokus på miljø og berekraftig verksemd. Mangelfullt fokus på klima og miljø, kan innebære ein omdømerisiko for kommunen.	
Forvaltningsrevisjon i selskap			
Sunnhordland interkommunale legevakt IKS	Selskap	Selskapet utfører ein viktig del av kommunen sine oppgåver, samstundes er det ein risiko for at kommunen har mindre kontroll på oppgåver som er sett ut i eigne selskap.	
Sunnhordland interkommunale miljøverk IKS	Selskap	Selskapet utfører ein del av kommunen sine oppgåver, samstundes er det ein risiko for at kommunen har mindre kontroll på oppgåver som er sett ut i eigne selskap. Det er ein ibuande risiko for ulovleg kryss-subsidiering i selskapet.	
Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS	Selskap	Selskapet utfører ein viktig samfunnsfunksjon på vegne av kommunen.	
Eigarskapskontroll			
Generell eigarstyring	Eigarstyring	Selskapskontrollen som vart gjennomført i 2019 synte nokon svakheiter ved kommunen si eigarstyring. Kommunen sin praksis samstemte	

Område/hending	Aktuell eining	Oppsummerande skildring	Risiko
		ikkje fult ut med etablerte tilrådingar og gjer at det kan vere ein risiko for at kommunen si eigarstyring ikkje er tilstrekkelig for å sikre god kontroll med oppgåver som er sett ut i egne selskap.	
Sunnhordland Lufthavn AS	Selskap	Den økonomiske utviklinga i selskapet er ikkje i samsvar med kommunen sitt føremål med eigarskapet. Rekneskapet til Sunnhordland Lufthavn viser negative resultat dei to siste åra. Selskapet vart løyva eit større lån frå eigarane i 2020. Eigarskapet kan innebere ein økonomisk risiko for kommunen.	
Stord kommunale utviklingsselskap AS	Selskap	Dette selskapet er nyoppretta i 2020. Det kan vere hensiktsmessig å vurdere om kommunen har fått på plass ynskja styringsstruktur av selskapet når det har vore i drift ei tid.	
Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS	Selskap	Det går fram at kommunen ikkje har faste rutinar for å behandle saker angående selskapet. Dette var eit prioritert prosjekt i førre plan for selskapskontroll, men det er hittil ikkje gjennomført.	
Sunnhordland interkommunale legevakt IKS	Selskap	Selskapet er organisert som eit interkommunalt selskap. Andre interkommunale samarbeid om legevaktstenester har gjerne andre samarbeidsformer.	

Frå arbeidsmøta med politikarane og administrasjonen vart følgjande område/hendingar nemnt som særleg aktuelle for forvaltningsrevisjon:

- ✓ Oppfølging av arbeidsmiljøloven
- ✓ Læring og psykososialt skulemiljø
- ✓ Manglande kompetanse
- ✓ Handtering av endra rammevilkår
- ✓ Busetting av flyktningar
- ✓ Førebyggjande arbeid for barn og unge
- ✓ Økonomisk berekraft
- ✓ Sunnhordland interkommunale legevakt IKS
- ✓ Beredskap; hendingar og katastrofar
- ✓ Effektivitet og kvalitet innanfor helse- og omsorg
- ✓ Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS

I plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll går det fram kva prosjekt som er prioritert gjennomført i perioden.

3. Kommunen sitt eigarskap

I dette kapitelet gir vi ei oversikt over alle selskapa kommunen har eigarskap i. Irekna aksjeselskap, interkommunale selskap og kommunale oppgåvefelleskap.

Kommuneloven § 23-6 og § 24-10 omtalar innsynsretten til kontrollutvalet og revisor. Etter kommuneloven §23-6, første ledd, kan kontrollutvalet og revisor (jmf. §24-10) krevje opplysningar for å gjennomføre kontroll i følgjande type selskap:

- a) *interkommunale selskaper etter IKS-loven*
- b) *interkommunale politiske råd*
- c) *kommunale oppgåvefelleskap*
- d) *aksjeselskap der en kommune eller fylkeskommune alene eller sammen med andre kommuner, fylkeskommuner eller interkommunale selskaper direkte eller indirekte eier alle aksjer.*

Kommuneloven § 23-6, femte ledd seier vidare at:

Kontrollutvalgets innsynsrett og rett til å foreta undersøkelser etter første og andre ledd gjelder på tilsvarende måte overfor andre virksomheter som utfører oppgaver på vegne av kommunen eller fylkeskommunen. Innsynet og undersøkelsene skal imidlertid bare omfatte det som er nødvendig for å undersøke om kontrakten blir oppfylt.

Sjølv om det vil vere selskapa som er omtala etter §23-6, første ledd, som vil vere aktuelle for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll har kontrollutvalet også innsynsrett ovanfor selskap som utfører oppgåver på vegne av kommunen. Dette kan for eksempel vere selskap som kommunen eig saman med private, heilt privateigde selskap og stiftelsar. Kontrollutvalet sin rett til innsyn og undersøkingar i selskap utover § 23-6, omfattar berre det som er nødvendig for å undersøke om kontrakten vert oppfylt. Samstundes vil det vere naudsynt at kommunen har inngått ein avtale med dei aktuelle selskapa om rett til innsyn, for at kontrollutvalet og revisor kan krevja rett til kontroll².

Vi har i den vidare omtalen skilt mellom dei selskapa som er omfatta av kommuneloven § 23-6, første ledd, kor kontrollutvalet kan krevje dei opplysningane som er nødvendige for å gjennomføre sin kontroll – det er desse selskapa som vil vere aktuelle for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. I tillegg presenterer vi nøkkeltal frå andre selskap kor kommunen har eigarskap. I samsvar med kommuneloven §23-6, kan kontrollutvalet også gjere undersøkingar i desse selskapa i høve om eventuelle kontraktar med kommunen vert oppfylt.

3.1 Selskap som er omfatta av kommuneloven § 23-6, første ledd

Her følgjer eit oversyn over dei interkommunale selskapa og aksjeselskapa som kontrollutvalet har innsynsrett i etter kommuneloven § 23-6, første ledd. Vi presenterer her føremålet med selskapet, kommunen sin eigardel og nøkkeltal i høve eigenkapitaldel³, driftsinntekter og årsresultat for dei tre siste åra.

² Tolkingsuttale frå kommunal- og moderniseringsdepartementet, [§ 23-6 : Innsyn og undersøkelser i selskaper o.l.](#), 2020.

³ Eigenkapitaldelen viser del eigenkapital av total kapital i selskapet. Den syner kor stor del av eigendelane i selskapet som er finansiert med eigenkapital, i motsetning til med finansiering via lån. Grad av eigenkapital er eit uttrykk for selskapet sin soliditet.

3.1.1 Sunnhordland Lufthavn AS

Sunnhordland Lufthavn AS			
Selskapsform	AS		
Stiftingssår	1983		
Føremål	Føremålet er definert i vedtektene: «Selskapet sitt formål er å planleggja, finansiera og driva lufthamn på Stord, og i samband med dette delta i andre selskap med liknande verksemd. Flytryggleiken har og skal ha høgaste prioritet i selskapet.» Stord kommune eig selskapet saman med fylkeskommunen.		
Kommunen sin eigardel	79 %		
Tilsette	21		
Nøkkeltall	2018	2017	2016
Eigenkapitaldel	8,8 %	11,1 %	11,3 %
Driftsinntekter (hele kr)	Kr. 30 010 000	Kr. 28 944 000	Kr. 30 134 000
Årsresultat	Kr. - 262 000	Kr. - 288 000	Kr. 127 000

Selskapet har svak likviditet og soliditet. Lønnsemnda er ikkje tilfredsstillande.

3.1.2 Podlen Verkstad AS

Podlen Verkstad AS			
Selskapsform	AS		
Stiftingssår	1990		
Føremål	Føremålet er definert i vedtektene: "Bedrifta sitt føremål er å arrangera eitt eller fleire av NAV sine arbeidsmarknadstiltak. Selskapet sitt samla overskot skal vera i verksemda, og disponerast til føremål som styrkjer drifta framover."		
Kommunen sin eigardel	100 %		
Tilsette	8		
Nøkkeltall	2018	2017	2016
Eigenkapitaldel	57,6 %	54,1 %	52,7 %
Driftsinntekter (hele kr)	Kr. 8 593 000	Kr. 8 214 000	Kr. 7 684 000
Årsresultat	Kr. 240 000	Kr. 39 000	Kr. 112 000

Selskapet har god likviditet og soliditet. Det blei gjennomført selskapskontroll som inkluderte eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon i 2019.

3.1.3 Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS

Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS			
Selskapsform	IKS		
Stiftingssår	1981		
Føremål	Føremålet er definert i vedtektene: "Føremålet med selskapet er interkommunalt samarbeid på generell basis med særleg vekt på alle typar tiltaksarbeid og utviklingsarbeid. Selskapet skal ta opp saker som kan fremja utviklinga av Sunnhordland, og leggja dei fram til drøfting og utgreiing." Selskapet vert eigd saman med Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Sveio og Tysnes kommune.		
Kommunen sin eigardel	12,5 %		
Tilsette	8		
Nøkkeltall	2018	2017	2016
Eigenkapitaldel	28,5 %	29,1 %	26,6 %
Driftsinntekter (hele kr)	Kr. 3 870 000	Kr. 3 664 000	Kr. 3 642 000
Årsresultat	Kr. 297 000	Kr. 157 000	Kr. 309 000

Selskapet har god likviditet og soliditet.

3.1.4 Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS

Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS			
Selskapsform	IKS		
Stiftingssår	2002		
Føremål	Føremålet er definert i vedtektene: "Selskapet sitt føremål er å arbeide for at for at verdifullt arkivmateriale i deltakarkommunane vert tatt vare på og sikra som informasjonskjelder for samtid og ettertid, og gjort tilgjengeleg for offentleg verksemd, forskning og andre administrative og kulturelle formål, jf. Lov om arkiv § 6." Selskapet er eigd saman med 21 andre kommunar.		
Kommunen sin eigardel	4,61 %		
Tilsette	9		
Nøkkeltall	2018	2017	2016
Eigenkapitaldel	Ikkje tilgjengelig	Ikkje tilgjengelig	Ikkje tilgjengelig
Driftsinntekter (hele kr)	Ikkje tilgjengelig	Ikkje tilgjengelig	Ikkje tilgjengelig
Årsresultat	Ikkje tilgjengelig	Ikkje tilgjengelig	Ikkje tilgjengelig

3.1.5 Krisesenter Vest IKS

Krisesenter Vest IKS			
Selskapsform	IKS		
Stiftingssår	2011		
Føremål	Føremålet er definert i vedtektene: «Selskapet skal, på vegne av eierkommunene, sikre etterlevelse av krisesenterlovas § 2 a), b) og c). Selskapet skal være et rådgivende organ for eierkommunene i etterlevelse av lovens § 2 d). Selskapet har ikke som formål å drive virksomhet som gir utbytte til eierkommune». Selskapet eigast saman med Bokn, Bømlo, Etne, Fitjar, Haugesund, Karmøy, Kvinnherad, Odda, Sauda, Suldal, Sveio, Tysnes, Tysvær, Utsira, Ullensvang og Vindafjord kommune.		
Kommunen sin eigardel	10,43 %		
Tilsette	30		
Nøkkeltall	2018	2017	2016
Eigenkapitaldel	Ikkje tilgjengelig	Ikkje tilgjengelig	Ikkje tilgjengelig
Driftsinntekter (hele kr)	Ikkje tilgjengelig	Ikkje tilgjengelig	Ikkje tilgjengelig
Årsresultat	Ikkje tilgjengelig	Ikkje tilgjengelig	Ikkje tilgjengelig

3.1.6 Sunnhordland Interkommunale Legevakt IKS

Sunnhordland Interkommunale Legevakt IKS			
Selskapsform	IKS		
Stiftingssår	2014		
Føremål	<p>Føremålet er definert i vedtektene:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Selskapet skal ivareta eigarane si plikt til å ha legevaksordning i samsvar med gjeldande lov- og avtaleverk 2. Selskapet skal gjennom drift av sengeavdeling ivareta eigarane si plikt til å ha plassar for øyeblikkeleg hjelp (KAD-plassar) i samsvar med gjeldande lov- og avtaleverk. 3. Selskapet skal gjennom stabil bemanning, systematisk kvalitetssikring og vekt på fagkompetanse sikra ei robust og god teneste for alle innbyggjarane i eigarkommunane. 4. Selskapet kan etter førespurnad frå eigarane ta på seg nye oppgåver for eigarkommunane. 5. Selskapet kan ta på seg oppgåver for andre kommunar. 6. Selskapet har ikkje erverv til føremål. <p>Selskapet vert eigd saman med Bømlo og Fitjar kommune.</p>		
Kommunen sin eigardel	55,7 %		
Tilsette	95		
Nøkkeltall	2018	2017	2016
Eigenkapitalandel	31,9 %	44,9 %	46,4 %
Driftsinntekter (hele kr)	Kr. 37 047 113	Kr. 35 238 495	Kr. 17 676 993
Årsresultat	Kr. – 350 622	Kr. 5 253 050	Kr. 1 422 595

3.1.7 Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS			
Selskapsform	IKS		
Stiftingssår	1990		
Føremål	<p>Føremålet er definert i vedtektene:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Innsamling og transport av alle avfallstypar etter nærare avtale med kommunane. 2. Bygging og drift av behandlingsanlegg for avfall. 3. Selskapet skal, der dette er naturleg, søkja å etablera samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap med tanke på å få til rasjonelle og miljøretta løysingar, t.d. når det gjeld attvinning. 4. Selskapet har ikkje erverv til føremål <p>Selskapet vert eigd saman med Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Sveio og Tysnes kommune.</p>		
Kommunen sin eigardel	27,75 %		
Tilsette	52		
Nøkkeltall	2018	2017	2016
Eigenkapitalandel	70,6 %	65,6 %	65,6 %
Driftsinntekter (hele kr)	Kr. 89 506 00	Kr. 89 096 000	Kr. 87 329 000
Årsresultat	Kr. 10 656	Kr. 3 044 000	Kr. 1 900 000

Selskapet har god likviditet og soliditet.

3.1.8 Stord Kommunale Eigedomsselskap AS

Stord Kommunale Eigedomsselskap AS	
Selskapsform	AS
Stiftingssår	2001
Føremål	Føremålet er definert i vedtektene: «eiga, kjøpa og selja eigedomar ved aksjekjøp, sal av aksjar eller på anna måte, byggja ut og driva

	<i>næringsseigedomar og infrastruktur av teknisk karakter. Selskapet kan og engasjera seg i liknande verksemdar.»</i>		
Kommunen sin eigardel	100 %		
Tilsette	0		
Nøkkeltall	2018	2017	2016
Eigenkapitalandel	11,8 %	14,5 %	12,1 %
Driftsinntekter (hele kr)	Kr. 5 374 000	Kr. 5 354 000	Kr. 5 173 000
Årsresultat	Kr. 1 109 000	Kr. 966 000	Kr. 1 082 000

Selskapet har god likviditet og tilfredsstillande soliditet. Det er planlagt at selskapet skal bli eit dotterselskap av nystifta Stord kommunale utviklingsselskap AS

3.1.9 Stord kommunale utviklingsselskap AS

Kommunestyret vedtok i møte 13.02.2020, sak 5/20, å opprette selskapet Stord kommunale utviklingsselskap som eit heileigd kommunalt aksjeselskap. Selskapet vart stifta 31.03.2020.

Føremålet med selskapet er:

Utvikle, eige, kjøpe og selje eigedomar ved aksjekjøp og aksjesal eller på annan måte. Selskapet skal vere morselskap til dotterselskap som Stord kommune eigar alle aksjane i eller dotterselskap som Stord kommune er aksjonær i saman med andre aksjeeigarar.

Stord kommunale utviklingsselskap AS vil bli morselskapet til Stord Kommunale Eigedomsselskap AS.

3.1.10 Forum for oppvekst i Sunnhordland

Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) er eit samarbeid mellom kommunane Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord og Sveio. Kommunane samarbeider gjennom FOS om oppgåver som ein ynskjer løyst regionalt. Hovudoppgåva til FOS er å utføre kompetanseheving for kommunalt tilsette og andre samarbeidsaktørar. Organisasjonen arrangerer felles kurs og kompetansehevande aktivitetar for kommunane.

På tidspunkt for gjennomføring av risiko- og vesentlegvurderinga har Stord kommune bestilt ein prosjektplan for ein forvaltningsrevisjon av samarbeidsorganet. Denne skal handsamast i kontrollutvalet til Stord kommune og dei andre samarbeidskommunane.

3.2 Andre selskap kor kommunen har eigarinteresser

Selskap	Driftsinntekter (2018)	Årsresultat (2018)	Kommunen sin eigardel
Atheno AS	Kr. 9 689 000	Kr. - 97 000	13,13 %
Biblioteksentralen SA	Kr. 125 324 000	Kr. - 7 127 000	0,26 %
Dag og Tid AS	Kr. 30 714 000	Kr. - 9 000	0,009 %
E 134 Haukelivegen AS	Kr. 1 214 000	Kr. - 195 000	2,86 %
Filmparken AS	Kr. 10 700 000	Kr. 703 000	0,0000005%
Hordfast AS	Kr. 1 700 000	Kr. - 180 000	3,37 %
Huglabutikken AS	Kr. 4 704 000	Kr. 54 000	10,77 %
Innkjøp Markedsføring og Salgskjeden AS	Kr. 9 692 000	Kr. 18 000	1,16 %
Kinoalliansen AS	Kr. 1 030 000	Kr. 18 000	4 %
Litlabø - Sagvåg Samfunnshus BA	<i>Ikkje tilgjengeleg</i>	<i>Ikkje tilgjengeleg</i>	65,42 %
LL Det Norske Teatret AS	Kr. 254 980 000	Kr. - 2 840 000	0,16 %
Opero AS	Kr. 38 388 000	Kr. 475 000	28,03 %
Orkla ASA	Kr. 869 000 000	Kr. 2 369 000 000	0,00025 %
Sunnhordland Kraftlag AS	Kr. 1 258 663	Kr. 346 051	2,138 %

Sunnhordlandsambandet AS	Kr. 520 000	Kr. 8 000	7,41 %
KLP	Kr. 46 817 000 000	Kr. 1 780 000 000	0,24 %

3.3 Organisasjonar kor Stord har deltakarinteresse

Kontrollutvalet vil også kunne gjennomføre kontrollar i korleis kommunen forvaltar medlemskap i organisasjonar. Stord kommune er medlem i følgjande organisasjonar:

- ✓ Film og kino
- ✓ Friluftsrådet Vest
- ✓ Maritime Cleantech
- ✓ Landssamanslutninga for nynorskkommunar
- ✓ Transparency International Norge
- ✓ Ungt Entreprenørskap Hordaland

4. Risiko- og vesentlegvurdering

- av kommunen si verksemd

I dette kapitelet presenterer vi identifiserte område/hendingar som er vurdert som særleg relevante for forvaltningsrevisjon. Det vil sei områder kor det er identifisert risikoar for mangelfull verksemd og tenestetilbod. Områda som vert presentert er vurderte som vesentlege, ved at det er særleg viktige/sentrale område for kommunen. Risikoane er gruppert i hovudbolkane; operative risikoar, strategiske risikoar og regulatoriske risikoar⁴.

4.1 Operativ risiko

4.1.1 Økonomisk berekraft

Stord kommune har økonomiske utfordringar knytt til rammevilkår, irekna kommunane sitt inntektssystem og redusert folkevekst. Kommunen har også aukande drifts- og kapitalkostnader som følgje av nye investeringar. Kommunen har etablert økonomiske handlingsreglar, men budsjettet for 2020 oppfyller ikkje dei økonomiske handlingsreglane til kommunen. I økonomiplanperioden er dei økonomiske utfordringane aukande, som følgje av fleire store investeringar som er vedtatt i økonomiplanperioden og tilhøyrande auka lånegjeld.

Vidare har kommunen eit næringsliv som til dels er sterkt konjunkturavhengig, noko som også kan få direkte konsekvensar for skatteinntektene til kommunen. Ved pågåande arbeid med risiko- og vesentlegvurderinga er heile Noreg ramma av ein pandemi, som også rammar kommuneøkonomien.

Ved meir usikre økonomiske utsikter vil det vere viktig at kommunen sikrar tett og føreseieleg oppfølging av økonomien. Det er vesentleg at kommunen har god oversikt over rekneskapet, slik at ein kan identifisere budsjettoverskridingar og verksette tiltak tidlig. I høve å sikre god økonomistyring, er det også viktig at kommunen har gode system for å sikre at dei får inn inntektene dei har krav på. Tradisjonelt i offentleg forvaltning er ein gjerne betre på oppfølging av kostnadane, enn inntektene.

Stord kommune har også planlagt fleire store investeringsprosjekt, som vil ha effekt både på kommunen sitt investerings- og driftsbudsjett. Det vart gjennomført ein forvaltningsrevisjon av prosjektstyring og oppfølging av investeringar i 2018. Denne synte at risiko/usikkerhet ikkje gjekk fram av kalkylane som vart nytta som «case» i forvaltningsrevisjonen og det var ikkje utarbeid eigne rutinar for kva grunnlag som skulle nyttast ved utarbeidinga av kalkylar og vurdering av usikkerheit i prosjekta.

Økonomiske utfordringar kan potensielt påverke tenestetilbodet til heile kommunen, og det er dermed ein risiko med alvorleg konsekvens. Samstundes går er det fram at dette er eit fokusområde i kommunen, at ein har sterkt fokus på kostnadseffektivitet og økonomisk bærekraft og at det er verksett fleire prosjekt som ser på dette. Dermed er nettorisikoen vurdert til å vere middels.

⁴ Risikoar kan vere tilhøyrande fleire bolkar.

4.1.2 Effektivitet og kvalitet innanfor helse- og omsorg

Stord kommune har høgare driftsutgifter til helse- og omsorgstenester pr. innbyggjar enn landsgjennomsnittet og kommunen si KOSTRA-gruppe⁵. Samstundes har Stord færre institusjonsplassar og færre bebuarar som er 80 år og eldre i institusjon. Fagavdelinga rehabilitering, helse og omsorg (RHO) opplever at ressursane ikkje er i samsvar med behova, og at grunnbemanninga innanfor helse og omsorg er redusert til eit minimum. Det er også eit opplevd press på heimetenestene, ved at det er fleire hjelpetrengande som bur i eigen heim lengre enn ynskjeleg.

Prognosane tilseier samstundes at Stord kommune vil ha ein sterk auke i tall eldre i framtida. Samstundes må kommunen arbeide for å redusere kostnader. For å få til reduksjon i tenestene vil kommunen satse på bruk av velferdsteknologi og dei førebyggjande tenestene.

Det kan vere risiko knytt til at kommunen ikkje prioriterer ressursane innanfor helse- og omsorg hensiktsmessig. Samstundes kan reduksjonar i tenestetilbodet utgjere ein risiko for at ikkje alle lovpålagte oppgåver vert gjennomført.

4.1.3 Førebyggjande arbeid for barn og unge

For å sikre gode oppvekstvilkår for barn og unge, er det førebyggjande arbeidet viktig. Ein ser ikkje effekten av førebygging, noko som også kan utgjere ein risiko for at dette området vert nedprioritert. Det er også ein risiko for at førebyggjande tenester ikkje vert prioritert, då kommunen er i ein krevjande økonomisk situasjon kor kommunen gjerne må prioritere dei lovpålagte oppgåvene.

Førebyggjande tenester til å handtera psykososiale utfordringar hos barn, unge og familiar vert nemnd som ei særleg utfordring i Stord kommune.

Det er ikkje alltid tydeleg avklart kor ansvar for barn og unge med behov for hjelp ligg, då desse ofte er i grensesnittet mellom fagavdelingane oppvekst og kultur (OKU) og rehabilitering, helse og omsorg (RHO). I arbeidet med risiko- og vesentlegvurderinga er det også kome innspel på at ved resursutfordringar er det gjerne det tverrfaglege samarbeidet mellom dei ulike avdelingane som fell vekk. I Stord kommune arbeider ein etter samhandlingsmodellen Betre tverrfagleg innsats (BTI), som er ein prosedyre for tverrfagleg innsats og samarbeid mellom tenesteutførarane i OKU⁶.

Det vart gjennomført ein forvaltningsrevisjon innanfor rus og psykisk helse i 2018, som blant anna såg på samarbeid og koordinering mellom tenesteytarane i kommunen. I denne revisjonen vart det vurdert at overgangane mellom tenestene i tenesteområda OKU (då Oppvekst og utdanning (OUT)) og RHO var eit risikoområde og at informasjonsutvekslinga og koordineringa mellom tenesteytarane som arbeide opp mot denne brukargruppa kunne forbetrast.

Førebyggjande helsearbeid og samhandling mellom tenester for barn og unge var eit prioritert prosjekt i førre periode, utan at dette vart gjennomført.

I høve sannsyn og konsekvens er denne risikoen vurdert til å vere høg. Konsekvensen av manglande førebyggjande arbeid kan vere høg for barn og unge, medan sannsynet er vurdert til å vere middels.

⁵ KOSTRA-gruppe er Statistisk sentralbyrå (SSB) sin standard for kommuneinndeling, basert på fleire indikatorar. Formålet med å dele kommunane inn i KOSTRA-grupper er å kunne samanlikne nøkkeltal på tvers av samanliknbare kommunar. Stord kommune høyrer til KOSTRA-gruppe 8.

⁶ BTI skildrar den samanhengande innsatsen i og mellom tenestane retta mot born, unge og familiar som ein er uroa for. Samhandlingsmodellen skildrar ein samhandlingsstruktur i kommunen og skal bidra til tidleg innsats, samordna tenester og føresetteinvolvering.

4.1.4 Læringsmiljø og psykososialt skulemiljø

Data frå nasjonale prøvar syner at Stord kommune scorer betydeleg dårlegare enn landsgjennomsnittet på nasjonale prøvar i rekning på 4. og 8. trinn. Vidare scorer Stord dårleg på elevundersøkinga i høve vurdering av læring og motivasjon. Frå arbeidsmøte går det fram at enkelte skular har hatt store utfordringar knytt til mobbing og at det har vore mykje fokus på førebygging og oppfølging av elevane sitt skulemiljø på Stord.

Samhandling mellom PPT og skule var eit prioritert prosjekt i førre periode, og definert som ein høg risiko. Det er ikkje gjennomført forvaltningsrevisjon på temaet i perioden 2016-2020. Det er også gitt innspel om at kvalitetssikringa av tilbodet som vert gjeve til born med spesielle behov med tanke på innhald og tidsressurs ikkje alltid er tilstrekkelig. Læringsmiljø var eit uprioritert prosjekt i førre plan for forvaltningsrevisjon. Det vart ikkje gjennomført forvaltningsrevisjon på temaet i perioden 2016-2020.

Det er ein risiko for at ein ikkje har eit godt læringsmiljø og psykososialt skulemiljø på alle skulane i Stord kommune og for at elevane får ei opplæring og eit skulemiljø av ulik kvalitet. Vidare er det ein risiko for variasjon i tilbodet, avhengig av kva skule elevane går på.

4.1.5 Busetting av flyktningar

Stord kommune busette 60 flyktningar i 2016. I 2017 busette kommunen 33 flyktningar, 15 i 2018 og 14 i 2019. Kommunen er pålagt å sikre at flyktningane har ein bustad, har eit introduksjonsprogram som mellom anna inneberer norskopplæring, får tilbod om helse- og omsorgstenester og at born og unge får eit fullverdig skule- og barnehagetilbod. Introduksjonsprogrammet er eit samarbeid mellom vaksenopplæringa og NAV. Det har tidlegare vore utfordringar knytt til busetnadsstrukturen i kommunen.

For å sikre ei god integrering av flyktningar og bidra til at flest mogleg blir raskt sjølvhjelpne, er det viktig med ei god organisering av støtteapparatet, irekna samarbeid med andre organisasjonar/næringslivet sentralt. Kommunen har etablert mål for busetting og integrering av flyktningar.

Mangelfullt tilbod og integrering kan utgjere ein risiko for at kommunen på sikt blir påført meirkostnadar, til dømes ved at flyktningane ikkje lærer seg språket og då heller ikkje kjem ut i arbeid.

I Stord kommune har det tidlegare ikkje vore tilsyn eller forvaltningsrevisjonar innanfor området busetting av flyktningar.

4.1.6 Beredskap; hendingar og katastrofar

I arbeidsmøte vart det diskutert korvidt kommunen har etablert ein tilstrekkelig beredskap for hendingar og katastrofar. Kommunen er utsett for fleire eksterne, store risikoar. I arbeidsmøte vart det nemnt både skogbrann, Bømlafjordtunnelen, trafikk og jord-/leirras. Ved gjennomføringa av risiko- og vesentlegvurderinga er Noreg ramma av ein pandemi som følgje av Covid-19 viruset, som påverkar kommunane i høgste grad.

Det er også kome innspel på at endringar i budsjettrammer også kan vere ein utfordring i høve beredskap, med at førebyggjande tiltak i kommunen blir redusert. Vidare at det kan vere utfordrande å sikre tilstrekkelig beredskap i høve responstid på grunn av krevjande budsjettrammer. Samstundes er det eit krav frå sentral mynde om auka kompetanse i høve at det kommunale brannvesenet også skal ivareta helse- og politioppdrag. Det er også risikoar knytt til kommunen sin digitale beredskap og at den ikkje er tilstrekkelig.

Tryggleik og beredskap, og beredskapsplikta til leiargruppa låg inne som eit uprioritert prosjekt i plan for forvaltningsrevisjon for 2016-2020. Det er ikkje gjennomført noko prosjekt på dette i perioden.

Konsekvensen av ei katastrofe kan vere særst alvorleg, og vi har derfor vurdert denne risikoen som høg.

4.1.7 Samarbeid i NAV

Det er mange kommunar som har utfordringar med samhandlinga mellom stat og kommune i høve oppgåvene som ligg til NAV. I arbeidsmøte kom det fram at administrasjonen er nøgd med samarbeidet mellom kommunen og NAV stat. Samstundes vurderer dei at det kunne vore hensiktsmessig å gjere ei evaluering av korleis dette samarbeidet fungerer.

Mangelfullt samarbeid mellom kommunen og NAV stat, kan utgjere ein risiko for tenestetilbodet til brukarane. Ettersom vi ikkje er blitt kjent med at det er spesielle utfordringar knytt til samarbeidet i dag, er denne risikoen vurdert som låg.

4.2 Regulatoriske risikoar

4.2.1 Barnevern

Stord kommune har organisert barnevernstenesta i den felles interkommunale barnevernstenesta Sunnhordland Interkommunale Barnevern (SIB). Det vart gjennomført ein forvaltningsrevisjon av barnevernet i kommunen i 2016.

Forvaltningsrevisjonen synte mellom anna at barnevernet ikkje hadde etablert tilstrekkeleg internkontroll og at ikkje alle fristar i regelverket knytt til meldingar og undersøkingar hadde blitt overhalde. Vidare vart det ikkje alltid gjennomført tilstrekkeleg med evalueringar av hjelpetiltaka som vart sett i verk. Det vart ikkje gjennomført tilstrekkeleg med oppfølgingsbesøk og tilsyn i fosterheimar, medan dokumentasjon av barnevernfaglege vurderingar ikkje var tilfredsstillande i alle saker. Undersøkinga viste også at Stord kommune ikkje hadde hatt ei realistisk budsjettering av barnevernstenesta som speglar aktivitetsnivået.

Stord kommune har ved dei seinare åra fått fleire stevningar knytt til tapt barndom.

Konsekvensen av ei utilstrekkelig barnevernteneste er alvorleg, samstundes har det vorte gjennomført tiltak som følgjer av forvaltningsrevisjonen i 2016. Denne risikoen er derfor vurdert som middels.

4.2.2 Oppfølging av arbeidsmiljøloven

Frå arbeidsmøte vart det uttrykt at kommunen hadde utfordringar knytt til oppfølging av arbeidsmiljøloven. Det vart sett spørsmål ved kommunen sitt systematiske arbeid med helse, miljø og tryggleik (HMS). Det er vedtatt eit HMS-system i kommunen, men det er usikkerheit knytt til korleis dette vert følgt opp. Kommunen har hatt fleire avvik knytt til HMS.

I arbeidsmøte var spesielt oppfølging av HMS i utbyggingsprosjekt nemnd som ein aktuell risiko. HMS-agenda og risikovurderingar i utbyggingsprosjekt vert gjennomført av ekstern prosjektleiar. Det er her ein risiko for at kommunen ikkje har etablert eit tilstrekkelig system for oppfølging av HMS i utbyggingsprosjekt. Kommunen har tidlegare fått avvik ved tilsyn frå arbeidstilsynet.

Det vart også satt spørsmål ved om førebygging og oppfølging av sjukefråværet vart gjort i tilstrekkelig grad. Irekna i kva grad leiarar følgjer opp tilsette som er delvis i jobb/mykje vekke og at dialogen om sjukefråvær kan vere manglande til tider.

Utilstrekkelig oppfølging av arbeidsmiljøloven utgjere ein risiko både for dei tilsette i kommunen, men også tilsette i kommunen sine leverandørar. Samstundes vil det utgjere ein omdømerisiko for kommunen. Denne risikoen er vurdert som høg.

4.2.3 Personvern og informasjonssikkerheit

Digitaliseringa gjer at kommunane i større grad må ha kompetanse og innsikt til å forvalte personvern og informasjonstryggleik. Dette gjeld også på leiarnivå.

I kommunal verksemd har personvern ein høg, ibuande risiko, då kommunen handterer ei rekke sensitive personopplysningar om innbyggjarar og tilsette. Dette stiller krav til at kommunen har eit system som tek i vare personvernreglementet, som dei tilsette er kjend med og som dei etterlev. Kommunen må vidare ha kompetanse til å implementere løysingar som tek i vare informasjonssikkerheita. Regelverket stiller strenge krav til kommunane i høve personvern og informasjonssikkerheit. Samstundes har ein i seinare tid sett eksempel på saker i media som viser at enkelte kommunar ikkje er gode nok til å handtere sensitive opplysningar.

Informasjonssikkerheit var eit uprioritert prosjekt i førre plan for forvaltningsrevisjon. Det vart ikkje gjennomført forvaltningsrevisjon på temaet i perioden.

Denne risikoen er i høve sannsyn og konsekvens vurdert til å vere høg. Konsekvensen av mangelfull handsaming av personvern og informasjonssikkerheit er alvorleg.

4.3 Strategiske risikoar

4.3.1 Handtering av endra rammevilkår

Kommunen opplever stadig endringar i rammevilkåra, irekna oppgåvefordelinga mellom stat, fylkeskommune og kommune. Kommunen opplever i aukande grad å få overført oppgåver frå staten. Dette påverkar mellom anna kostnadsbiletet til kommunen og set også nye krav til kompetase.

I arbeidsmøte vart det spesielt peikt på endringar knytt til barn og unge med vanskar innanfor helse, rus, og barnevern – kor oppgåver vert overført frå spesialisthelsetenesta til kommunen. Det har dei seinare åra også vore ei oppgåveforskyving ved at pasientar som er innlagt i spesialisthelsetenesta vert skriven ut frå sjukehus tidlegare enn før. Dette set krav til meir kompetanse i kommunen, og dei tilsette må handtere meir avanserte prosedyrar.

Av kommunen vert forholdet mellom kommunen og spesialisthelsetenesta opplevd som uavklart i enkelte saker. Det vart gjennomført ein forvaltningsrevisjon i Stord i 2018 som synte at innan psykiatrien blei ikkje alltid samarbeidsavtalane mellom kommunen og helseføretaket om inn- og utskriving praktisert.

Dette påverkar fleire deler av kommunen sitt tenestetilbod og kommunen opplever det som utfordrande i høve å ha tilstrekkeleg resursar og kompetanse til å ivareta innbyggjarane som tidligare fekk ein større del av tenestene frå spesialisthelsetenesta. Kommunen skal også gje desse innbyggjarane eit tilstrekkelig tilbod innanfor skule og barnehage. Dette kan igjen skape utfordringar knytt til å sikre at tilsette og born sine rettar til å ha eit trygt skulemiljø blir ivaretekne. Kommunen opplever samstundes å ha avgrensa med resursar og at nye brukarbehov i stor grad skal løysast innanfor gjeldande ramme.

Det er ein risiko for at kommunen ikkje har tilstrekkelige resursar og kompetanse til å ivareta desse oppgåvene. Denne risikoen er vurdert som høg.

4.3.2 Manglande kompetanse

Tenestebehov og ivaretaking av behovet endrar krav til både kompetanse og samansettinga av denne. I arbeidsmøta vart det tydeleg at Stord kommune, i likskap med andre kommunar, opplever fleire utfordringar knytt til kompetanse og rekruttering, både på noverande tidspunkt, og framover.

Dette gjeld både å sikre rett kompetanse, men og i høve å ha tilstrekkelig med kapasitet / kompetente medarbeidarar til å sikre at kommunen kan levere sine tenester.

Som skildra under 4.3.1 opplever kommunen spesielt aukande krav til kompetanse som følgje av at ein får overført fleire oppgåver frå spesialisthelsetenesta. Samstundes har denne sektoren døgnkontinuerlig drift, som fører til at ein gjerne har deltidsstillingar for å få drifta til å gå opp. I høve kompetanse og rekruttering ser også kommunen det som ei potensiell utfordring at det innanfor enkelte fagområde er relativt små fagmiljø og at det kan vere krevjande å få rekruttert til desse fagmiljøa. Dette gjer også at desse miljø er særleg sårbare frå fråvær og turnover. Det vert også satt spørsmål ved kommunen sitt omdømme som arbeidsgjevar.

I arbeidsmøte vert det nemnt at kommunen har fjerna rekrutteringstiltak, som følgje av innsparingar. Samstundes slit kommunen med rekruttering, særleg i helse og omsorg – kor ein har utfordringar både i høve sjukepleiarar, helsefagarbeidarar og legar. Ein potensiell konsekvens er at ein ikkje får tak i relevant arbeidskraft og at ein må leige inn kompetanse.

Endringar i samfunnet fører også til at ein må ha ei meir endringsdyktig arbeidsstyrke enn tidlegare. Dette betyr at kommunen i større grad må verte betre på å skulere og omskulere sine tilsette. Samstundes må kommunen gjennomføre innsparingstiltak, og har i stor grad redusert budsjetta til kompetansetiltak.

Manglande kompetanse vil kunne føre til at kommunen ikkje får ytt tenestar til sine innbyggjarar i tilstrekkeleg grad. I høve denne risikoen er både sannsyn og konsekvens vurdert til å vere høg.

4.3.3 Miljø

I samfunnet er det eit auka fokus på miljø og berekraftige verksemder. Stord kommune har per i dag ikkje ein oppdatert miljøplan, men skal lage ein ny i samband med ny kommuneplan. Det skal settast nye miljømål for kommunen. Manglande fokus på klima- og miljøutfordringar vil kunne utgjere ein omdømerisiko for kommunen.

Kommunen vurderer at miljø er eit relevant tema, men at det vil vere meir relevant å gå inn på dette temaet i slutten av perioden, når den nye miljøplanen er vedteken.

4.4 Forvaltningsrevisjon i selskap

I dette kapitelet presenterer vi dei selskapa som er vurdert som særleg interessante i høve forvaltningsrevisjon. Vurderinga er også her basert på risiko og vesentlegheit.

4.4.1 Sunnhordland interkommunale legevakt IKS

Sunnhordland interkommunale legevakt tek i vare ein viktig del av kommunen sine oppgåver ved at selskapet skal sikra innbyggjarane fagleg forsvarleg akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus ved behov for snøggjelp. Det er viktig at samspelet mellom dei kommunale tenestene og legevakta fungerer godt. Stord kommune har investert mykje i høve legevaktsordninga.

I arbeidsmøte gjekk det fram at representantar frå administrasjonen vurderte dette selskapet som relevant for forvaltningsrevisjon, då selskapet forvaltar ein viktig del av kommunen sine oppgåver. Det er ein risiko for at kommunen har mindre kontroll på oppgåver som er sett ut i eigne selskap.

4.4.2 Sunnhordland interkommunale miljøverk IKS

Sunnhordland interkommunale miljøverk utfører ein viktig samfunnsfunksjon på vegne av kommunen. Det vil vere ein risiko for at kommunen har mindre kontroll på oppgåver som er sett ut i eigne selskap

versus som er i kommunal drift. Samstundes har selskapet noko verksemd innanfor næring, og det vil vere ein ibuande risiko for ulovleg kryss-subsidierig mellom den lovpålagte delen og næringsdelen av verksemda.

4.4.3 Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS

Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS spelar ei viktig rolle for å fremje Sunnhordland sine interesser og kommunane sine rammevilkår. Selskapet tek i vare ein viktig del av kommunen sitt utvikling- og næringsarbeid. Selskapskontroll av Sunnhordland IKS var eit prioritert prosjekt i førre plan for selskapskontroll, men det er hittil ikkje gjennomført.

5. Risiko- og vesentlegvurdering

- av kommunen sitt eigarskap

I dette kapitelet presenterer vi identifiserte område og selskap som er vurdert som særleg relevante for eigarskapskontroll. Dette er primært område/selskap kor det er identifisert risiko for mangelfull eigarstyring frå kommunen, eller kor eigarskapet i seg sjølv kan utgjere ein risiko.

Kommunestyret skal handsama eigarskapsmeldinga frå Stord kommune årleg, den siste eigarskapsmeldinga vart vedteken i 2019. Kommunen si eigarskapsmelding presenterer aktuelle selskapsformer for kommunen, felles prinsipp og strategiar for ei god eigarstyring i dei ulike selskapsformene, samt reglar og prosedyrar for politisk og administrativ utøving av eigarstyringa. Vidare omtalar eigarskapsmeldinga selskapa som kommunen eig eller deltek i.

For alle selskap som Stord kommune er eigar i er den generelle eigarstrategien langsiktige målsetnader, samfunnsansvar og openheit.

5.1 Generell eigarstyring

Selskapskontrollen som vart gjennomført av Podlen Verkstad AS i 2019 synte nokon svakheiter ved kommunen si eigarstyring. Irekna at kommunen ikkje gjennomfører formelle eigarmøter, utover generalforsamlinga. Vidare vurderte revisjonen at kommunen ikkje hadde ein systematisk opplæring av styrerepresentantar. Det at kommunen sin praksis ikkje samstemmer med etablerte tilrådingar, gjer at det kan vere ein risiko for at kommunen si eigarstyring ikkje er tilstrekkelig for å sikre god kontroll med oppgåver som er sett ut i egne selskap.

Kommunen si generelle eigarstyring var eit prioritert prosjekt i førre plan for selskapskontroll. Det vart ikkje gjennomført prosjekt på dette i førre periode.

5.2 Selskap identifisert for selskapskontroll

5.2.1 Sunnhordland Lufthavn AS

Føremålet med Stord kommune sitt eigarskap er å gje publikum sikre, miljøvennlege og gode reisetilbod. Vidare går det fram at selskapet skal utføre sine oppgåver på ein god og kostnadseffektiv måte og ikkje vera avhengig av ytterlegare økonomisk bistand frå eigarane sine. Vidare skal selskapet gje eigarane god verdiutvikling over tid.

Den økonomiske utviklinga i selskapet er ikkje i samsvar med kommunen sitt føremål med eigarskapet. Rekneskapet til Sunnhordland Lufthavn viser negative resultat dei to siste åra. Selskapet vart løyva eit større lån frå eigarane i 2020. Eigarskapet kan innebere ein økonomisk risiko for kommunen. Samstundes må eigarskapet sjåast i samheng med dei samfunnsmessige fordelane ved å ha ein flyplass på Stord, irekna næringslivet på Stord og i Sunnhordland.

5.2.2 Stord kommunale utviklingsselskap AS

Dette selskapet er nyopprett i 2020. Det kan vere hensiktsmessig å vurdere om kommunen har fått på plass ynskja styringsstruktur av selskapet når det har vore i drift ei tid. Vidare kan det vere relevant å vurdere eigarskapsstrukturen i selskapet.

5.2.3 Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS

Det går fram at kommunen ikkje har faste rutinar for å handsame saker angående selskapet. Manglande formalitetar i høve oppfølging av saker frå selskapet, kan utgjere ein risiko for at sakene frå selskapet ikkje vert handsama på ein hensiktsmessig måte. Dette var eit prioritert prosjekt i førre plan for selskapskontroll, men er hittil ikkje gjennomført.

5.2.4 Sunnhordland interkommunale legevakt IKS

Selskapet er organisert som eit interkommunalt selskap. Andre interkommunale samarbeid om legevaktstenester har gjerne andre samarbeidsformer. I ein eigarskapskontroll kan ein sjå nærmare på val av selskapsform og organisering.

Vedlegg 1 Framgangsmåte og involvering

Teoretisk fundament

Det går fram av kommuneloven § 23-3 og § 23-4 at plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll skal bygge på ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd, verksemda i kommunen sine selskap og kommunen sitt eigarskap.

I arbeidet med risiko- og vesentlegvurderinga har KPMG vektlagt risiko for avvik med vesentlege sider ved verksemda og tenestene til Stord kommune, og kor alvorlege konsekvensar desse avvika kan få. Omgrepa er av KPMG definert slik:

Risiko – handlar om å identifisere kor sannsynleg det er for at den kommunale verksemda ikkje vert utøvd på den måten den skal bli utøvd. Med andre ord risiko for mangelfull verksemd og tenestetilbod. Måten verksemda skal utførast på, er mellom anna styrt av:

- ✓ Lovverk og andre reguleringar
- ✓ Formål, vedtak og målsettingar
- ✓ Planverk og strategiar
- ✓ Organisering
- ✓ Budsjett

Vesentlegheit – handlar om å identifisere dei viktige/sentrale områda for kommunen og er særleg knytt til vurderinga av betydinga for kommunen av konsekvensane dersom ein gitt risiko inntreff. Viktige kriterie for vesentlegheit er mellom anna:

- ✓ Liv og helse
- ✓ Sikring av verdiar
- ✓ Brukarperspektivet – rettigheter og oppfylling og kvalitet
- ✓ Kostnadseffektivitet
- ✓ Folkestyret
- ✓ Område med politisk aktualitet
- ✓ Kommunen sin eigardel i selskap
- ✓ Formål med selskapa kommunen har eigarskap i
- ✓ Om selskapa kommunen har eigarskap i primært er retta inn mot å løyse oppgåver i kommunen/kommunale oppgåver

Risiko- og vesentlegvurderinga er fundamentet for dei områda kontrollutvalet og kommunestyret skal prioritere for forvaltningsrevisjon. Derfor har det vore særst viktig å identifisere område som har ein ibuande høg risiko, vesentleg grad av uønskte konsekvensar dersom risiko inntreff, og som det potensielt vil vere nyttig å gjennomføre revisjon på, sett frå ein politisk ståstad, frå administrasjonen sin ståstad og ut i frå eit brukarperspektiv. Dette inneber at vi i arbeidet har tatt høgde for område kor revisjon kan ha verdi for kommunen i eit forbetnings- og læringsaugemed og kor revisjon kan ha førebyggjande karakter. Det vil sei at eit revisjonsprosjekt ikkje berre ser tilbake på kva som har


skjedd, men at ein kan gå inn på pågåande prosjekt og prosessar kor revisjonen kan vere grunnlag for korrigerande grep.

Skjematisk vil val av forvaltningsrevisjonar bli eit resultat av vurderingar knytt til vesentlegheit og risiko som truar verksemda og tenestetilbodet - vurderingar som "silar" ut prosjekt i fire overordna steg. Dette kan illustrerast slik⁷:



Figur 1: Val av prosjekt for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Analysen av identifiserte område og risiko er kategorisert i følgjande matrise:



Figur 2: Val av prosjekt for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Prosess

Vi har gjennomført ein prosess som har inkludert samspel med ulike deler av kommunen; administrasjon, hovudverneombod og politikarar frå høvesvis kontrollutval og kommunestyre. I tillegg har vi sendt ut ein kort spørjeundersøking til seksjonsleiarane i kommunen.

Arbeidet har vore delt i tre hovudbolkar:

1. Kartlegge og forstå kommunen
2. Arbeidsmøte med kommunen for å etablere og verifisere mulege område for forvaltningsrevisjon
3. Dokumentere analysen

Følgjande teknikkar har vore brukt for å samle inn data:

⁷ Dei to siste områda blir teken i vare av kontrollutvalet og kommunestyret.

✓ Dokumentanalyse

KPMG har innhenta og gjennomgått dokumentasjon frå kommunen, blant anna årsmelding, kommuneplan, økonomiplan og årsbudsjett, samt tidligare revisjonar og tilsyn og KOSTRA-statistikk.

✓ Arbeidsmøte for å identifisere vesentlege risikoar

KPMG har fasilitert arbeidsmøte for å identifisere vesentlege risikoar. Eit arbeidsmøte vart gjennomført med kontrollutvalet, politiske utvalseleiarar og ordførar, vidare har vi hatt eit arbeidsmøte med rådmannsgruppa og hovudverneombod.

✓ Spørjeundersøking

Einingsleiarane i kommunen har blitt invitert til å gjennomføre ei kort spørjeundersøking.

✓ Arbeidsmøte for å vurdere dei identifiserte risikoane og prioritere prosjekt til plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll



Kontakt oss

Willy Hauge

Partner

T +47 40 63 96 63

E willy.hauge@kpmg.no

Bjørge Rabbe Sandven

Manager

T +47 99 39 65 83

E bjorge.sandven@kpmg.no

kpmg.no

© 2020 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and a member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative ("KPMG International"), a Swiss entity. All rights reserved.

Plan for forvaltningsrevisjon

2020-2024
Stord kommune

Juni 2020

www.kpmg.no

Forord

Kontrollutvalet i Stord kommune gav i møtet 11.12.2019 KPMG oppdraget med å bidra i arbeidet med risiko- og vesentlegvurderinga og plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2020-2024. Planen for forvaltningsrevisjon er fundert i ein analyse av risiko- og vesentlegheit på tilhøva i kommunen. Det blir her lagt fram plan for forvaltningsrevisjon med risiko- og vesentlegvurderinga som vedlegg. Planen skal bli vedteken av kommunestyret.

Føremålet med planen er å peike ut område innanfor verksemda til Stord kommune som skal prioriterast for forvaltningsrevisjon.

Dette er ein plan for perioden 2020-2024.

I planen er det foreslått at kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å føreta endringar og omprioriteringar i planen. Slik tilgang til å delegere går fram av kommuneloven §23-3 om forvaltningsrevisjon¹.

¹ Lov av 22. juni 2018 om kommune og fylkeskommuner.

Innhold

1. Bakgrunn og formål	1
1.1 Bakgrunn	1
1.2 Føremål	1
1.3 Metode	1
2. Tema for forvaltningsrevisjon	2
2.1 Identifiserte risikoar og aktuelle tema for forvaltningsrevisjon	2
2.2 Prioritering av område for forvaltningsrevisjon	3
Vedlegg 1 Utgreiing om tema for forvaltningsrevisjon	4
Vedlegg 2 Om forvaltningsrevisjon	8

1. Bakgrunn og formål

1.1 Bakgrunn

Etter § 23.3 andre ledd i kommuneloven skal kontrollutvalet «... *minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.*»

Kontrollutvalet i Stord kommune gav i møtet 11.12.2019 KPMG oppdraget med å bidra i arbeidet med risiko- og vesentlegvurderinga og plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

1.2 Føremål

Føremålet med plan for forvaltningsrevisjon er å presentere område som kan være aktuelle for forvaltningsrevisjon i planperioden 2020-2024.

1.3 Metode

Som det går fram av kommuneloven § 23-3 skal plan for forvaltningsrevisjon vere basert på ei risiko- og vesentlegvurdering. Risiko- og vesentlegvurderinga for Stord kommune er vedlagt planen og utgjør grunnlaget for framlegg av denne planen. Skildringa av metode for gjennomføring av risiko- og vesentlegvurdering går fram av vedlegget.

2. Tema for forvaltningsrevisjon

I dette kapitelet presenterer vi identifiserte område/risikoar som er vurdert som særleg relevante for forvaltningsrevisjon, henta frå risiko- og vesentlegvurderinga som er gjennomført. Vi presenterer her kva tematikk som kan vere relevant i ein forvaltningsrevisjon. I høve selskapa som er identifisert for forvaltningsrevisjon, så kan det vere aktuelt å kombinere forvaltningsrevisjonen med ein eigarskapskontroll.

2.1 Identifiserte risikoar og aktuelle tema for forvaltningsrevisjon

I den følgjande tabellen oppsummerer vi dei identifiserte områda for forvaltningsrevisjon frå risiko- og vesentlegvurderinga. Sjå også vedlegg 1 for ei nærmare utgreiing av dei aktuelle områda/hendingane.

Område/hending	Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon
Førebyggjande arbeid for barn og unge	<ul style="list-style-type: none">• Samarbeid om førebyggjande arbeid for barn og unge på tvers av avdelingar.• I kva grad ein klarer å hente ut effekten av BTI modellen, og korleis den vert nytta på tvers av ulike avdelingar.
Beredskap; hendingar og katastrofar	<ul style="list-style-type: none">• Korleis beredskapen i kommunen er organisert, og vidare vurdere om denne er tilstrekkelig.• Korleis kommunen arbeider med IT sikkerheit og digital beredskap.• Evaluering av kommunen si handtering av pandemien i 2020.
Økonomisk berekraft	<ul style="list-style-type: none">• Korleis kommunen arbeider med at dei har endra økonomiske rammevilkår, irekna kva tiltak som er sett i verk og oppfølginga av desse.• Økonomistyringsrutinar - drift og investering.
Effektivitet og kvalitet innanfor helse- og omsorg	<ul style="list-style-type: none">• Korleis kommunen arbeider med å sikre tenester til innbyggjarane på rett nivå, irekna korleis kommunen sikrar kvalitet i tenestene, samstundes som ein gjennomfører effektivisering av tenesta.• Effekten av velferdsteknologi og førebyggjande arbeid.
Læring og psykososialt skulemiljø	<ul style="list-style-type: none">• System for å sikre eit godt psykososialt skulemiljø• Forskjellar mellom dei ulike skulane i kommunen i høve utfordringar knytt til fagmiljø, opplæring og skulemiljø.• Korleis samhandlinga mellom skulane og PPT fungerer.
Busetting av flyktingar	<ul style="list-style-type: none">• Vurdere i kva grad kommunen når etablerte mål for flyktingarbeidet.• Korleis samarbeidet mellom vaksenopplæringa og NAV fungerer.• Etterleving av krav i lovverket til kommunen sitt introduksjonsprogram for flyktingar
Samarbeid i NAV	<ul style="list-style-type: none">• I kva grad kommunen si forvaltning av tenesta er i samsvar med lovverket.• Korleis samarbeidet mellom NAV stat og kommunen fungerer.

Oppfølging av arbeidsmiljøloven	<ul style="list-style-type: none"> • Vurdere systematikken i kommunen sitt HMS arbeid. • HMS i kommunale utbyggingsprosjekt. • Kommunen si oppfølging av tilsette ved sjukefråvær.
Personvern og informasjonssikkerheit	<ul style="list-style-type: none"> • Korleis kommunen tek i vare personvernlovgivinga på overordna- og sektornivå. • Vurdere kommunen si implementering av personvernlovgivinga.
Barnevernet	<ul style="list-style-type: none"> • Etterleving av regelverket. • Vurdere oppfølginga av tiltaka som vart foreslått i forvaltningsrevisjonen i 2016.
Handtering av endra rammevilkår	<ul style="list-style-type: none"> • Vurdere korleis kommunen er i stand til å handtere endringar i rammevilkår.
Manglande kompetanse	<ul style="list-style-type: none"> • Korleis Stord kommune arbeider med å sikre riktig kompetanse, irekna rekruttering. • Korleis kommunen arbeider med å omstille arbeidskrafta dei har, i høve tiltak for kompetanseutvikling og heiltidsstillingar. • Vurdere kommunen sitt kompetansesystem
Mangelfull måloppnåing knytt til miljø	<ul style="list-style-type: none"> • Korleis kommunen set mål til miljø og klima, og korleis dei jobbar med å oppnå desse måla. • Kommunen sitt planverk og policyar for miljø.
Sunnhordland interkommunale legevakt IKS	<ul style="list-style-type: none"> • Vurdere korleis selskapet forvaltar tenestane dei skal gjennomføre på vegne av eigarkommunane. • Organiseringa av selskapet • Samspelet mellom legevakta og kommunen sine tenester.
Sunnhordland interkommunale miljøverk IKS	<ul style="list-style-type: none"> • Vurdere korleis selskapet etterlev krav i regelverket og frå eigarkommunane. • Korleis selskapet sikrar og unngår ulovleg kryss-subsidiering mellom den lovpålagte delen og næringsdelen av selskapet.
Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS	<ul style="list-style-type: none"> • Korleis selskapet forvaltar oppgåvene selskapet har fått tildelt frå eigarkommunane.

2.2 Prioritering av område for forvaltningsrevisjon

Med utgangspunkt i risiko- og vesentlegvurderinga prioriterer kommunestyret følgjande område for forvaltningsrevisjon i perioden 2020-2024, i prioritert rekkefølge:

1. Beredskap; hendingar og katastrofar
2. Førebyggjande arbeid for barn og unge
3. Effektivitet og kvalitet innanfor helse- og omsorg
4. Økonomisk berekraft
5. Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS
6. Læring og psykososialt skulemiljø
7. Manglande kompetanse

Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar i planen, i samsvar med kommuneloven § 23-3.

Vedlegg 1 Utgreiing om tema for forvaltningsrevisjon

Operativ risiko

Førebyggjande arbeid for barn og unge

Innanfor førebyggjande arbeid for barn og unge kan det vere relevant å gjere ein forvaltningsrevisjon som vurderer i kva grad det førebyggjande arbeid for barn og unge fungerer på tvers av avdelingar. Det kan også vere relevant å vurdere i kva grad kommunen klarer å hente ut effekten av Betre tverfagleg innsats modellen (BTI), og korleis den vert nytta på tvers av ulike avdelingar.

Beredskap; hendingar og katastrofar

Forvaltningsrevisjon innanfor området kan gå gjennom korleis beredskapen i kommunen er organisert, og vidare vurdere om denne er tilstrekkelig. I dagens digitale samfunn vil det også vere relevant å vurdere korleis kommunen arbeider med IT sikkerheit og digital beredskap. Til dømes kan velferdsteknologi vere eit interessant tema å gå inn på i høve IT sikkerheit.

Ved pågåande arbeid med risiko- og vesentlegvurderinga er heile Noreg ramma av ein pandemi. Det kan vere relevant å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon i perioden som evaluerer kommunen si handtering av pandemien i 2020.

Økonomisk berekraft

Tema for forvaltningsrevisjon innanfor området kan til dømes vurdere korleis kommunen som heilskap arbeidar med risikoen knytt til å ha ein berekraftig økonomi, irekna kva tiltak som er sett i verk og oppfølginga av desse. Det kan også vere relevant å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon som vurderer i kva grad kommunen har etablerte økonomistyringsrutinar som sikrar kommunen oppdatert informasjon om drifta. Dette vil mellom anna omfatte korleis kommunen sikrar seg at dei følgjer opp inntektene dei har krav på. Når ein ser på økonomistyring, vil det også kunne vere relevant og vurdere korleis økonomistyringa i investeringsprosjekt fungerer.

Effektivitet og kvalitet innanfor helse- og omsorg

Tema for forvaltningsrevisjon innanfor området kan vere å vurdere korleis kommunen arbeider med å sikre tenester til innbyggjarane på rett nivå, irekna korleis kommunen prioriterer ressursar innanfor helse- og omsorg. Det kan også vere relevant å vurdere korleis kommunen sikrar kvalitet i tenestene, samstundes som ein gjennomfører effektivisering av tenesta.

Kommunen ynskjer å satse på velferdsteknologi og førebyggjande arbeid for å redusere kostnadane til helse- og omsorgstenestane. Det kan vere relevant å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon som vurderer i kva grad effekten av velferdsteknologi og førebyggjande arbeid er i samsvar med intensjonen.

Læring og psykososialt skulemiljø

Forvaltningsrevisjon innanfor området vil kunne analysere om det er forskjellar mellom dei ulike skulane i kommunen i høve utfordringar knytt til fagmiljø, opplæring og skulemiljø. Til dømes kan det vere relevant å vurdere om ein har tilstrekkelig kompetanse ved skulane, innanfor dei ulike fagområda, irekna kompetanse knytt til spesialundervisning.

Ein forvaltningsrevisjon vil også kunne sjå på skulane sine system for å sikre eit godt psykososialt skulemiljø. Her kan ein mellom anna sjå på skulane sitt førebyggjande arbeid, og system for å fange opp elevar som ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

Det vil også kunne vere relevant å vurdere korleis samhandlinga mellom skulane og PPT fungerer.

Busetting av flyktingar

I ein forvaltningsrevisjon kan det vere relevant å vurdere i kva grad kommunen når etablerte mål for flyktingarbeidet. Vidare kan det vere relevant å vurdere korleis samarbeidet mellom vaksenopplæringa og NAV fungerer i praksis. Det kan også vere aktuelt å sjå på i kva grad kommunen etterlev lovkrava knytt til introduksjonsprogrammet for flyktingar.

Samarbeid i NAV

Ein forvaltningsrevisjon vil kunne vurdere i kva grad kommunen si forvaltning av tenesta er i samsvar med lovverket. Vidare vil det vere relevant å vurdere korleis samarbeidet mellom NAV stat og kommunen fungerer.

Regulatorisk risiko

Oppfølging av arbeidsmiljøloven

Ein forvaltningsrevisjon kan vurdere systematikken i kommunen sitt HMS arbeid. Det kan også vere aktuelt å vurdere korvidt kommunen følgjer opp sine tilsette ved sjukefråvær, irekna om leiarane i tenestane har tilstrekkelig kompetanse og kapasitet til å ivareta sjukemelde medarbeidarar. Ein forvaltningsrevisjon kan også sjå på korleis HMS blir ivaretatt i kommunale utbyggingsprosjekt.

Personvern og informasjonssikkerheit

Innanfor dette området vil det kunne vere interessant å gjennomføre forvaltningsrevisjon i høve korleis kommunen varetek informasjonssikkerheita og personvernlovgivinga. Her vil det kunne vere interessant å vurdere kva styringssystem som er etablert i kommunen. Vidare vil det vere hensiktsmessig å gå inn i enkelte sektorar for å vurdere korleis dette vert ivaretatt nedover i organisasjonen. Både helse- og omsorgssektoren og oppvekstsektoren handterer ei stor mengde personsensitive data. Til dømes tek kommunen i bruk nye digitale løysingar innanfor opplæring, og det kan vere relevant å vurdere prosessane knytt til implementering av nye løysingar – og då spesielt i høve om det vert gjennomført lovlegheits- og risikovurderingar. Vidare kan det vere relevant å vurdere om ein har tilstrekkelig kapasitet og kompetanse i dei delane av organisasjonen som skal forvalte løysingane.

Barnevernet

Ein forvaltningsrevisjon av barnevernet kan vurdere om kommunen si teneste er i samsvar med regelverket. Det kan også vere relevant å vurdere oppfølginga av tiltaka som vart foreslått i forvaltningsrevisjonen i 2016.

Strategisk risiko

Handtering av endra rammevilkår

Her kan ein forvaltningsrevisjon vurdere korleis kommunen er i stand til å handtere endringar i rammevilkår. Irekna korleis kommunen tek i vare nye oppgåver, spesielt i høve kapasitet og kompetanse. Det kan også vere relevant å vurdere korleis samhandlinga med andre mynde, som stat og fylkeskommunen, fungerer når kommunane overtek nye oppgåver.

Manglande kompetanse

Ein forvaltningsrevisjon kan sjå på korleis Stord kommune arbeider med å sikre riktig kompetanse i organisasjonen. Irekna kva tiltak dei har verksett for å tiltrekke seg arbeidskraft, og korleis desse tiltaka vert følgt opp. Ein forvaltningsrevisjon vil også kunne evaluere korleis kommunen arbeider med å omstille den arbeidskrafta dei har, i høve tiltak for kompetanseutvikling og tiltak knytt til heiltidsstillingar. Ein forvaltningsrevisjon kan også sjå på kommunen sitt kompetansesystem.

Mangelfull måloppnåing knytt til miljø

Eit aktuelt tema for forvaltningsrevisjon vil vere å gjennomgå korleis kommunen set mål knytt til miljø og klima. Vidare vil ein forvaltningsrevisjon kunne sjå på korleis dei jobbar med å oppnå desse måla. Forvaltningsrevisjon kan også gjennomgå og vurdere kommunen sine planar og policyar for miljø.

Forvaltningsrevisjon i selskap

I dette kapitlet presenterer vi dei selskapa som er vurdert som særleg interessante i høve forvaltningsrevisjon. Vurderinga er også her basert på risiko og vesentlegheit.

Sunnhordland interkommunale legevakt IKS

Det kan vere relevant å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon som vurderer korleis selskapet forvaltar tenestane dei skal gjennomføre på vegne av eigarkommunane. Irekna å samanlikna tenestetilbodet i kommunen, med andre kommunar sitt tenestetilbod.

Ein forvaltningsrevisjon kan også sjå på samspelet og samarbeidet mellom legevakta og kommunen sine tenester.

Sunnhordland interkommunale miljøverk IKS

I ein forvaltningsrevisjon av dette selskapet kan det vere relevant å vurdere korleis selskapet etterlev krav i regelverket og frå eigarkommunane. Det kan vidare vere relevant å sjå på korleis selskapet sikrar og unngår ulovleg kryss-subsidiering mellom den lovpålagte delen og næringsdelen av selskapet.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS

Det kan vere relevant å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon som vurderer korleis selskapet forvaltar oppgåvene selskapet har fått tildelt frå eigarkommunane.

Vedlegg 2

Om forvaltningsrevisjon

Føremål med forvaltningsrevisjon

Det går fram av kommuneloven § 23-2 at kontrollutvalet skal sjå til at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon av kommunen og fylkeskommunen si verksemd og av selskap som kommunen har eigarinteresser i.

Føremålet med forvaltningsrevisjon er å gjennomføre systematiske undersøkingar av den kommunale verksemda retta mot økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknadar ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnadar.

Forvaltningsrevisjonar skal gje kommunestyret relevant informasjon om verknadar av offentlege tiltak og skal bidra til å gje kommunestyret eit betre grunnlag for å treffe vedtak, eventuelt endre tidligare vedtak. Forvaltningsrevisjonar skal bidra til ei betre og meir effektiv forvaltning.

Gjennomføring av forvaltningsrevisjonar

Gjennomføring og rapportering av forvaltningsrevisjon skal skje i høve til god kommunal revisjonsskikk og etablerte og anerkjente standardar på området (NKRF sin RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon).

Forvaltningsrevisjonar kan til dømes omfatta undersøkingar om:

- a) forvaltninga bruker ressursar til å løyse oppgåver som samsvarer med kommunestyrets vedtak og føresetnadar,
- b) forvaltninga sin ressursbruk og verkemidlar er effektive i forhold til måla som er på området,
- c) regelverk vert etterlevd,
- d) forvaltninga sine styringsverktøy og verkemiddel er tenlege,
- e) avgjerdsgrunnlaget frå administrasjonen til dei politiske organ samsvarar med offentlege utgreiingskrav,
- f) resultatata i tenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyret sine føresetnadar og/eller om resultatata for verksemda er nådd.

Forvaltningsrevisjon kan vinklast ut frå ein eller fleire analysetypar. Val av problemstillingar og revisjonskriteria bør sjåast i samanheng med kva analysetypar som vert valt i forvaltningsrevisjonsprosjekt. Døme på ulike analysar er:

Analysetype	Skildring
Mål- og resultatanalyser	Med fokus m.a. på effektar og verknadar av verksemd sett i forhold til formål og målsettingar.
System- og prosessanalyser	Med fokus m.a. på internkontroll, sikkerheitsaspekt, prosessuelle rutinar og prosedyrar (throughput); om desse er tilfredsstillande sett i forhold til krav som gjeld.
Produktivitet og effektivitetsanalyser	Med fokus m.a. på forholdet mellom input og output; forholdet mellom innsatsfaktorar og resultat.
Compliance analyser	Analysar med spesielt fokus på samsvar mellom de facto utføring og pålagte krav/rammevilkår.
Induktive analyser	Analysar med spesielt fokus på opplevde eller potensielle problemområde.

Tabell 1: Eksempel på ulike analyser som kan nyttast i forvaltningsrevisjon.

Forvaltningsrevisjon er eit eigna verkemiddel for å undersøke alle sider ved kommunal verksemd.



Kontakt oss

Willy Hauge

Partner

T +47 40 63 96 63

E willy.hauge@kpmg.no

Björg Rabbe Sandven

Manager

T +47 99 39 65 83

E bjorg.sandven@kpmg.no

kpmg.no

© 2020 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and a member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative ("KPMG International"), a Swiss entity. All rights reserved.



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr: 2019/134-10

Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	25/20	08.09.2020

Plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024

Forslag til innstilling

1. Forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024 for Stord kommune vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen erstattar plan for selskapskontroll gjeldande perioden 2016 – 2020.
3. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2024.
4. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
5. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportera resultatet av eigarskapskontrollar til kommunestyret.

Samandrag

Føremålet med denne saka er å leggja fram sak om plan for eigarskapskontroll for Stord kommune for perioden 2020 – 2024. Planen skal vidare til kommunestyret til endeleg avgjerd.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Plan for eigarskapskontroll 2020 - 2024 for Stord kommune

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunelova § 23-4 Eigarskapskontroll lyder slik:

«Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerer til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

Dette inneber at kontrollutvalet innan utgangen av 2020 må syta for:

- å utarbeida ein plan for gjennomføring av eigarskapskontroll i perioden 2020 – 2024
- å gjennomføra ein risiko- og vesentlegvurdering (ROV) av kommunen sin eigarskap i selskap som planen skal baserast på
- at planen vert vedteken av kommunestyret, som kan delegera til kontrollutvalet å føreta endringar i planperioden.

Planverk på kontrollområdet for perioden 2016-2020 (kommunelova av 1992) opp mot Planverk på kontrollområdet for perioden 2020-2024 (kommunelova av 2018)

- Omgrepet selskapskontroll er teke ut av den nye kommunelova. Såleis vil det ikkje lenger vera noko som heiter plan for selskapskontroll, slik som i dag.
- Den delen som gjeld forvaltningsrevisjon i selskap skal vurderast i framtidig planverk for forvaltningsrevisjon i kommunen – altså forvaltningsrevisjon både innan kommunal forvaltning og forvaltningsrevisjon i selskap inn i same plan.
- Den delen som gjeld eigarskapsforvaltning skal inn i eige planverk for eigarskapskontroll.
- For ordens skuld kan og nemnast at omgrepet tilsyn er teke bort i ny omtale av kontrollutvalet sitt arbeid. «Kontroll og tilsyn» er erstatta av omgrep som «kontrollarbeidet». Omgrepet «tilsyn» vert heretter i hovudsak nytta om Fylkesmannen og andre statlege organ sine tilsynsfunksjonar.

Med bakgrunn i nytt lovverk, fatta kontrollutvalet slik vedtak 11.12.2019:

1. Kontrollutvalet ber KPMG gjennomføra risiko- og vesentlegvurderingar i Stord kommune, samt utarbeida forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024.
2. Forslag til prosjektplan av november 2019, med dei endringar som kom fram i møtet, ligg til grunn.
3. Det er ei målsetting at KPMG involverar kontrollutvalet i prosessen i dei neste kontrollutvalsmøta.
4. Det er vidare ei målsetting at forslag til plan for eigarskapskontroll for 2020 – 2024 skal leggst fram for kommunestyret 16.06.2020.

KPMG har i sitt arbeid med risiko- og vesentlegvurdering m.a. gjennomført ein prosess som har inkludert samspel med ulike deler av kommunen – administrasjon, hovudverneombod og politikarar. Det har vore spørjeundersøking til seksjonsleiarane i kommunen og arbeidsmøte med kommunen. Det er difor gjort eit godt grunnlagsarbeid for utarbeiding av risiko- og vesentlegvurdering som ligg til grunn for forslag til plan for eigarskapskontroll.

Det er gjennomført to prosessmøte med kontrollutvalet. I møtet 11.03.20 vart det sett fokus på risikoar innanfor kommunen si eigaroppfølging av selskapa der kommunen har eigarinteresser. I møtet 18.05.20 vart det gjort ei førebels prioritering av dei viktigaste område det kan vera aktuelt å gjennomføre eigarskapskontroll innan.

Analysegrunnlag for plan for eigarskapskontroll blei lagt fram i kontrollutvalet sitt møte 18.05.20. Utkast til risiko- og vesentlegvurdering er meint som underlagsmateriale i samband med utveljing av eigarskapskontrollprosjekt i Stord kommune, og skal i første rekke vera eit arbeidsdokument for kontrollutvalet. Dette dokumentet inneheld også analysegrunnlag som ligg til grunn for plan for forvaltningsrevisjon som skal handsamast i anna sak til dette møtet.

Analysegrunnlaget er sams for dei to planane, og er derfor berre lagt ved plan for forvaltningsrevisjon, ettersom den vert handsama i same møte. Utkast til plan for eigarskapskontroll ligg derimot naturleg ved i denne saka. Denne skal gjennomgåast av kontrollutvalet og tilrådde prosjekt skal endeleg prioriterast. Forslag til plan for eigarskapskontroll skal vidare til kommunestyret som fattar endeleg vedtak.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse for å dra i gang og gjennomføre planprosessen, m.a. gjennom vedtak i denne saka.

Når utkast til plan for eigarskapskontroll 2020 - 2024 ligg føre, etter gjennomført prosess, skal kontrollutvalet innstille til kommunestyret, som vedtar planen, jf. kommunelova § 23-4.

Vurderingar og verknader

Det går fram at denne planen gjeld i perioden 2020 – 2024. Planen skal utarbeidast innan året etter kommunestyrevalet. Neste kommunestyreval er i 2023, medan ferdigstilling av plan for eigarskapskontroll for neste periode truleg skjer i 2024, med nasjonal frist ved utgangen av 2024.

Kommunelova § 23-2 bokstav d) pålegg kontrollutvalet å sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser i selskap (eigarskapskontroll). Same lov § 23-4 første ledd definerer eigarskapskontroll som å kontrollere om den som utøver kommunen sine eigarinteresser, gjer dette i samsvar med lovar og forskrifter, kommunestyret sine vedtak og anerkjende prinsipp for eigarstyring.

I forslaget til plan har KPMG skrive kva eigarskapskontrollen kan innehalda dei neste fire åra. Prioriterte prosjekt finn ein i punkt 2.3 i planen, og denne prioriteringa vert det invitert til å slutta seg til.

Den førre planen for selskapskontroll i Stord kommune blei utarbeidd i 2016, og skulle gjelda for perioden 2016 - 2020. I denne planen vart det delegert til kontrollutvalet å gjera endringar i, definera og avgrensa prosjekt, slik kommunelova opnar for. Dette vert tilrådd vidareført av praktiske omsyn, bl.a. for å kunna ta omsyn til ny aktualitet, utan å gå vegen om ein ny planprosess. Vidare bør det bli gjennomført ei evaluering av planen omlag midt i planperioden for å få vurdert om det har skjedd endringar i risikobiletet som gjer at planen bør endrast.

Risiko- og vesentlegvurderinga har oversikt over dei selskap som Stord kommune har eigarskap i. Oversikta er basert på informasjon frå kommunen og relevante elektroniske kjelder. Eigarskapskontroll kan gjennomførast som egne prosjekt der tema er kommunen si eigarskapsforvaltning av eit eller fleire selskap, eller gjennomførast i samband med ein forvaltningsrevisjon av selskap (sjå plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024).

Konklusjon

Sekretariatet meiner at utkast til plan for eigarskapskontroll 2020 – 2024 som ligg føre, er eigna for at ein no kan invitere kontrollutvalet til å gjera endeleg prioritering av prosjekt i planen. Kontrollutvalet står fritt til å gjera endringar innafor forslag til plan, ein kan endra på rekkjefølgje når det gjeld prioriteringar, trekka frå eller leggja til prosjekt i planen. Etter at kontrollutvalet har gjort sine prioriteringar skal planen leggjast fram for kommunestyret for endeleg avgjerd.

Plan for eigarsskapskontroll

2020-2024
Stord kommune

Juni 2020

www.kpmg.no

Forord

Kontrollutvalet i Stord kommune gav i møtet 11.12.2019 KPMG oppdraget med å bidra i arbeidet med risiko- og vesentlegvurderinga og plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2020-2024. Planen for eigarskapskontroll er fundert i ein analyse av risiko- og vesentlegheit på tilhøva i kommunen. Det blir her lagt fram plan for eigarskapskontroll med risiko- og vesentlegvurderinga som vedlegg. Planen skal bli vedteken av kommunestyret.

Formålet med planen er å peike ut område innanfor verksemda til Stord kommune som skal prioriterast for forvaltningsrevisjon.

Dette er ein plan for perioden 2020-2024.

I planen er det foreslått at kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å føreta endringar og omprioriteringar i planen. Slik tilgang til å delegere går fram av kommuneloven §23-4 om forvaltningsrevisjon¹.

¹ Lov av 22. juni 2018 om kommuner og fylkeskommuner.

Innhold

1. Bakgrunn og formål	1
1.1 Bakgrunn	1
1.2 Føremål	1
1.3 Metode	1
2. Tema for eigarskapskontroll	2
2.1 Resultat av analyse og arbeidsmøte	2
2.2 Identifiserte selskap og aktuelle tema for eigarskapskontroll	2
2.3 Prioritering av område for eigarskapskontroll	2
Vedlegg 1 Utgreiing tema for eigarskapskontroll	3
Vedlegg 2 Om eigarskapskontroll	4

1. Bakgrunn og formål

1.1 Bakgrunn

Etter § 23-4 andre ledd i kommuneloven skal kontrollutvalet «... *minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.*»

Kontrollutvalet i Stord kommune gav i møtet 11.12.2019 KPMG oppdraget med å bidra i arbeidet med risiko- og vesentlegvurderinga og plan for forvaltningsrevisjon eigarskapskontroll.

1.2 Føremål

Føremålet med plan for eigarskapskontroll er å prioritere område som kan vere aktuelle for eigarskapskontroll i planperioden 2020-2024.

1.3 Metode

Som det går fram av kommuneloven § 23-4 skal plan for forvaltningsrevisjon vere basert på ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd. Risiko- og vesentlegvurderinga for Stord kommune er vedlagt planen og utgjer grunnlaget for framlegg av denne planen. Skildringa av metode for gjennomføring av risiko- og vesentlegvurderinga går fram av vedlegget.

2. Tema for eigarskapskontroll

2.1 Resultat av analyse og arbeidsmøte

Kontrollutvalet har prioritert selskap for eigarskapskontroll med grunnlag i ei risiko- og vesentleg vurdering, som ligg vedlagt. Prioriteringa er mellom anna gjort ut frå fire overordna omsyn:

- ✓ Identifisering av selskapsform (AS, IKS, mv.)
- ✓ Eigarskap; kommunen sin eigardel i selskap
- ✓ Føremål med selskapet
- ✓ Økonomi

2.2 Identifiserte selskap og aktuelle tema for eigarskapskontroll

Område/selskap	Aktuelle tema for eigarskapskontroll
Generell eigarstyring	<ul style="list-style-type: none">• Korleis kommunen gjennomfører eigarstyringa som heilskap.• Kva system for eigarstyring og praksis er etablert.
Sunnhordland Lufthavn AS	<ul style="list-style-type: none">• Korleis kommunen følgjer opp eigarskapet og den økonomiske målsettinga med eigarskapet.
Stord kommunale utviklingsselskap AS	<ul style="list-style-type: none">• Korleis kommunen følgjer opp selskapet.• Vurdere kommunen sin styringsstruktur av selskapet.
Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS	<ul style="list-style-type: none">• Korleis kommunen følgjer opp eigarskapet, irekna kommunen sine rutinar for å handsame saker angåande selskapet.
Sunnhordland interkommunale legevakt IKS	<ul style="list-style-type: none">• Korleis kommunen følgjer opp selskapet.• Val av selskapsform og organisering av selskapet.

2.3 Prioritering av område for eigarskapskontroll

Med utgangspunkt i risiko- og vesentlegvurderinga prioriterer kommunestyret følgjande område for eigarskapskontroll i perioden 2020-2024, i prioritert rekkefølge:

1. Generell eigarstyring
2. Sunnhordland interkommunale legevakt IKS
3. Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS

Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar i planen, i samsvar med kommuneloven § 23-4.

Vedlegg 1 Utgreiing av tema for eigarskapskontroll

Generell eigarstyring

Det kan vere relevant å gjennomføre ein eigarskapskontroll som vurderer korleis Stord som heilskap gjennomfører si eigarstyring. Her kan det vere hensiktsmessig å gjennomgå kva system kommunen har etablert for eigarstyring og korleis dette vert gjort i praksis. Vidare kan det vere relevant å sjå på kva andre prosessar kommunen har i høve regelverk og etablerte tilrådingar, som styreval, likestilling, etc.

Sunnhordland Lufthavn AS

Det kan vere relevant å gjennomføre ein eigarskapskontroll som vurderer korleis kommunen følgjer opp dette eigarskapet, og sikrar at kommunen oppnår avkastning i samsvar med målsetting.

Stord kommunale utviklingsselskap AS

Ein eigarskapskontroll kan gjennomførast for å vurdere korleis kommunen følgjer opp selskapet, irekna å vurdere korvidt kommunen har fått på plass ynskja styringsstruktur av selskapet. Dette prosjektet kan vere relevant å gjere noko uti perioden, når selskapet har vore i drift ei stund.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS

Ein eigarskapskontroll kan gjerast for å vurdere korleis kommunen følgjer opp eigarskapet, irekna kommunen sine rutinar for å handsame saker angående selskapet.

Sunnhordland interkommunale legevakt IKS

Det kan gjennomførast ein eigarskapskontroll som ser på val av selskapsform og organisering av selskapet.

Vedlegg 2

Om eigarskapskontroll

Føremål med eigarskapskontroll

Det går fram av kommuneloven § 23-2 at kontrollutvalet blant anna skal sjå til at det vert gjennomført eigarskapskontroll av kommunen sine eigarinteresser i selskap.

Føremålet med eigarskapskontroll er å kontrollere om den som utøver kommunen sine eigarinteresser, gjer dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyret sine vedtak og anerkjente prinsipp for eigarstyring. Eigarskapskontroll skal bidra til å ta i vare kommunen sin kontroll over verksemdar som er organisert i selskap.

I kommuneloven som tredde i kraft hausten 2019 er ikkje omgrepet «selskapskontroll» vidareført. Omgrepet «eigarskapskontroll» er derimot vidareført, med tydinga kontroll av forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser i selskap. Tidligere var «frivillig/utvida» forvaltningsrevisjon i selskap omfatta av same forskrift som eigarskapskontroll. I den nye kommuneloven skal derimot forvaltningsrevisjon i selskap inngå i plan for forvaltningsrevisjon.

Gjennomføring av eigarskapskontroll

Gjennomføring og rapportering av eigarskapskontroll skal skje i høve til god kommunal revisjonsskikk og etablerte og anerkjente standardar på området (NKRF sin rettleiar i selskapskontroll)².

I følgje kommuneloven § 23-6 kan kontrollutvalet krevje dei opplysningane som er nødvendige for å gjennomføre sin kontroll frå:

- a) interkommunale selskap etter IKS-loven
- b) interkommunale politiske råd
- c) kommunale oppgåvefelleskap
- d) aksjeselskap der kommunen åleine eller saman med andre kommunar, fylkeskommunar eller interkommunale selskap direkte eller indirekte eig alle aksjar.

Ved gjennomføring av eigarskapskontroll vil relevante lover og forskrifter, kommunestyret sine vedtak og anerkjente prinsipp for eigarstyring vere viktige revisjonskriterier.

² *Veileder i selskapskontroll – med vekt på eierskapskontroll*. Denne er frå hausten 2018, men vil bli oppdatert i samsvar med ny kommunelov.



Kontakt oss

Willy Hauge

Partner

T +47 40 63 96 63

E willy.hauge@kpmg.no

Bjørge Rabbe Sandven

Manager

T +47 99 39 65 83

E bjorge.sandven@kpmg.no

kpmg.no

© 2020 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and a member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative ("KPMG International"), a Swiss entity. All rights reserved.



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr: 2019/140-14

Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	26/20	08.09.2020

Stord kontrollutval sin budsjettsituasjon for 2020

Forslag til vedtak

Lagt fram utan forslag til vedtak.

Samandrag

Denne saka er sett opp for å få ein gjennomgang av uheldige sider i høve kontrollutvalet sin budsjettsituasjon for 2020.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Rekneskap og budsjettrapport per juli 2020

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Dette var først planlagt som ei sak om bestilling av ny forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll. Då rekneskapsstatus for kontrollutvalet pr. juli 2020 vart mottteken, inkl. tilleggsinformasjon, endra saka karakter. Fokus er no å få ein gjennomgang av uheldige sider i høve kontrollutvalet sin budsjettsituasjon for 2020.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet skal utarbeida budsjettforslag for kontrollarbeidet, medan det er kommunestyret som har vedtakskompetansen i saka, jf. forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 2.

Vurderingar og verknader

Kontrollutvalet vart merksam på uheldige sider ved budsjettsituasjonen for 2020 så tidleg som i desember 2019, men no 8 månader etter er det lite endring å spora.

Desember 2019

Følgjande vart protokollert i kontrollutvalet sitt møte 11.12.19 / sak PS 65/19 Eventuelt, underpunkt E.

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet fekk utdelt:

- Rekneskapsstatus for kontrollutvalet sitt budsjett i 2019
- Kontrollutvalet sitt budsjettforslag for 2020
- Kommunestyret sitt vedteke budsjett for kontrollarbeidet i 2020

Til vidare oppfølging vart dette drøfta:

- KPMG vert beden om å fakturera sine timar så langt, slik at det vert rekneskapsført i 2019.
- Då pågåande forvaltningsrevisjon strekker seg over to år, og det er ytre faktorar som påverkar kor stor del av kostnaden som kjem i 2019, ønskjer kontrollutvalet at evt. restsum for utvalsarbeidet i 2019 vert overført til 2020 i rekneskapsavslutninga for 2019.
- Utvalsleiar vert beden om å ta kontakt med ordførar om rett budsjettsum ift. Stord kommune sitt eige reglement.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

- Utvalsleiar vert beden om å ta kontakt med ordførar om rett budsjettsum ift. Stord kommune sitt eige reglement.
- Utvalet ber om at at evt. restsum for utvalsarbeidet i 2019 vert overført til 2020 i rekneskapsavslutninga for 2019.

Kontrollutvalsleiaren vart oppnmoda om å følgja opp dei to kulepunkta i epost frå sekretariatet av 18.12.19., og det er meldt at det har vore kontakt om saka opp mot ordførar / rådmann.

Mai 2020

På kontrollutvalet sitt møte 18.05.20 var rådmann og økonomisjef tilstades. Sekretariatet spurde då om restsum med forvaltningsrevisjon over to årstal vart overført frå 2019 til 2020 som del av årsavslutning for årsrekneskap 2019. Det var det ikkje. Men det skulle bli ordna i budsjettreguleringa i kommunestyret sitt junimøte, dersom sekretariatet sende ein epost neste dag om kva sum det kunne dreia seg om. Sekretariatet sende slik epost 19.05.20.

August /september 2020

Sekretariatet bad om å få rekneskapsstatus for utvalet sine konti, som informasjon til utvalsmøtet 08.09.20. Det følger vedlagt.

Økonomisjefen vart og spurt om korleis det gjekk med budsjettreguleringa i juni for kontrollutvalet sine konti. Til det siste vart svart at «Dette vart ikkje fanga opp i første budsjettrevisjon. Ein må ev kome attende til saka i møterunde no i haust/andre budsjettrevisjon.»

På oppfølgingsspørsmål om når sakshandsaminga vidare skal finna stad og når det kjem ny sak i kommunestyret, vart svara at «Dette kan tidlegast hansamast i kommunestyret 24.9, og me treng ikkje noko meir innspel frå dykk på dette.»

Kva er hovudutfordringane?

Utfordring 1 – periodisering på årstal.

Siste åra har det vore vanleg at forvaltningsrevisjonar vert starta på hausten og slutført på våren, medan løyvinga for heile prosjektet ligg på «fjoråret». Såleis er det ikkje midlar til å starta noko nytt prosjekt før/etter sommaren.

Utfordring 2 – politikargodtgjersle.

Viser til merknad i anna sak til dette møtet, om budsjett 2021:

Møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste for medlemene i kontrollutvalet er budsjettert i høve reglement. Det var dei og for 2020. Kommunestyret harmoniserte godtgjersle til politisk arbeid, slik at kontrollutvalsleiar og andre utvalsleiarar vart sidestilt. Samstundes strauk kommunestyret auken i godtgjersle som kommunestyrevedtaket innebar. Løyvinga må samsvara med gjeldande kommunestyrevedtak i 2021.

Utfordring 3 – FKT

Viser til merknad i anna sak til dette møtet, om budsjett 2021:

Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) er eit fagleg forum for kontrollutvala i Noreg og deira sekretariat. Stord kommune har vore medlem sidan 2009. Kontingenten, jmf. årsmøtevedtak er på kr. 9.000 for kommunar med Stord kommune sitt innbyggartal. Løyvinga har over mange år kun vore nok til å dekkja halve kontingenten, men ein er jo ikkje medlem i organisasjonar eller faglege forum berre kvart vårhalvår. Det hadde vore hyggeleg om løyvinga for 2021 vart reell ift. kva kontingenten faktisk er.

Registrerar elles at kontrollutvalet vart avspist med kr. 0 til møtemat, men tilliks med andre politiske organ vert det tilbydd møtemat dersom ein antar at møtet har ein viss varighet. Dette kan ein forsåvidt leva med, då budsjettet samla sett er eit rammebudsjett for utvalet.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at utvalet drøftar kva tilnærming ein ønskjer vidare, på ein skala frå nytt aktivt framstøt til resignasjon.

Konto	Konto(T)	Revidert årsbudsjett 2020	Rekneskap per juli	Revidert budsjett per juli	Avvik mot periodisert budsjett
10802	Utval/leiargodtgjersle	40 000	58 000	22 000	-36 000
10803	Møtegodtgjersle	18 000	1 000	10 000	9 000
10804	Tapt arbeidsforteneste	11 000	6 000	6 000	0
10990	Arbeidsgjevaravgift	10 000	8 000	5 000	-3 000
11008	Faglitteratur og abonnement	2 000	2 000	1 000	-1 000
11152	Servering møter/kurs	0	9 000	0	-9 000
11400	Annonse	6 000	0	3 000	3 000
11500	Kurs og etterutdanning	15 000	7 000	9 000	2 000
11600	Skyss/kostgodtgjersle	0	1 000	0	-1 000
11709	Andre reiseutgifter utlegg	22 000	11 000	13 000	2 000
11951	Kontingent	4 000	9 000	3 000	-6 000
12702	Konsulent-/ rådgiv.-tenester	652 000	502 000	502 000	0
13300	Kjøp teneste fylket	219 000	99 000	128 000	29 000
14290	Meirverdiavgift som gir rett til kompensasjon	2 000	137 000	1 000	-136 000
17290	Kompensasjon for mva	-2 000	-137 000	-1 000	136 000
1100	Revisjon og kontroll	999 000	713 000	702 000	-11 000



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr: 2019/140-13
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	27/20	08.09.2020

Budsjett 2021 for kontrollarbeidet i Stord kommune

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet vedtar forslag til budsjett for kontrollarbeidet i Stord kommune for 2021 inkludert endringar som blir gjort i møtet.
2. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2021.

Samandrag

Kontrollutvalet har ansvar for utarbeiding av forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Forslaget skal følgja innstillinga til årsbudsjett til kommunestyret, som gjer endeleg vedtak i budsjettsaka.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Budsjett 2021 (taldel) for kontrollarbeidet i Stord kommune

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Av forskrift for kontrollutvalg og revisjon kan ein i § 2 «*Kontrollutvalgets rolle i fastsettelsen av budsjett for kontrollarbeidet*» lesa:

«Kontrollutvalget skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Forslaget skal følge innstillingen til årsbudsjettet etter kommuneloven § 14-3 tredje ledd til kommunestyret eller fylkestinget.»

Kontrollutvalet sine oppgåver: (Kommunelova)

§ 23-2 Kontrollutvalgets ansvar og myndighet

Kontrollutvalget skal påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak
- c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i
- d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)
- e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp.

§ 23-3 Forvaltningsrevisjon

«Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.»

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

§ 23-4 Eierskapskontroll

«Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.»

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet skal utarbeida budsjettforslag for kontrollarbeidet, medan det er kommunestyret som har vedtakskompetansen i saka, jf. forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 2.

Vurderingar og verknader

Kontrollutvalet er gjeve ansvaret i høve kommunelova § 2 til å utarbeida budsjettforslag for kommunen sitt kontrollarbeid. Budsjettforslaget vert innstilt direkte til politisk organ då det er administrasjonen som i hovudsak vert gjenstand for kontroll og revisjon.

For revisjonstenestene er det teke utgangspunkt i inneverande budsjettår og avtale med ekstern revisor, og denne er konsumprisregulert i høve gjeldande avtale. Det er budsjettert med same sum for vårhalvåret og hausthalvåret, men kostnad for hausthalvåret er usikker ettersom gjeldande avtalen utgår 30.06.2021.

Vidare er det lagt til grunn at det vanlegvis er 5 møter i kontrollutvalet for året, med om lag like stor saksmengde som «eit vanleg år».

Møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste for medlemene i kontrollutvalet er budsjettert i høve reglement. Det var dei og for 2020. Kommunestyret harmoniserte godtgjersle til politisk arbeid, slik at kontrollutvalsleiar og andre utvalsleiarar vart sidestilt. Samstundes strauk kommunestyret auken i godtgjersle som kommunestyrevedtaket innebar. Løyvinga må samsvara med gjeldande kommunestyrevedtak i 2021.

Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) er eit fagleg forum for kontrollutvala i Noreg og deira sekretariat. Stord kommune har vore medlem sidan 2009. Kontingenten, jmf. årsmøtevedtak er på kr. 9.000 for kommunar med Stord kommune sitt innbyggartal. Løyvinga har over mange år kun vore nok til å dekkja halve kontingenten, men ein er jo ikkje medlem i organisasjonar eller faglege forum berre kvart vårhalvår. Det hadde vore hyggeleg om løyvinga for 2021 vart reell ift. kva kontingenten faktisk er.

Vedr. sekretariatskostnadene så er dei konsumprisregulert ift. avtale, samt at det er lagt inn forventning om nokre ekstra timar knytt til arbeid i høve ny revisjonsavtale, som må på plass med verknad frå 01.07.2021.

Forøvrig er det budsjettert med at medlemmar i kontrollutvalet kan delta på ein nasjonal fagleg kontrollkonferanse, samt servering på utvalsmøta.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet vedtek forslag til budsjett, inkludert dei endringar som evt. vert gjort i møtet.

Budsjettforslag for kontrollutvalet i Stord kommune for 2021

Konto	Tekst	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Merknad
10802	Utval / leiargodtgjersle	kr 36 679	kr 40 000	kr 98 800	Utvalseleiar 10% av løn stortingsrepr
10803	Møtegodtgjersle	kr 18 145	kr 18 000	kr 19 562	Timesats 0,02% av stortingsrepr.
10804	Tapt arbeidsforteneste	kr 10 801	kr 11 000	kr 11 000	
10803	Feriepenger tapt arbeidsforteneste	kr -	kr -	kr 1 320	
	Delsum	kr 65 625	kr 69 000	kr 130 682	
10990	Arbeidgiveravgift (AGA)	kr 9 253	kr 10 000	kr 18 426	
	Delsum	kr 74 878	kr 79 000	kr 149 108	
11400	Annonse	kr 5 400	kr 6 000	kr 6 000	
		kr -	kr -	kr -	
11008	Faglitteratur og abonnement	kr 2 160	kr 2 000	kr 2 400	
11151	Servering på møta	kr 5 000	kr -	kr 5 000	
		kr -	kr -	kr -	
11500	Kurs og etterutdanning	kr 16 201	kr 15 000	kr 25 000	
11500	Folkevaldopplæring for kontrollutvalet	kr -	kr -	kr -	Kvart 2. år: 2020 - 2022 osv.
11600	Skyss og kostgodtgjersle	kr -	kr -	kr -	
11709	Andre reiseutgifter utlegg	kr 21 601	kr 22 000	kr 24 000	
11951	Kontingentar	kr 4 212	kr 4 000	kr 9 000	Jmf. FKT årsmøtevedtak
13300	Kjøp av sekretariatstenester	kr 212 180	kr 219 000	kr 257 275	Avtale fom. 1/1-17 konsumprisjust.
		kr -	kr -	kr -	
12702	Konsulent/rådgj.ten. (Revisjon)	kr 772 120	kr 652 000	kr 660 999	Avtale fom. 1/7-17 kosumprisjust.
12702	Konsulent/rådgj.ten. (Revisjon)	kr -	kr -		Ekstra bevilgning for 2018
19400	Bruk ubunde disposisjonsfond				Unyttet løyving til bruk neste år
	Ekstra tiltaksmidlar	kr -	kr -	kr -	utgjær kr. 140.000 i tillegg i 2019
	Delsum	kr 1 038 874	kr 920 000	kr 989 674	
14290	Meirverdiavgift	kr 1 890	kr 2 000	kr 246 919	
17290	Moms-kompensasjon	kr -1 890	kr -2 000	kr -246 919	
		kr -	kr -	kr -	
16200	Avgiftsfrie salsinntekter	kr -	kr -	kr -	
	Total budsjetttramme	kr 1 113 752	kr 999 000	kr 1 138 783	



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr: 2019/130-7

Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	28/20	08.09.2020

Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Samandrag

Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske organ vert i all hovudsak sett på kontrollutvalet si saksliste til kvart møte. Møteprotokollane kan og lastast ned frå Stord kommune si heimeside, under «Politikk -> møteinnkallingar og møteprotokollar».

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet har gjort vedtak i sak PS 63/19 av 11.12.19., om at særskilt ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	Fredrik Litleskare
Formannskapet	Rigmor Svanberg
Utval for rehabilitering, helse og omsorg	Stian Djuvsland
Utval for oppvekst og kultur	Astrid-Cecilie F. Aleksandersen
Utval for plan og utvikling	Tore Jubskås

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om gjennomgang av møteprotokollar, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Protokollane gjev primært informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfta ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse. Dette er ein av fleire måtar å gjera seg kjent med det politiske arbeidet i kommunen, og kunna fanga opp saker som no eller på eit seinare tidspunkt kan vera eit aktuelt saksfelt for kontrollutvalet.

Til dette møtet vil det vere aktuelt med gjennomgang av desse møteinnkallingane / protokollane:

Politisk organ:	Møtedatoar i 2020
Kommunestyret	25.06
Formannskapet	03.06 03.07 (02.09) (07.09)
Utval for rehabilitering, helse og omsorg	27.05 26.08
Utval for oppvekst og kultur	18.06 25.08
Utval for plan og utvikling	28.05 24.06 27.08

(Dato/ar i parentes gjeld møter der protokoll ikkje låg føre ved innkalling til kontrollutvalsmøtet.)

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko særskilt under gjennomgangen, vert det tilrådd å ta møteprotokollane til orientering.



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr: 2020/89-3

Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	29/20	08.09.2020

Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Samandrag

Det vert lagt opp til å ha eventuelt på saklista for å ivareta det enkelte medlem i utvalet sin moglegheit til sjølv å ta opp saker eller gjera vedtak i saker som ikkje er på saklista.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vedtak i kontrollutvalget 11.03.2020 i PS 7/20 der utvalet vedtok å ha eventuelt som sak i kvart møte.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka, jf. kommunelova § 11-3 og § 23-2

Vurderingar og verknader

Dersom det vert teke opp saker som krev nærare undersøkingar, eller innhenting av fleire opplysningar, før ein kan konkludere med at det er ei sak for kontrollutvalet, bør utvalet be sekretariatet førebu sak om dette til neste møte.

På dette møtet vil det bli orientert om gjeldande kontraktstid / opsjonstid som kommunen / kontrollutvalet har med sekretariatet.

Det vil og bli orientert om henvending(ar) i møtet. Herunder vil det og bli vurdert å lukka møtet.

Konklusjon

Føremålet er å gje opning for å få nærare undersøkingar av saker som kontrollutvalet ønskjer å få utgreidd til neste møte, eventuelt til eit seinare møte i utvalet. Dessuten eventuelt å få orientering frå rådmannen eller andre i eit seinare møte.

Referatsaker

RS 10/20 KST 25.06.20 - PS 39_20 Budsjettrevisjon 1. tertial 2020 - saksprotokoll

Sak PS 39/2020 Budsjettrevisjon 1. tertial 2020

Vedtak

1. Kommunestyret vedtek budsjettrevisjon for 1. tertial 2020 med endringar i driftsbudsjettet og investeringsbudsjettet slik det går fram av saksutgreiinga.
2. Kommunestyret viser til saksutgreiinga og vedtek å halvera gebyr på papirfaktura frå 1. juli 2020.
3. Kommunestyret godkjenner å auka låneopptaket i Husbanken til vidareutlån med kr 15 000 000.
4. Kommunestyret vedtek fylgjande budsjettendring i Stord hamn sitt budsjett:
 - a. Overføring til investering kr 26 000.
 - b. Bruk av disposisjonsfond kr –26 000.
5. Kommunestyret innvilger kr 1,-PR innbygger i Stord kommune til kirkens SOS, sjølvmondsførebyggjande tilbod. Finansiering av tiltaket (ca 19 000,-) vil gå av formannskapetets disposisjonsfond (pålydende ca 145 000,-)
6. Kommunestyret ønskjer at Stord kommune tek kantslått i Landåsen. Vegane inne i Landåsen er mykje nytta til ulik fysisk aktivitet. Nå er det viktigare enn nokon gang med høve til å halde avstand mellom brukarane av turområdet i Landåsen, slik at meteren kan haldast for å unngå spreiring av covid-19. Kommunestyret ber om at trær og busk vert rydda langs vegane inne i Landåsen frå Valvatna til Heiane og vidare til Vadbakkjen.

Handsaming

Pkt 1-5 Samrøystes vedteke

Pkt 6 Vedteke med 19 mot 16 røyster (H, FrP, V, Raudt og SV)

* * *

Katrin Ankervold (UA) kom med framlegg til nr 5 og 6 slik det ligg føre i vedtaket.

* * *

Fredrik Litleskare (H) kom med følgjande framlegg:

Stord kommunestyre støtter Grappa Klær og Mat som leier gamle Samvirkelaget, med kr 40.000.- til dekning av årlig husleie og strøm utgifter.

Framlegget fall med 25 mot 10 røyster (SV, Raudt, H og Bente Bjelland UA)

Saksprotokoll Stord kommunestyre - 25.06.2020

Sak PS 40/2020 Årsrekneskap og årsmelding 2019 Stord kommune

Vedtak

1. Kommunestyret godkjenner rekneskapen slik den ligg føre med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 36 613 022.
2. Mindreforbruket vert sett av til disposisjonsfond.
3. Kommunestyret tek årsmeldinga for 2019 til orientering.

Handsaming

Samrøystes vedteke

Saksprotokoll Stord kommunestyre - 25.06.2020

Sak PS 41/2020 Årsrekneskap 2019 - Stord hamnestell

Vedtak

1. Kommunestyret godkjenner rekneskapen til Stord hamnestell for 2019 med eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr 390 452.
2. Rekneskapsmessig meirforbruk vert dekkja over disposisjonsfond.
3. Kommunestyret vedtek å overføra kr 11 911 715,59 i unytta løyvingar på investeringsbudsjettet til Stord hamnestell for 2019 til 2020 i samsvar med saksutgreiinga.
4. Budsjettendringa på kr 11 911 715,59 er finansiert slik:

Unytta låneopptak, overført frå 2019 kr 11 163 000

Unytta lånemiddel, overført frå 2019 kr 748 715,59

Handsaming

Samrøystes vedteke

HORDALAND FYLKESKOMMUNE
Agnes Mowinckels gate 5

5008 BERGEN

Vår dato: 29.06.2020
Vår ref: 2020/2040 - 18124/2020 / 033
Dykkar ref:

Kontrollutvalet - årsmelding 2019

Saksprotokoll i Kommunestyret - 25.06.2020

Vedtak

[Kommunestyret godkjenner årsmelding 2019 for kontrollutvalet i Stord kommune.](#)

Handsaming

Samrøystes vedteke

Med helsing

Marit Annie Åkra
møtesekretær

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Fra: [Forum for Kontroll og Tilsyn](#)
Til: [Forum for Kontroll og Tilsyn](#)
Emne: Svar fra departementet på spørsmål om evt. gjeninnføring av midlertidig forskrift om gjennomføring av fjernmøter i kommuner og fylkeskommuner for å begrense spredning av Covid-19
Dato: fredag 21. august 2020 16:29:08
Vedlegg: [image001.png](#)

Til FKTs sekretariatsmedlemmer v/daglig leder

På grunn av oppblomstringen av Covid-19 viruset, har FKT fått flere henvendelser fra medlemmer som ønsker svar på om departementet vil vurdere å gjeninnføre den midlertidige forskriften om fjernmøter.

Departementet svarer følgende i e-post til FKT i dag:

“Departementet har ikke pr. nå konkrete planer om å gjeninnføre den midlertidige forskriften. Det innebærer at det er kommuneloven § 11-7 som regulerer adgang til og gjennomføring av fjernmøter. Etter denne bestemmelsen er det kommunestyret selv som må beslutte at andre folkevalgte organer skal ha adgang til å holde møter som fjernmøte. Det betyr at et kontrollutvalg ikke kan avholde et møte som fjernmøte før kommunestyret eventuelt har vedtatt slik adgang.

Hvis det er enkelte medlemmer av kontrollutvalget som ikke kan delta i et fysisk møte fordi de tilhører risikogruppen, vil det være et gyldig forfall til møtet. Det må da innkalles et tilstrekkelig antall varamedlemmer. I den forbindelse vil vi minne om kravene til vedtaksførhet og avstemninger, som ikke krever mer enn at minst halvparten av medlemmene har avgitt stemme i den aktuelle saken, jf. kommuneloven § 11-9 første ledd.

Vi minner også om at kommunestyret i et fjernmøte kan vedta at kontrollutvalget skal kunne avholde fjernmøter.”

Vh Anne-Karin Femanger Pettersen

Generalsekretær



Postboks 41 Sentrum, 0101 Oslo | E-post: fkt@fkt.no | Tlf.: 41471166

www.fkt.no | [@FKT_no](https://twitter.com/@FKT_no) www.facebook.com/FKT.no/

FKT - En møteplass for kommunale og fylkeskommunale kontrollutvalg og deres sekretariat

Politiske saker

PS 30/20 Ekstern revisor ny konkurranse - Fullmakt til kontrollutvalet



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2014/302-36
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	30/20	08.09.2020

Ekstern revisor ny konkurranse - Fullmakt til kontrollutvalet

Forslag til innstilling

Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å gjennomføre ny konkurranse i høve val av revisor for Stord kommune. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom. 01.07.2021. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:

- Utarbeiding og godkjenning av tilbodsdokument
- Knytte til seg naudsynt hjelp.
- Vurdera mottekne tilbud og innstilla overfor kommunestyret på val av revisor.

Samandrag

Det er kommunestyret sjølv som vel revisor for kommunen. Vedtaket vert gjort etter innstilling frå kontrollutvalet, som gjennomfører prosessen fram til val av revisor.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Stord kommune nyttar konkurranseutsetting av revisjonstenestene. Noverande avtaleperiode for revisjonstenester for kommunen gjeld til og med revisjon av rekneskapen for 2020, det vil seie til og med 30.6.2021. Frå 1.7.2021 må revisor for ny avtaleperiode vere på plass. Det er dermed på tide med oppstart av prosess med ny konkurranse i høve kjøp av revisjonstenester. Det vert tilrådd at kommunestyret gjev kontrollutvalet nokre fullmakter gjeldande denne konkurransen.

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har vedtakskompetanse til å gjennomføre prosess med konkurranseutsetting av revisjonstenestene og lage innstilling til kommunestyret på val av revisor, medan det er kommunestyret sjølv som gjer vedtak, jf. kommunelova § 24-1.

Vurderingar og verknader

Noverande revisjonsordning – kontraktperiodar mv.

Kommunelova § 24-1 omhandlar val av revisor. Det står mellom anna dette:

«Kommunestyret og fylkestinget velger selv revisor. Vedtaket treffes etter innstilling fra kontrollutvalget.»

Når lova nyttar formuleringa «kommunestyret selv», inneber det at avgjerda ikkje kan delegerast.

Kontrollutvalet er av lovgjevar tildelt ein sentral plass i denne prosessen i og med at kommunestyret skal gjere vedtak etter innstilling frå utvalet. Det er sekretariatet til kontrollutvalet som førebur saka for kontrollutvalet jamfør forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 7:

«Sekretariatet skal forberede sakene for kontrollutvalget og påse at de sakene som behandles av kontrollutvalget, er forsvarlig utredet. Sekretariatet skal også påse at kontrollutvalgets vedtak blir iverksatt.»

Ny kontraktperiode skal starte frå 1.7.2021. For at ein skal rekke å kome gjennom alle stega i innkjøpsprosessen innan den tid må arbeidet starte opp relativt raskt, og det er heilt avgjerande for gjennomføringa at kontrollutvalet får tildelt fullmakter for å gjennomføre prosessen.

Sjølve revisjonsordninga.

Ordføraren har i epost av 17.08.20 informert om at:

«Samarbeidsrådet for Sunnhordland har sidan i fjor diskutert etablering av interkommunal revisjonsteneste i Sunnhordland. Det er ikkje konkludert i saka enno, og saka skal opp att i Samarbeidsrådet sitt første møte i haust, 4. september.»

Kor vidt sunnhordlandskommunane vil etablere interkommunal revisjonsteneste, er eit spørsmål som bør vera avklart før kommunestyret handsamar sak om konkurranseutsetjing av revisjonstenester for neste periode og ev. gjev kontrollutvalet fullmakt til gjennomføring av konkurransen.

Eg vil difor komma tilbake til dykk så snart som mogleg etter Samarbeidsrådet sitt møte 4. september.»

Møte i Samarbeidsrådet kjem etter at innkalling til kontrollutvalet er sendt ut. Saka til kontrollutvalet er derfor førebudd slik den først var tenkt, men sjølvsagt med tilleggsopplysning om kva ordføraren har

meddelt. Kontrollutvalsleiar og sekretariat har bede om å bli orientert, slik at opplysningar kan leggest fram til/i kontrollutvalet sitt møte 08.09.20.

Konklusjon

Det vert tilrådd å gje fullmakt til kontrollutvalet til å gjennomføre prosessen med konkurranseutsetting av revisjonstenestene for Stord kommune, men at det er kommunestyret som til slutt gjer vedtak om val av revisor.